



# **Kommuneplan Bokn Samfunns- og arealdel 2012 – 2024**

**Vedtatt av kommunestyret 17.12.2013**



Foto: Vestfoto

## Innholdsfortegnelse

<b>1 FORMELLE RAMMER OG FØRINGAR .....</b>	<b>4</b>
1.1 Kva er ein kommuneplan .....	4
1.2 Føremål og lovgrunnlag §11 - 1 i Plan og bygningslova .....	4
1.3 Planstrategi .....	4
1.4 Kort om gjeldande kommuneplan .....	5
1.5 Oppbygging og avgrensing av planarbeidet .....	5
1.6 Prosess og medverknad .....	5
1.7 Organisering av planarbeidet .....	5
1.8 Arealplanar-gjeldande planar og planar som skal endrast .....	5
1.9 Nasjonale, regionale og kommunale føringar for planarbeidet .....	6
1.9.1 Lover og forskrifter .....	6
1.9.2 Stortingsmeldingar .....	6
1.9.3 Rikspolitiske retningslinjer (RPR) .....	6
1.9.4 Fylkesplanar som har betydning for planarbeidet .....	6
1.10 Sektorvise planar i bokn med BETYDING for kommuneplanen .....	7
<b>2 PLANGRUNNLAGET .....</b>	<b>8</b>
2.1 Folketalsutvikling og samansetting. Flytting .....	8
2.2 Sysselsetting .....	12
2.3 Bustadbygging .....	14
<b>3. FOKUSOMRÅDER I PLANEN .....</b>	<b>16</b>
3.1 Sentrumsutvikling .....	16
3.2 Næringsliv og viktige satsingsområder .....	18
3.2.1 Sjøretta verksemdar og tenester .....	20
3.2.2 Industri .....	20
3.2.3 Akvakultur .....	21
3.2.4 Landbruk .....	22
3.2.5 Stadsuavhengige arbeidsplasser .....	24
3.2.6 Næringsarealer ved sjø .....	25
3.2.7 Breiband og mobildekning .....	26
3.2.8 Nyskaping .....	26
3.2.9 Landbruksnæringa spesielt .....	27
3.3 Folkehelse .....	32
3.4 Universell utforming og tilgjenge .....	40
3.5 Bruk og vern av strandsonen .....	41
3.5.1 Status .....	42
3.5.2 Statlege planretningsline for strandsona .....	43
3.5.3 Funksjonell strandsona .....	44
3.5.4 Byggegrense .....	45
<b>4. ANDRE VIKTIGE TEMA I PLANEN .....</b>	<b>46</b>
4.1 Samferdsel .....	46
4.2 Beredskap og samfunnsikkerheit .....	48
4.2.1 Fellesmål for robuste lokalsamfunn .....	48
4.2.2 Kommunen som tenesteytar .....	48
4.2.3 Kommunen som arealforvaltar og pådrivar .....	48
4.3 Samfunnsikkerheit .....	49
4.3.1 Risikokategorier .....	49
4.3.2 ROS-analyse for Bokn .....	49
4.3.3 Overordna og generell ROS-analyse .....	51
4.3.4 Beredskap .....	56

4.4 Barn og unge. Kulturtiltak .....	58
4.4.1 Skule og barnehage.....	58
4.5 Helse, sosial og barnevern.....	67
4.5.1 Utfordringar.....	68
4.5.2 Målsetjingar.....	70
4.6 Kulturminner og kulturlandskap.....	78
4.6.1 Delmål for kulturminner og kulturlandskap.....	79
4.7 Klima og miljøutfordringar .....	80
4.7.1 Fylkesdelplan for klima .....	81
4.7.2 Klimautfordringar for Bokn.....	81
4.7.3 Status for klimautslipp .....	83
4.7.4 Kommunale verkemidler og mulegheiter for påverknad. ....	84
4.7.5 Delmål klima og energi.....	85
4.8 Naturvern, miljø, estetikk og trivsel .....	86
4.8.1 Naturmangfald.....	86
4.8.2 Estetikk.....	87
4.8.3 Trivsel.....	88
4.9 Økonomi .....	90
<b>5. AREALDEL.....</b>	<b>90</b>
5.1 Status .....	91
5.2 Utfordringar.....	91
5.2.1 Delmål.....	93
5.3 Bustadar .....	96
5.4 Fritidsbusetnad.....	98
5.5 Næringsverksemd.....	99
5.6 Sentrumsføremål.....	99
5.7 Forretningar.....	99
5.8 Offentleg eller privat tenesteyting .....	99
5.9 Fritids-og turistføremål.....	100
5.10 Råstoffutvinning .....	100
5.11 Idrettsanlegg .....	100
5.12 Andre typer nærare angitt bebygging og anlegg.....	101
5.13 Grav og urnelund.....	101
5.14 Samferdsel og teknisk infrastruktur .....	101
5.15 Hamn .....	102
5.16 Grønnstruktur.....	102
5.17 LNFR-areal for nødvendig tiltak for landbruk og gardstilknytta næringsverksemd basert på garden sitt ressursgrunnlag.....	103
5.18 Ferdsel .....	103
5.19 Farleder.....	103
5.20 Småbåthamn .....	103
5.21 Fiske .....	104
5.22 Akvakultur .....	104
5.23 Drikkevatt .....	105
5.24 Innspel, prosess og arealplankart.....	105
5.24.1 Handsaming av innspel.....	105
5.24.2 PlanGIS.....	106
5.24.3 Konsekvensutgreiing.....	107
5.24.4 ROS-analyse .....	108
5.24.5 Plankart.....	111
<b>6 FØRESEGNAR OG RETNINGSLINJER .....</b>	<b>113</b>

## 1 FORMELLE RAMMER OG FØRINGAR

### 1.1 KVA ER EIN KOMMUNEPLAN

Kommunane er etter Plan- og bygningslovens § 20-1 pliktige til å utarbeide ein kommuneplan.

Kommuneplanen inneheld ein samfunnsdel (tekstdelen) og ein arealdel (plankart med bestemmelser og retningslinjer). Kommuneplanen sin arealdel skal vera ein overordna plan som viser kva areala i kommunen kan nyttast til.

### 1.2 FØREMÅL OG LOVGRUNNLAG §11 - 1 I PLAN OG BYGNINGSLOVA

Målet med kommuneplanen er å gi klare og eintydige forutsetningar for kommunen si utvikling når det gjeld arealbruk og forvaltning.

I Formannskapsmøte 18.09.2012, PS 044/12, er det gjort følgjande vedtak:

*Det overordna målet må likevel vera å sikra befolkninga i Bokn kommune optimale livsvilkår i vidaste forstand. Ein avgjerande føresetnad for at dette skal vera mogleg og at planen skal kunna fylgjast opp, er at Bokn kommunen blir oppretthalden som eigen kommune.*

Planen skal ivareta nasjonale, regionale og kommunale mål, interesser og oppgåver.

Kommuneplanen sin samfunnsdel skal leggjast til grunn for kommunen si eiga verksemd.

Handlingsdelen i planen skal leggjast til grunn for prioritering av ressursar, planoppgåver og konkretisera tiltak innafor økonomiske rammer.

Kommuneplan med retningslinjer eller rammer for framtidig utbygging som kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn, skal gi ei særskilt vurdering og beskriving -konsekvensutgreiing - av planen sine verknader.

Arealdelen har rettsverknad i den forstand at den enkelte grunneigar ikkje kan ta i bruk og/eller bygga på eller dela sin eigedom på annan måte enn den som er fastsett i planen.

### 1.3 PLANSTRATEGI

Etter §10-1 i Plan og bygningsloven skal kommunen utarbeida ein kommunal planstrategi som skal vera vedtatt seinast 1 år etter at nytt kommunestyre har tiltrådt. I planstrategien skal ein ta stilling til om gjeldande kommuneplan eller deler av denne skal reviderast eller vidareførast utan endringar. Kommunestyret kan i tillegg ta stilling til om det er behov for å setta i gong arbeidet med nye arealplanar i valperioden.

Sidan revisjon av kommuneplanen nå pågår i same periode som planstrategidokumentet skulle vore drøfta, vert det lagt opp til at revisjon og strategi behandlast som ein prosess. Planstrategidokumentet vil utgjera eit samandrag av kommuneplanen sine hovudutfordringar.

#### 1.4 KORT OM GJELDANDE KOMMUNEPLAN


Gjeldande kommuneplan blei vedtatt i 2005. Planen inneheld eit juridisk bindande arealplankart med bestemmelsar som viser byggeområder som skal byggast ut i 12-års perioden planen gjeld for. Dagens kommuneplan er samansett av langsiktige målsettingar og ei ønska utvikling, men har ein mangelfull samfunnsdel. I planen er barn og unge sine interesser høgt prioritert.

Berre ein liten del av avsette arealer i plankartet er tatt i bruk.

#### 1.5 OPPBYGGING OG AVGRENSING AV PLANARBEIDET

Ved denne revideringa skal både samfunnsdel og areal reviderast. Kommunestyret har vedtatt planprogram for revideringa. I programmet er det gjort rede for prosess, struktur, satsingsområder m.m. Oppstart av planarbeidet skjedde ved at planprogrammet blei behandla politisk og lagt ut til offentlig ettersyn og høyring. Programmet ligg til grunn for revisjonen.

#### 1.6 PROSESS OG MEDVERKNAD



Planprogrammet blei utarbeidd i nært samarbeid med politikarar i formannskap og kommunestyre. Planprogrammet blei lagt ut på høyring og sendt alle berørte partar. Grunneigarar har fått høve til å koma med innspel om nye arealdisponeringar. I løpet av planprosessen har kommunen hatt mykje fokus på arbeidet med strandsoneproblematikken.

Det er halde mange møter med fylkesmannen, fylkeskommunen og politikarar for å koma fram til ein metode for differensiert planlegging i strandsona. Kommunen har også trekt inn fagpersoner frå eit pilotprosjekt om strandsoneforvaltning i Hordaland. Grunneigarar har elles medverka i ulike samanhengar.

#### 1.7 ORGANISERING AV PLANARBEIDET

Formannskapet har det overordna ansvar for planprosessen. På administrativt nivå fungerer rådmannen si leiargruppe som en styringsgruppe. Det praktiske arbeidet er leia av kommuneplanleggaren

#### 1.8 AREALPLANAR-GJELDANDE PLANAR OG PLANAR SOM SKAL ENDRAST

Gjeldande reguleringsplanar skal framleis gjelda, men kommunen har mange eldre planar som ikkje er tilpassa ny planlov og med bestemmelser som var tilpassa ein politikk som gjaldt for 20-25 år sidan. Mange planar bør derfor takast opp til revisjon.

## 1.9 NASJONALE, REGIONALE OG KOMMUNALE FØRINGAR FOR PLANARBEIDET

### 1.9.1 Lover og forskrifter

- Lov om planlegging og byggesaksbehandling. (plan- og bygningsloven)
- Lov om forbud mot diskriminering på grunn av nedsatt funksjonsevne (diskriminerings- og tilgjengelighetsloven)
- Lov om rett til innsyn i dokument i offentleg verksemd (offentleglova) (i kraft 01.01.09)
- Lov om offentlege styresmaktens ansvar for kulturvirksomhet (kulturlova)
- Naturmangfoldsloven
- Havne- og farvannslov
- Jordloven

### 1.9.2 Stortingsmeldingar

- Stortingsmelding nr 29 (1996-97) om regional planlegging og arealpolitikk
- Stortingsmelding nr 31 (1996-97) om distrikts- og regionalpolitikken
- Stortingsmelding nr 58 (1996-97) om miljøvernpolitikk for ei bærekraftig utvikling
- Stortingsmelding nr 29 (1998-99) Om energipolitikken
- Stortingsmelding nr. 21 (2004-2005)
- Stortingsmelding nr 48 (1994-95) Havbruk -en drivkraft i norsk kystnæring
- Stortingsmelding nr 19 (1999-2000) Om norsk landbruk
- St.meld. nr. 16 (2008-2009) *Nasjonal transportplan*
- St.meld. nr. 34 (2006-2007) *Norsk klimapolitikk*
- Retningslinje T-1442 Støy i arealplanlegging (26.01.2005)
- Rundskriv T-5/99 B om Tilgjengelegheit for alle (29.12.99)
- Statlig planretningslinje for klima- og energiplanlegging i kommunene (04.09.09)

### 1.9.3 Rikspolitiske retningslinjer (RPR)

RPR er ein måte å formidle den nasjonale politikken på i forhold til kommune- og fylkesplanlegginga. RPR formidlar den nasjonale politikken som premisser for planlegginga i kommunar og fylkeskommunar. Det er følgjande relevante rikspolitiske retningslinjer som legg premisser for kommuneplanen sin arealdel:

- RPR for å ivareta barn og unge sine interesser i planlegginga T-2/08
- RPR for samordna areal- og transportplanlegging T-5/93

### 1.9.4 Fylkesplanar som har betydning for planarbeidet

- Fylkesplan for Rogaland 2006-2009.
- Handlingsplan for folkehelse 2006-2010.
- Fylkesdelplan for areal og transport på Haugalandet.
- Fylkesdelplan for kystsonen i Rogaland.
- Fylkesdelplan for friluftsliv, idrett, naturvern og kulturvern (FINK).
- Fylkesdelplan for vindkraft i Rogaland.
- Fylkesdelplan for universell utforming.
- Fylkesdelplan for samferdsel 2008-2019.
- Fylkesdelplan for E39 Kyststamvegen – Boknafjordkryssingen.
- Fylkesdelplan for energi og klima (utkast).

## 1.10 SEKTORVISE PLANAR I BOKN MED BETYDING FOR KOMMUNEPLANEN

- Gjeldande kommuneplan med arealdel.
- Landbruksplan.
- Vassdragsplan. (miljøplan)
- Helseplan (under utarbeiding).
- Kystsoneplan.
- Registreringar av naturtyper, kulturminner (SEFRAK) og barnetråkk.
- Registrering av biologisk mangfald

”Kjekt på Bokn” prosjektet er eit tiltak som pågår uavhengig av kommuneplanen. Prosjektet har særleg fokus på barn og unge sine interesser. Det vert elles lagt følgjande premisser til grunn for å ivareta barn og unge sine interesser i arealplansaker.

### Samfunnstryggleik og beredskap i planlegginga

Beredskapsmessige omsyn i planlegginga er eit tema som skal vurderast ved arealplanlegginga. Det er ei kommunal oppgåve å sjå til at det ikkje blir gitt løyve til frådelling eller bygging på areal som er trua av ras, flom og utgliding.

Ved utlegging av nye byggeområder skal det vurderast i kva grad desse ligg i utsette områder. Det er for alle tiltak/innspele gjennomført ei ROS vurdering over kjente forhold på eige skjema. Det er i utgangspunktet ikkje lagt ut nye byggeområder i områder kor det er ras eller flomfare. Førre-var prinsippet er lagt til grunn.

### Konsekvensutgreiingar

Kommuneplanen er omfatta av reglene om konsekvensutgreiingar, jf. NY-PBL § 4-2; «...kommuneplaner med retningslinjer eller rammer for framtidig utbygging og... som kan få vesentlege verkingar for miljø og samfunn, skal planbeskrivelsen gi en særskilt vurdering og beskrivelse - konsekvensutredning - av planens verkingar for miljø og samfunn».

For kvart av områda i arealplanen kor det vert foreslått vesentleg endring i arealbruken, skal det gjennomførast ei konsekvensutgreiing. Konsekvensutgreiinga skal gjerast med utgangspunkt i ei vurdering av konfliktane tilknytt endring av arealbruken. Vurderinga av konsekvensar skal baserast på kjende registreringar, fagleg skjønn, befaringar i dei ulike områda og andre kjende opplysningar.

Det er for alle tiltak/innspele vore gjennomført ei KU vurdering over kjende forhold og tema på eige skjema. Konsekvensutgreiinga ligg som vedlegg til planen.

## 2 PLANGRUNNLAGET

Dei viktigaste dimensjoneringskriteriane for planlegging og tenesteproduksjon vil vera:

- Folketalsutvikling og alderssamansetting
- Sysselsetting
- Bustadbygging
- Økonomiske forutsetningar.


### 2.1 Folketalsutvikling og aldersamansetting. Flytting

Tabell frå statistikkbanken. Tabell o8825. Alternativ høg nasjonal vekst prognose

*FOLKETALLSFRAMSKRIVNING 2012-2022*

	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022
0-5ÅR	62	66	68	64	64	63	64	64	64	65	65
6-12ÅR	89	87	93	99	101	93	91	95	93	96	94
13-15ÅR	35	39	41	41	38	47	51	47	44	39	44
16-19ÅR	49	51	50	53	58	57	57	55	59	63	63
20-44ÅR	248	251	258	257	263	261	260	265	265	271	269
45-66ÅR	221	219	219	227	235	243	243	251	256	265	274
67-79ÅR	89	93	99	100	101	103	115	111	112	110	114
80+	53	55	48	48	49	49	48	46	47	44	43
<b>sum</b>	<b>846</b>	<b>861</b>	<b>876</b>	<b>889</b>	<b>909</b>	<b>916</b>	<b>929</b>	<b>934</b>	<b>940</b>	<b>953</b>	<b>966</b>

Folketalsutvikling i Bokn 2006-t.o.m 2kv 2011. Kjelde:SSB



ÅR	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2KV 2011
	770	793	823	811	831	837	854

Tabellen viser at Bokn kommune har hatt ein positiv folketalsutvikling sidan 2006. Det er verd å merka seg at veksten 1 halvår 2011 var på 17 personar som tilsvarer ca. 2%.




Tabell. Prognose for folkemengda i Bokn. Høg nasjonal vekst. Kjelde SSB

År	2011	2012	2015	2020	2030
Folketal	837	846	889	937	1056

Samanliknar me denne tabellen med tala frå 2kv.2011 ser me at folkemengda alt er høgare enn prognosen for januar 2012.


Det er vanskeleg å spå korleis folkemengda i Bokn vil utvikla seg. Veksten har vore 86 personar siste 5,5år som tilsvarar eit snitt på ca.16 personar årleg. Kommunen meiner at tilsvarande vekst er sannsynleg dei neste 10 åra, og legg til grunn at folkemengda vil auka med ca. 200 personar fram til 2022. Ein har valt å leggja dette alternativet til grunn for bustadplanlegging mv.

Figur. Folkemengda etter alder 2005-2010. Kjelde SSB



Aldersgruppa 0-5 har vore tilnærma stabil med ein liten tilbakegang i 2010  
Aldersgruppa 6-15 år har ein stigande tendens frå 111 barn i 2005 til 128 i 2010  
Aldersgruppa 16-19 år har ein svakt stigande tendens  
Aldersgruppa 20-39 år har ein svakt nedover gåande kurve frå 2008 til 2010  
Aldersgruppa 40-54 år har den mest markerte stiging frå 139 personar i 2005 til 164 i 2010  
Aldersgruppa 55-66 år har ein jamt stigande tendens, mens gruppa 67-79år har vore stabil


Fødselsoverskot 2006-2010. Kjelde: SSB



ÅR	2006	2007	2008	2009	2010
FØDT	13	5	12	13	8
DØD	7	2	12	7	10


Tabellen viser netto fødselsoverskot pr. år på ca. 2,6 personar

*Flyttebevegelser. Innland og utland. Kjelde SSB*



Gjennomsnittleg nettoflytting i perioden 2006-2010 var 55 personar som tilsvarer 11 personar årleg. Av dette utgjorde nettoflytting frå utlandet i same periode 28 personar 5,6 personar årleg. Det betyr at innvandring har stått for ca. 50 % av folketilveksten i Bokn i denne perioden.

*Figur Innflytting til Bokn fordelt på aldersgrupper. Kjelde SSB*



Kommentar.

Innflytting i aldersgruppa 0-5 år er svakt stigande

Det er små endringar i perioden for aldersgruppa 6-12 år


Innflytting i aldersgruppa 13-19 år viser fallande tendens

Innflytting i gruppa 20-39 år har den mest markerte auken

Gruppa 40-66 år har hatt ein aukande tendens.

I gruppa 67+ er det små endringar.

*Figur Utflytting frå Bokn fordelt på alder. Kjelde SSB*



Kommentar:


Flytting i gruppa 0-5år har auka litt i perioden men er relativt stabil frå år til år.

I gruppa 6-12 år har det vore relativt få utflyttingar

Flytting i gruppa 13-19år har vore stabil dei siste tre åra. Innflyttinga er mindre enn utflytting.

Utflytting i gruppa 20-39år viser aukande tendens, men har heldt seg relativt stabil i perioden. Utflyttinga er større enn innflytting.


Figur. Aldersgruppa 20-39år i Bokn sin prosentvise del av befolkninga 2010. Kjelde SSB



Kommentar:

Figuren viser at det berre er kommunane Sauda og Kvitsøy som har lågare prosentvis del enn Bokn i denne aldersgruppa som er den viktigaste gruppa i forhold til fødselsoverskotet. Jfr. Rennesøy og Karmøy som begge er vekstkommuner.

Figur. Antall eldre over 80 år og % av befolkninga. Kjelde SSB



Kommentar:


Tal eldre over 80år er svakt stigande mens aldersgruppa 90+ er stabil på 6-8 personar. I prosent av befolkninga er gruppa 80+ stabil på rundt 5 %.

#### Samandrag:

- Kommunen har ei positiv folketalsutvikling med tendens til ein relativt sterk vekst. Det er sannsynleg at SSB sin prognose (høg nasjonal vekst) for folkemengda i Bokn er for låg.
- Innvandring står for ca. 50 % av veksten
- Aldersgruppa 20-39 bør styrkast.
- Barnehagegruppa 0-5 år er i vekst
- Aldersgruppa 80+ synest å halda seg stabil.
- Kommunen er sannsynlegvis i ein brytningsprosess som fjølge av T-forbindelse og Rogfast. Derfor er det knytta usikkerheit til folketalsutviklinga. Tilgangen på byggeklare bustadtomter vil først og fremst bli styrande for veksten.


## 2.2 SYSSELSETTING

For å få eit bilde av dagens næringsstruktur i Bokn er det utarbeidd statistikk som viser folketalsutviklinga, antal sysselsette med arbeidsstad i kommunen og antal verksemder. Frå 2000 til 2010 har befolkninga auka med 5,7 % frå 786 til 831 innbyggjarar. Antal sysselsette med arbeidsstad i Bokn ved utgangen av 2008 var 299. I perioden 2000-2008 er det lagt ned totalt 49 og kome til 20 nye arbeidsplasser i kommunen. Den største reduksjonen skuldast nedlegginga av Bokn Fiskemottak i 2004 med 19 arbeidsplasser. Av nye som er kome til er HighComp den største med 8 arbeidsplasser. Av 41 registrerte verksemder i Bokn i 2008 var 21 offentlege, 10 var registrert inn under primærnæringar mens resten fordelte seg blant anna mellom produksjon av gummi og plastprodukter, bygg og anlegg, detaljhandel, hotell og restaurant.



Den største arbeidsgjevaren i Bokn er som det framgår av figuren, det offentlege, mens Bokn Plast og HighComp er den største private med til saman 40 tilsette. Bokn bufellesskap som kjem inn under kategorien helse og sosialtenester, er og ei stor privat verksemd i kommunen og er registrert med ca. 35 årsverk. Bedrifter innan hav- og kystfiske er registrert med 17 tilsette. Fiske og fangst var i 2008 den tredje største næringa i Bokn med ein svak oppgang på 13 % i sysselsettinga frå 2000. Akvakulturnæringa er også

ei viktig næring for Bokn med 21 årsverk i Grieg Seafood. Jordbruksnæringa hadde i 2008 til tross for ein sterk nedgang på 55 % i antal sysselsette i perioden, omtrent same produktive arealet som i 2000.



Arbeidsløysa i Bokn har som vist i grafen over svingt i perioden 2000-2010 frå på topp i 2001 på 4,4 % til det lågaste som er målt i perioden på 1 % i oktober 2010. Storleiken på kommunen gjer at det skal små endringar til før det får store utslag på statistikken.

Utdanningsnivået i Bokn er ifølge Telemarksforskning det lågaste på Haugalandet med 13,2 % på universitets og høgskulenivå. Gjennomsnittet på Haugalandet er på 20,8 % med Haugesund på topp og omtrent som landsgjennomsnittet på 26,5 % i 2008.

Tabellen viser antal yrkesaktive i Bokn fordelt på næringer. Samla sysselsetting i Bokn pr. 4 kvartal (etter bustad). SSB Statistikkbanken tabell 07984

	2008	2009	2010
01-03 Jordbruk, skogbruk og fiske	57	61	62
05-09 Bergverksdrift og utvinning	29	30	37
10-33 Industri	49	40	36
35-39 Elektrisitet, vatn og renovasjon	2	1	1
41-43 Bygge- og anleggsverksemd	29	26	26
45-47 Varehandel, motorvognreparasjonar	39	41	35
49-53 Transport og lagring	56	50	52
55-56 Overnattings- og serveringsverksemd	13	16	17
58-63 Informasjon og kommunikasjon	5	5	4
64-66 Finansiering og forsikring	3	2	2
68-75 Teknisk tenesteyting, eigedomsdrift	5	9	10
77-82 Forretningsmessig tenesteyting	9	6	11
84 Off.adm., forsvar, sosialforsikring	19	19	17
85 Undervisning	26	29	33
86-88 Helse- og sosialtenester	66	68	67
90-99 Personleg tenesteyting	4	5	5
<b>Sum</b>	<b>411</b>	<b>408</b>	<b>415</b>

Samlet sysselsetting i Bokn pr. 4 kvartal (etter arbeidssted)

	2008	2009	2010
01-03 Jordbruk, skogbruk og fiske	52	58	54

05-09 Bergverksdrift og utvinning	0	0	0
10-33 Industri	42	40	29
35-39 Elektrisitet, vatn og renovasjon	0	0	0
41-43 Bygge- og anleggsverksemd	9	8	8
45-47 Varehandel, motorvognreparasjonar	14	13	13
49-53 Transport og lagring	33	27	28
55-56 Overnattings- og serveringsverksemd	11	7	0
58-63 Informasjon og kommunikasjon	0	0	0
64-66 Finansiering og forsikring	0	0	0
68-75 Teknisk tenesteyting, eigedomsdrift	3	3	5
77-82 Forretningsmessig tenesteyting	8	6	6
84 Off.adm., forsvar, sosialforsikring	15	15	16
85 Undervisning	30	37	41
86-88 Helse- og sosialtenester	75	77	83
90-99 Personleg tenesteyting	4	4	4
<b>Sum arbeidsplasser i Bokn</b>	<b>306</b>	<b>295</b>	<b>287</b>

Sysselsettinga er fordelt både etter arbeidsstadskommune og bustadkommune. Avvik mellom antal sysselsette etter arbeidsstad og etter bu stad angir tal for netto pendling. Netto pendlingstal for kommune A uttrykker differansen mellom antal sysselsette busett i kommune A med arbeidsstad i andre kommunar og sysselsette med arbeidsstad i kommune A med bu stad i ein annan kommune. Ein kommune vil ha positivt forteikn på talet for netto pendling dersom det er fleire sysselsette med arbeidsstad i kommunen enn det er sysselsette busette der. Tala for nettopendlinga gir ikkje uttrykk for kor mange som pendlar inn og ut av kommunen samla sett, og gir heller ikkje opplysningar om kva kommunar pendlarane kjem frå eller reiser til. Tala for nettopendlinga kan skjula store forskjellar i bruttotala.

Kommentar til sysselsettingstabellane:

I perioden 2008-2010 blei det 19 færre arbeidsplasser i Bokn (6 %) og reduksjonen skjedde primært innan industri, transport og lagring. I same periode auka antal arbeidsplasser med 19 % innafor undervisning og helse- og sosialtenester. I 2010 hadde kommunen ingen arbeidsplasser innafor næringane Elektrisitet, vatn og renovasjon-Overnattings og serviceverksemd-Informasjon og kommunikasjon-Finansiering og forsikring. Forskjellen mellom sysselsette som var busette i Bokn og personar sysselsette i kommunen var 128 som er tal for netto utpendling. Einaste innpendling til Bokn skjedde innafor undervisning og helse.

### 2.3 BUSTADBYGGING

Dei siste 20 åra har det gjennomsnittleg vore bygd i overkant av 5 bustadar pr. år i Bokn, med ein variasjon mellom 0 og 13 bustadar.

Pr 2008 eksisterte det ca. 370 bustadhus i Bokn, noko som gir eit gjennomsnitt på ca. 2,2 innbyggjarar pr. hushaldning. Det reelle talet er antakeleg noko høgare, ettersom ein del bustadar i kommunen i realiteten fungerer som fritidsbustadar. Samanliknar ein innbyggjartal dei siste 10 åra med bustadbygginga i same periode, ser ein at det parallelt med kvar ny bustad som er bygd, har vore ein auke i antal innbyggjarar på ca. 1,3. Over dei siste 25 år, har dette talet vore så lågt som 0,6. Når antalet innbyggjarar pr. ny bustad til dels er betydeleg lågare enn den gjennomsnittlege hushaldninga på 2,2, kan dette skuldast fleire forhold:

- Det er generell tendens i samfunnet med fleire og mindre hushaldningar fordi unge tidlegere etablerer eiga hushaldning, fleire skiller seg, og antalet barn går ned.
- Ein del bustadar som blir bygde, blir i realiteten bygde for å vera fritidsbustadar, utan at eigarane melder flytting. Tilsvarende blir ein del eldre bustadar brukt vidare som fritidsbustadar, etter at eigarane har falle frå eller flytta.


For komande planperiode legg ein til grunn at det vil koma mellom 1 og 1,3 nye innbyggjarar pr. ny bustad som blir bygd. Basert på forventa befolkningsutvikling fram mot 2022, blir det derfor antatt å kunna bli behov for mellom 100 og 125 bustadar i perioden. Dette vil i så fall gi ei bustadbygging på ca. 10 einingar i året, noko som er betydeleg høgare enn det som har vore nivået dei seinare åra.



*Bustadbygging i Førsvik*

*Foto: Hans Faye*

Generelt har det i Bokn hovudsakleg vore bygd einebustader. Av 127 bustadar bygd dei siste 25 år, har 90 vore einebustadar (av desse 16 med hybelleilegheit eller liknande). 12 einingar har vore i tomannsbustadar, seks i rekkehus, 10 i omsorgsbustad, tre våningshus, og seks ”andre bustadhus”. Kommunen meiner det framleis primært er behov for einebustadutbygging, men med innslag av einingar som er tilpassa unge førstegongsetablerarar og eldre.



*Figur. Årleg bustadbygging i Bokn dei siste 20 år.*

### 3. FOKUSOMRÅDER I PLANEN

#### 3.1-SENTRUMSUTVIKLING

I Planprogrammet ble avsnittet om sentrumsutvikling omtalt slik:

*Føresvik er kommunesenter og største tettstad. I Føresvik er det lokalisert ei rekke funksjonar som kommunehus, post, bank, skule, barnehage, idrettsplass, bibliotek, kino, sjukeheim, omsorgsbustadar, daglegvare, bensinutsal, hurtigbåtanløp og gjestehamn. Det er ynskjeleg å utvikla og styrka Føresvik vidare som eit attraktivt og mangfaldig senter for innbyggjarane i kommunen, og at utviklinga har fokus på kvalitet, estetikk og universell utforming.*



*Dei fleste sentrumsfunksjonane på Bokn er samla i kommunesenteret Føresvik. Det er ynskjeleg å oppgradera og styrka senteret vidare i eit samarbeid mellom private og kommunen.*

*Foto: Vestfoto*

Utviklinga av Føresvik må også sjåast i samanheng med den vidare utviklinga av Alvestad, der kommunen har vedtatt å gå i gong med regulering av eit bustadområde i nordre del. I kommuneplanen ligg det inne eit område for museum nord for Alvestad, og det pågår ein prosess for etablering av ein turveg i strandsona mellom Alvestad og Føresvik. Vidare har kommunen ynskje om ei oppgradering av eit friområde nord for Alvestad og muleg tilrettelegging for sjøretta friluftsliv.

I den politiske planprosessen som fylgde etter det vedtekne planprogrammet, vart det drøfta å plassera sentrumsdannande funksjonar som skule, barnehage og fleirbrukshall utanfor Føresvikområdet. Etter kvart har eit politisk fleirtal samla seg om at arealføremålet til desse bygningane må sikrast som del av Føresvik sentrum.



Arbeidet med «stedsutvikling» i Føresvik er kome godt i gang i form av ”opprusting” av indre hamn, ny båthamn for besøkande og nytt naustmiljø med småbåthamn.

Som del av reguleringsplanen for Føresvikvegen vil ein sjå om det er muleg å planlegge parsellen i Føresvik som ”miljøgate” for å skapa eit hyggelegare uterom og betre tilgjenge for gåande og syklande.

Hovudtyngda av bustadbygginga dei næraste åra har ein foreslått skal skje rundt Føresvik mot vest og nord for å sikra at flest muleg får gang og sykkelavstand til dei viktigaste sentrumsfunksjonane. Dei næraste åra vil det sannsynleg vera eit relativt beskjedent omfang på bustadbygginga (inntil 10hus/år) Planlegginga av nye bustadfelt må ta høgd for at utbygging kan skje etappevis.

Kommunen sin einaste daglegvareforretning ligg ved Føresvik kai og er ein viktig del av sentrumsfunksjonen og innbyggerane sitt nærmiljø.

Det er ikkje kjent at eigarane (Coop) planlegg å avslutte drifta i Bokn, men endringar i marknaden kan tvinga fram andre løysingar. For å unngå at forretninga eventuelt må flytta på grunn av plassmangel, må sentrumsplanen ta høgd for at det vert mogleg å utvida bygningen.



*Coop sin bygning i Føresvik.*

*Foto: Hans Faye*

I planprogrammet er Alvestadkroken omtalt som del av Føresvik sentrum. Den eldste delen av Alvestadkroken ligg ca. 2,5km frå sentrumsfunksjonane i Føresvik, som er innafor ein akseptabel gang og sykkelavstand. Det er ikkje realistisk å tenka seg at stadene skal veksa seg saman i overskodelig framtid. Her ligg noko av dei beste jordbruksareala i kommunen, og gassrørledninga EPII legg også begrensningar på arealbruken.

Alvestadkroken har ingen typiske sentrumsfunksjonar, men auka busetting her vil sannsynlegvis også styrka Føresvik sentrum.

Innafor ”gamle Alvestadkroken” med fiskerihamna er det potensiale for utvikling av både nye bustader og næring.

Deler av Alvestadkroken er imidlertid støybelasta frå E39. I pårente av ein støyplan for vegstrekninga mellom krysset på Austre Bokn og Knarholmkrysset har ein

førebels valt å ikkje planlegga for ny busetnad. Fortetting bør derfor vurderast ved neste planrevisjon.

For ytterligere å styrka gang/sykkelvegforbindelsen mellom Føresvik og Alvestadkroken vert det planlagt turveg i strandsona.

## DELMÅL SENTERSTRUKTUR

**Føresvik og Alvestadkroken skal vidareutviklast som ein god stad å bu, og oppholdsområde med rom for utvikling av næring og offentleg service.**

KORLEIS OPPNÅR VI DETTE?	DETTE KAN ME GJERA
Det skal setjast fokus på utvikling av Føresvikområdet og den eldste delen av Alvestadkroken	Setja av tilstrekkeleg areal i Føresvik kor det kan plasserast skule, barnehage, fleirbrukshall og symjehall
	Lokalisera og opparbeida grøntanlegg
	Planlegga og bygga miljøgate i Føresvik.
	Se på potensiale for å styrka Føresvik som gjestehamn
	Definera Føresvik sentrum og utarbeida ein områdeanalyse.
	Utvikla potensiale rundt tidlegare fiskerihavn
	Vidareutvikla næringsområdet til Bokn Plast.
	Sikra utviklingsmulegheit for daglegvareforretninga og sjå på mulegheit for lokalisering av ny forretningsverksemd. .
	Sørgja for at det alltid er byggeklare bustadtomter
	Utarbeida områdeanalyse for "gamle Alvestadkroken" for å kartlegga mulegheiter for utvikling av bustader og næring.
	Binda Alvestadkroken og Føresvik saman med attraktiv turveg.

### 3.2 NÆRINGS- OG VIKTIGE SATSINGSOMRÅDER

Næringsplanen for Bokn har følgjande visjon og hovudmål:

#### Visjon:

***Bokn er Haugalandsporten, der mulegheiter for bærekraftig vekst innan næring og busetting møtest.***

#### Hovudmål:

***"Bokn kommune skal arbeida for å tilby nye og eksisterande verksemdar tenester av høgkvalitet, kort veg til beslutningstakarane, god infrastruktur og god tilgang til nærings- og bustadtomter. Med eit godt omdømme, god livskvalitet og satsing på folkehelse skal målet om fleire innbyggjarar og arbeidsplasser i kommunen bli nådd."***

#### Samandrag av næringsplanen:

Bokn kommune er ein del av Haugesundregionen og ligg sentralt plassert midt i Boknabassenget. Med den planlagde Rogfast på plass, vil Bokn vera inngangsporten til Haugesundregionen frå sør, kun ein halv times kjøretur frå Stavanger sentrum. Det er sannsynleg at dette gir store vekstmulegheiter, både innan nærings- og

busettingsutvikling. Uavhengig av Rogfast kjem T-forbindelsen i 2013. Den vil knyta Bokn tettare opp mot sentrale deler av Haugesundregionen og gi innbyggjarane på Bokn tilgang til ein større arbeidsmarknad og bedriftene betre tilgang på arbeidskraft. For å ta del i framtidig næringsutvikling i regionen er det viktig at kommunen har fokus på gode tenester, god infrastruktur, attraktive stader å bu, mulegheiter for næringsetableringar og et godt omdømme.

Med sin plassering midt i Boknafjorden og med tilgang til sjø på alle kantar, er det ikkje unaturleg å trekka fram sjøretta verksemder og tenester som ei framtidig strategisk næring i Bokn. Ei forutsetning er imidlertid, at tilhøva vert lagt til rette med sjønære næringstomter. Knarholmen, Alvestadkroken og Føresvik er ein god start, men det er viktig å tenka utvidingar på sikt. Særleg er området ved Knarholmen og ei vidareutvikling av dette, viktig framover. I tillegg skal ikkje eksisterande bedrifter gløymast. Bokn Plast og HighComp er ei viktig industribedrift i kommunen som må få mulegheiter til å ekspandera ved behov. Oppdrettsnæringa ved Grieg Seafood er ein betydeleg aktør på Bokn med viktige arbeidsplasser i kommunen. Å få betre standard på fylkesvegen og brei band ved fiber er viktige tiltak for dei. Bokn kan også bli svært interessant dersom akvakulturnæringa i større grad enn nå pressast ut av fjordane og ut på større djup. Landbruksnæringa er sterk i enkelte deler av kommunen og fleire har vist vilje til å satsa. Dette er av stor betydning for busetting i bygdene, det er viktige arbeidsplasser og spelar ei stor rolle i forvaltninga av naturressursane i kommunen. I kommunen er det relativt høg kompetanse i «Inn på Tunet» tiltak, kanskje noko å ta tak i og dra vidare?

Fordi Bokn ligg lågast blant kommunane i regionen når det gjeld utdanning på universitets- og høgskulenivå, må det vera ein ambisjon å heva nivået opp til gjennomsnittet på Haugalandet. Gjennom grunnskulen som kommunen sjølv har mulegheit til å påverke, kan elevane motiverast og forstå betydninga av å ta fagbrev og høgare utdanning. Kommunen samarbeider med 6 andre kommunar i regionen om Haugaland skule og arbeidsliv (HSA). I HSA får elevane forståelse av mulegheitene som ligg i skuletilbud og næringsliv i Haugesundregionen. Gjennom tiltak i Ungt Entreprenørskap får dei ein mulegheit til å lære korleis det er å starta og driva si eiga bedrift.

Kommunen har i utarbeidinga av næringsplanen kome fram til følgjande strategiske næringar:

- Sjøretta verksemder/tenester
- Industri
- Akvakultur
- Landbruk
- Stedsuavhengige arbeidsplasser

Dei viktigaste drivarane som påverkar næringsutviklinga i kommunen er:

- E39/Rogfast/T-forbindelsen
- Infrastruktur:
  - Byggeklare næringsarealer ved sjø
  - Bustader og byggeklare bustadtomter
  - Breiband med fiber
- Nyskaping
- Haugaland Næringspark og Kårstø

- Omdømmebygging og rekruttering
- Kompetanse

### 3.2.1-Sjøretta verksemdar og tenester

Bokn ligg sentralt i Boknafjorden med tilgang til sjø på alle kantar. Her skiller kommunen seg ut, særleg i forhold til dei andre kommunane i Nord-Rogaland. Det er allereie etablert bedrifter når det gjeld sal av tenester til sjøretta verksemdar, eksemplar er Bokn Sjøservice og Bunndata. I tillegg er også Bokn Plast/HighComp leverandør til blant andre akvakulturnæringa. Med si plassering og det faktum at det alt er mange losar og losbåtførarar frå Bokn, kan det etter kvart bli naturleg å arbeida for at losstasjonen vert flytta frå Kopervik til Bokn.



*Sildehal i Sandvika*

*Foto: Børt Åge Øvrebø*

På kort sikt er det naturleg å arbeida for å få inn bedrifter som passar inn i næringsområdet på Knarholmen. Ved etablering av Rogfast er det naturleg å sjå på mulegheiter for etterbruk av området rundt Arsvågen. På lang sikt og gjerne i eit 30-40 års perspektiv kan også Austre Bokn vera interessant i denne samanheng.

### 3.2.2-Industri



*Bokn Plast A/S i Føresvik. Februar 2014*

*Foto: Hans Faye*

Bokn Plast og HighComp står for viktige industriarbeidsplasser i Bokn. De er Norges leiande leverandør av glasfibertankar og har gjennom lang erfaring spesialisert seg på miljøvennlege avløpsanlegg, petroleumsløysingar og spesialbeholdarar. Verksemda har vist evne og vilje til innovasjon og bruk av FoU. Kompetansen som er opparbeidd i Bokn Plast gjennom mange år, vidareutviklast gjennom satsing innan akvakultur-, vind- og offshorebransjen. Eksemplar er utvikling og produksjon av store oppdrettskar, turbinhus og ulike typar beskyttelses strukturar til bruk i offshore og subsea installasjonar.

Det er viktig at tilhøva vert lagt så godt som muleg til rette for vidare ekspansjon og utvikling for Bokn Plast og HighComp.

### **3.2.3 Akvakultur**

Regjeringa sin visjon er at Norge skal vera verdens fremste sjømatnasjon. For å oppnå dette må det vera fokus på å imøtekoma krava til bærekraft og miljø. Ei sannsynleg utvikling kan vera at anlegga flyttast lenger ut, at dei som alt er der vert utvida, ein større del av produksjonssyklusen skjer på land, det utvikles lukka system i sjø og på land og utvikling av ny sjøbasert teknologi. Ei utvikling som kan gi Bokn mulegheiter.

Per i dag er den dominerande arten laks, og eksportverdien av produksjonen i kommunen var i 2010 på ca. kr. 228 millionar kroner. Grieg Seafood har hand om 5 lokalitetar i Bokn og sysselset ca. 21 årsverk direkte på anlegga. Som ein av de første i landet har dei i løpet av dei to siste åra investert nærare 50 millionar kroner i ny teknologi der alt vatn vert resirkulert 99,5 %. Neste byggetrinn er alt under planlegging. For Grieg er fylkesvegen til Trosnavåg ein flaskehals i forhold til mest muleg effektiv transport til og frå anlegget. I tillegg kan dei ikkje utnytta dagens

teknologi maksimalt i forhold til føring og overvaking på grunn av for låg kapasitet på breibandet ut til anlegga.



*Grieg Seafood sitt settefiskanlegg ved Trosnavåg*

*Foto: Hans Faye*

Om ein tar nabokommunane Tysvær og Vindafjord er produksjonen av særleg laks rimeleg stor. I 2010 utgjorde produksjonen ein anslått verdi på over 800 millionar kroner i dei tre kommunane. I tillegg er det ei spire til eit teknologisk utviklingsmiljø i bedrifter som blant anna Steinsvik Group, Bokn Plast, HighComp og Mørenot som kan vera interessant i denne samanheng. Næringa sjølv meiner at potensialet for meir produksjon er stort, mens styresmaktene lokalt og nasjonalt er noko meir tilbakehaldne med tanke på utfordringane næringa har i forhold til bærekraft og miljø.

Eit tiltak kan vera at kommunane og næringa med leverandørar, set seg saman for å sjå på mulegheitene for å utvikla vår region mot ei framtid med ein bærekraftig akvakultur.

### 3.2.4 Landbruk



### *Potetsetting i Våga*

*Foto: Jardar Havikbotn*

Landbruket opprettheld arbeidsplasser og busetting, og vedlikehald dei produktive landbruksareala. Det er knytta nasjonale interesser til utvikling av næringa, noko som vert følgt opp gjennom Stortinget si årlege behandling av jordbruksavtalen. Ei ny stortingsmelding om landbruket er under utarbeiding.

Ein forutsigbar arealstrategi frå kommunen som planmyndigheit er grunnleggande for utvikling av landbruket også i Bokn. Det bør derfor vedtas langsiktige grenser mellom landbruks- og utbyggingsareal i kommuneplanens arealdel. Det bør oppgis utbyggingsretningar som gir liten konflikt med landbruksinteresser. Eventuell spreidd bygging i landbruksområda må forankrast i kommunen sin arealstrategi.

For å sikra busetting og drift er det behov for å utvikla nye inntektskjelder i tilknytning til mange gardsbruk. Næringsutvikling må ha fokus, enten det gjeld å vidareutvikla den tradisjonelle matproduksjonen eller etablering av tilleggsnæringar. Ein ny landbruksplan er ønskeleg. Planen bør i første rekke gjera synleg og konkretisera næringa sine eigne planar og behov, og samtidig klargjera offentlige myndigheiter sine virkemidlar. Det er frå næringa for eksempel uttrykt behov for ein gjennomgang av infrastruktur som skogsveier, vatn, med meir i tilknytning til landbruket.

Mulegheitene for å støtta til nyskaping som ligg i Innovasjon Norge må gjerast synlege. Eksemplar på nyskaping er «Inn på tunet» og reiseliv knyta til landbruket. I kommunen er det alt fleire verksemder knyta til gardsbruk som er langt framme når det gjeld «Inn på Tunet». Kro gard med sine hestar er eitt eksempel og Bokn Bufellesskap eit anna. Når det gjeld det siste, starta dei før ordninga med »Inn på Tunet» blei etablert, men er kjenneteikna med at dei starta med utgangspunkt i ein gard. Dei har utvikla seg og har i dag 35 årsverk tilsett, og garden har framleis ei rolle i drifta. Ca. 70 % av dei tilsette har minimum 3 årig høgskuleutdanning, per januar

2011 bur kun to av dei tilsette i kommunen. Kommunen og særleg skulen vert trekt fram som eit godt eksempel på kva godt samarbeid kan resultera i. Her sit ein på ein kompetanse i kommunen som kanskje gir Bokn eit fortrinn i forhold til «Inn på Tunet» arbeid.

Når det gjeld tradisjonelt landbruk, er det uttrykt behov for ein ny landbruksplan i kommunen og ein gjennomgang av infrastruktur som skogsvegar, vatn, med meir i tilknytning til landbruket.

### 3.2.5 Stadsuavhengige arbeidsplasser

Fokus på mulegheiter for etablering av stadsuavhengige arbeidsplasser i staden for stadsavhengige arbeidsplasser. For mange bedrifter og organisasjonar er det ikkje viktig kor arbeidstakaren utfører arbeidet. Dette gjeld spesielt såkalla kompetansearbeidsplasser som det tradisjonelt sett har vore få av i distrikta. Med gode rutinar for informasjonsdeling og solid teknisk infrastruktur, kan ein bedrift ha tilsette spreidd i *fleire* kommunar eller fylker - til og med i fleire land. God infrastruktur i kommunane vil kunna bidra til høg grad av etableringar innanfor SUA. Med god infrastruktur meinast for eksempel breiband, mulegheiter for å etablere kontorfellesskap, tilgang på videokonferanseutstyr, med meir.

### Prioriterte drivarar og satsingsområder

Dette er viktige faktorar som påverkar næringsutviklinga i kommunen. Drivarane kan påverkast lokalt eller regionalt eller dei blir styrte av nasjonale og internasjonale trendar, konjunkturar og regelverk. Eksemplar er tilrettelegging av i næringsområde i ein kommune, kompetanse, omdømme, sentralisering, klimaendringar, den globale finanskrisa og pålegg sett av EU. Fokus på drivarar i planen vil gi mulegheit til å ha eit meir næringsuavhengig utviklingsarbeid som kan gi mulegheiter for nye typar verksemdar og næringar i kommunen og regionen.

Kommunen er ein viktig drivar i næringsarbeidet. Politisk og administrativ leiding, saman med kommunen sitt eige næringsapparat, er ein tilretteleggar og pådrivar for næringsetablering- og utvikling, og kan visa veg til nettverk av bedrifter og kompetanse der erfaringar kan hentast og delast. Kommunen sikrar god førstelinjeteneste i næringsutviklingssaker, og vil vera sentral i saker som gjeld midlar frå Innovasjon Norge eller kommunen sitt eige næringsfond. I tillegg har kommunen plankompetanse og oversikt over tilgjengeleg næringsareal, noko som sikrar god planlegging og arealforvaltning.

I Bokn er det per i dag ledige næringsarealer, men kun to ledige kommunale bustadtomter. Om E39 har bra standard, kan ein ikkje seia det same om fylkesvegane på øya. Breibandsdekninga i kommunen er per i dag ivaretatt av Telenors ADSL nett, og nokon er dekkja gjennom trådløst nett. Kapasiteten er imidlertid låg og ikkje av god nok kvalitet for dei som driv næring, enten det er private bedrifter eller det offentlege. Når det gjeld mobildekninga i kommunen fins det fleire "hol" der mobiltelefon ikkje fungerer. Bokn har eit mål om vekst når det gjeld folketal, og om det skal oppnåast er kommunen sitt omdømme og attraktivitet avgjerande. Det same gjeld også befolkninga sin evne til å integrera nye innbyggjarar. Prosjektet «Kjekt på Bokn» er eit viktig tiltak i forhold til dette, men også når det gjeld marknadsføring av kommunen. Bokn er ein liten kommune, og som kanskje meir enn andre større kommunar, avhengig av det som skjer i nabokommunane. Arbeidsgruppa har kome fram til følgjande viktige drivarar for Bokn:

- E39/Rogfast/T-forbindelsen



- Infrastruktur:
  - Byggeklare næringsarealer ved sjø
  - Bustader og byggeklare bustadtomter
  - Breiband med fiber
- Nyskaping
- Haugaland Næringspark og Kårstø
- Omdømmebygging og rekruttering
- Kompetanse

### 3.2.6 Næringsarealer ved sjø

Tilgang til sjø er sannsynligvis Bokn sitt største potensial for å trekka til seg nye bedrifter. Dette vil bli forsterka med Rogfast. Med ei kystlinje på 164 km der berre ca. 17 % er tatt i bruk, gjer Bokn svært interessant i denne samanheng. I tillegg ligg dei mest aktuelle areala i områder som alt er påverka ved Boknasundet og ved dagens ferjeleie i Arsvågen.



*Næringsareal og fiskerihavn i Knarholmen*

*Foto: Hans Faye*

Det er viktig at det vert sett av nok arealer nær sjø i kommuneplanen. Bokn har, aust for E39 frå Knarholmen og mot Arsvågen store arealer som i dag er utmark og som heller ikkje berører befolkninga direkte. Desse areala kjem ikkje i konflikt med innbygarane då bustadene ligg i andre deler av kommunen. I første omgang er ei vidareutvikling av Knarholmen interessant. På lengre sikt bør det leggest til rette for å utvikla næringsarealer langs sjøen på Austre Bokn, mot Kårstø.

Sjøområda aust for Austre Bokn er alt i dag regulert som oppankringsområde, det er tilgang på taubåtar, godt oppmerka lei, spesielt overvaka område. På lang sikt kan dette bli eit svært interessant hamneområde for regionen.

### 3.2.7 Breiband og mobildekning

Som nemnt tidlegare er breiband og mobildekning ein viktig del av kommunen sin infrastruktur som kan bli avgjerande for utvikling av eksisterande bedrifter og nye etableringar i Bokn. Kommunestyret har vedtatt utbygging av breiband til heile Bokn. Utbygging skjer i regi av Haugland Kraft.

### 3.2.8 Nyskaping

Nyskaping er svært viktig for næringsutviklinga i ein kommune. Nyskapinga kan skje ved knoppskyting frå eksisterande verksemdar eller ved at nokon startar opp ein ny bedrift på grunnlag av eit nytt produkt, oppfinnelse, forskingsresultat, at ein rett og slett har lyst til å driva for seg sjølv eller å skapa noko nytt. Kva behov den enkelte har for oppfølging og kursing er svært varierende, mange klarer seg helt sjølv i oppstartfasen, mens andre har større behov for rettleiing, rådgjeving og kursing. For desse er det viktig at det står eit apparat klart til å ta i mot dei. Kommunen si 1. linjeteneste som Haugaland Vekst driv for Bokn, er første steg, det neste er å delta i kurs spesielt retta mot nyetablerte sine behov. Dette vert delvis løyst av Haugaland Vekst og av Skape som er Rogaland fylkeskommunes reiskap i dette arbeidet.

### Delmål for næringslivssatsing

*Bokn kommune skal arbeida for å tilby nye og eksisterande verksemdar tenester av høg kvalitet, kort veg til beslutningstakarane, god infrastruktur og god tilgang til nærings- og bustadtomter. Med eit godt omdømme, god livskvalitet og satsing på folkehelse skal målet om fleire innbyggjarar og arbeidsplasser i kommunen bli nådd.”*



*High Comp i Føresvik  
Foto: Vestfoto*

**Korleis oppnår me**

**Dette kan me gjera**

<b>dette?</b>	
<b>Legga til rette for sjøretta verksemdar</b>	Setta av meir næringsareal med lett tilgang til sjø i området ved Knarholmen
	Mulegheitsstudie for etterbruk av kaiområdet på Arsvågen ved etablering av Rogfast
	Sikra nåverande skraverte områder på Austre Bokn til hamneføremål på lang sikt
	Laga oversikt over tilgjengelege næringsarealer i eigarkommunane og synleggjera desse på web
	Sjå på mulegheita for å knyta regionen til Greater Stavangers database for ledige næringsstomter og -bygg
	Utarbeida ein modell for sal og marknadsføring av kommunale næringsareal i eigarkommunane
	Arbeide for å få flyttet losstasjonen frå Kopervik til Bokn
<b>Industri</b>	Arbeida for at Bokn Plast og HighComp blir gitt ekspansjonsmulegheiter i Føresvik
	Støtta opp under arbeidet for meir gass til Kårstø og etableringar i Haugaland Næringspark
<b>Akvakultur</b>	Arbeida for at fylkesvegane på Bokn og særleg mot Grieg sitt anlegg i Trosnavåg kjem opp på eit akseptabelt nivå for næringa
	Etablera eit prosjekt der kommunane og næringa i regionen samarbeider om å utvikla vår region mot ei framtid med ein miljøvenleg og bærekraftig akvakultur.
<b>Landbruk</b>	Rullera landbruksplanen for Bokn kommune
	Setja ned ei arbeidsgruppe som ser på mulegheita for bruk av stein frå Rogfast til forbetring av landbruksområda i kommunen
	Kartlegga mulegheit for etablering av fleire «Inn på Tunet» tiltak i kommunen og vurderer søknad om å bli en «Inn på Tunet» løfta kommune
	Støtta opp under andre tilleggsnæringar som kjem inn under bygdeutviklingstiltak, eksempel er utvikling av tilbod innan reiseliv
<b>Stadsuavhengige arbeidsplasser</b>	Utvikla konsept for etablering av lokalt tilpassa næringshagar/arbeidsfellesskap i kommunane med utgangspunkt i SIVA.
	Kartlegga kva som må til og legga til rette for etablering av stadsuavhengige arbeidsplasser (SUA) i kommunen
<b>Nyskaping</b>	Arbeida for at 1. linjetenesta ovafor næringslivet og etablerarar fungerer optimalt
<b>Kompetanse</b>	Bruka grunnskulen som arena for og motivera ungdom til å ta meir utdanning
	Vera aktiv eigar og pådrivar i HSA (Haugaland skole og arbeidsliv)
	Vera aktiv brukar av tenesta Ungt Entreprenørskap tilbyr (UE)
<b>Omdømmebygging og rekruttering</b>	Vera aktiv deltakar i det regionale omdømme- og rekrutteringsarbeidet
	Vidareføra arbeidet med Kjekt på Bokn
	Mulegheitsstudie for Føresvik
	Arbeida for å etablera Haugalandssporten i Knarholmen området

### 3.2.9 Landbruksnæringa spesielt



*Føresvikvegen/Alvestadkroken/Grønnestadvegen  
Foto: Fredrik Faye*

### **3.2.9.1 Kjerneområde landbruk**

Områder som er lokalt viktige, godt egna til matproduksjon og har verdifulle kulturlandskap og landskapstypar er areal som kjem under kategorien ”kjerneområde landbruk”. Ved å oppretta ei slik omsynssone med prioriterte landbruksområder på Bokn, vil det kunne bidra til å hindre ei auka nedbygging og oppstykking av jordbruksareal, eller ei forverring av eksisterande kulturlandskap. Kjerneområda vil bidra til forutsigbarheit og kunna gi mulegheiter for å starta med, eller utvikla nye landbruksbaserte næringar.

På Bokn er fleire område foreslått som kjerneområder for landbruk. På Austre Bokn er det vestsida mot Kro, og omkring Våga. På Vestre Bokn er det områda Føresvik-Alvestad-Boknaberg, Vatnaland-Sunnaland-Grønnestad, Lauplandsområdet, og Loden. Ognøy er og foreslått som kjerneområde landbruk. Bakgrunnen for vurderinga av kjerneområdana er landbruksområda sin produksjonsverdi, storleik og grad av samanhengande struktur, driftsmessige forhold og verdi som grøntområde/landskapselement.

Kjerneområder landbruk er markert som omsynssone på plankartet jf. plan og bygningslova § 11-8.

### **3.2.9.2 Utvikling i landbruket på Bokn**



*Mjølkeproduksjon på Grønnestad. Mars 2014*

*Foto: Hans Faye*

Som elles i Rogaland har talet på aktive gardsbruk gått ned på Bokn. I perioden 1999 til 2009 var det ein nedgang på 22 %. Nedgangen i tal gardsbruk med melkekyr var 65 %. I 2009 var det berre åtte mjølkebruk att på Bokn.

Det har òg vore ein reduksjon i tal gardsbruk som driv med sau i same periode, men dyretalet har likevel halde seg nokolunde positivt og stabilt på dei ti åra. Bruk med ammekyr og spesielt slaktegris visar ein meir positiv trend og auke enn kva ein ser på resten av Haugalandet. Slaktegrisproduksjon er den produksjonen som har hatt størst prosentvis auke med nesten 800% auke i dyretalet på ti år.

Tross nedgang i aktive bønder på Bokn, har kvar enkelt attverande bruk auka produksjonen. Dette tyder på at dei bøndene som er att, erstattar dei som legg ned, og vel så det. Til dømes har talet på vinterfôra sauer per bruk auka med 57 % mellom 1999 og 2009, sjølv om det har vore ein nedgang i tal bruk som driv med sau i same periode. Auka dyretal gir eit auka press på areala på Bokn, og dette visast ved at jordbruksareal i drift (dyrka mark og innmarksbeiter) har auka med 22 % i perioden.

Meir slaktegris har gitt meir tilgjengelig svinegjødsel, som igjen har gjort at ein kan utbetra allereie fungerande beiter, samt rydde til nye beiteområdar. Med dei uutnytta utmarks-ressursane det er i lyngheiene på Bokn i dag, er det likevel grunnlag for å kunna auka produksjonen av beitedyr ytterligare ved å auka talet dyr på utmarkbeite, då spesielt sau og storfe.

Utfordringane i landbruket er i hovudsak knyta til økonomi og rekruttering. Status er at driftsøkonomien på dei fleste gardsbruk er for svak til å forsvare investering i fast produksjonsapparat dvs. nye driftsbygningar. Rasjonaliseringa held difor fram. Negative konsekvensar er mellom anna svakare produksjonsmiljø, færre aktive

gardsbruk, marginalt jordbruksareal blir tatt ut av drift, og lågare skatteinngang til kommunen. Dei økonomiske rammene blir fastsett årleg i jordbruksavtalen inngått mellom staten og faglaga i landbruket.

### **3.2.9.3 Kommunen sine oppgåver i utvikling av landbruksnæringa**

Kommunen sine oppgåver i utvikling av landbruket er endra. Fram til 1980-talet utførte landbrukskontoret rådgjeving, planlegging og forvaltning. Nå har kommunane i hovudsak forvaltningsoppgåver med tilhøyrande rådgjeving. Planlegging og fagleg rådgjeving blir nå utført av meieri, slakteri, utstyrsleverandørar og medlemsorganisasjonar som Haugaland Landbruksrådgjeving.

Gjennom tilskotsordningar har kommunen virkemiddel for å ivareta jordbruksareal og kulturlandskap. Desse ordningane er produksjonstilskot, regionalt miljøprogram (RMP), spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL) og kommunalt tilskot til grøfting og nydyrking.

Bygdeutviklingsmidler (BU) kan løyvast som etablerarstipend til utvikling av forprosjekt der siktemålet er ei tilleggsnæring på garden. Vidare kan BU-midlar løyvast til investering i tradisjonelle produksjonar, eller til tilleggsnæring.

Kommunen kan støtte utviklinga av landbruket på 3 områder:

- Praktisera ein forutsigbar arealpolitikk
- Offensiv forvaltning og rådgjeving av offentlege tilskotsordningar
- Kommunale tilskotsordningar

Landbruks-, natur- og friluftsområda er næringa sitt produksjonsareal. Kjerneområder for landbruk med tenlege retningslinjer vil bidra til ein forutsigbar arealpolitikk og dermed meir stabile rammevilkår. Statlege tilskots- og finansieringsordningar har avgjerande økonomisk betyding for det enkelte gardsbruk. Kommunale tilskot til grøfting, nydyrking og kjøp av melkekvote representerer drahjelp i utvikling av enkelte gardsbruk. Kommunen skal aktivt marknadsføre mulighetene som ligg i både statlege og kommunale tilskotsordningar.

### **3.2.9.4 Næringa si betyding på bevaring av kulturlandskapet**

Eit berekraftig og levedyktig landbruk er ikkje berre viktig for økonomien til bonden og kommunen, men òg for bevaring av kulturlandskapet. Aktive gardsbruk som utnytter naturressursane er med å bidra til eit opent og variert landskap. Velhalden natur og kulturlandskap er med på å fremja bruk av naturen for allmenta, og til aktiv og fysisk aktivitet i nærområda. Det er derfor viktig å auke beitepresset i enkelte områder, både på innmark- og utmarksareal på Bokn. Områda på Austre Bokn og Vardafjell er eit godt eksempel på korleis ein kan tilrettelegga for rekreasjon med få og enkle inngrep.

Bokn er viktig i ein nasjonalsamanheng når det gjeld bevaring av den trua kystlyngheia. Store deler av Bokn er dominert av opne lyngheier, men som elles i landet ser ein at tidlegare opne områder veks til av skog. Det er mange arter som er avhengige av kystlyngheia og som blir skadelidande når kystlyngheia blir sjeldan og/eller forsvinn. Ved å skjømte kystlyngheiene på Bokn gjennom tradisjonell lyngbrenning og auka bruk av beiteressursane i utmarka, vil ein kunna ta vare på dette sjeldne og vakre naturlandskapet. Det har lokalt på Bokn blitt starta opp fleire prosjekt for å utnytta desse ressursane kystlyngheia kan gi bl.a. som utmarksbeite. Godt

engasjement og stor innsats hjå lokalbefolkninga gjer at Bokn kan bli ein føregangskommune og utstillingsvindaug når det gjeld velskjøtta og vedlikehaldne kystlyngheiar i bruk.

### 3.2.9.5 Landbrukstilknytt næring

Det ligg store ressursar i landbruket, utanom den tradisjonelle gardsdrifta, og det er viktig å kunna utnytta det ein har til rådighet. Mange bønder har ein anna jobb utafor gardsdrifta, men det er berre nokre få på Bokn som driv med anna næring, utanom fiske, knytt opp mot sjølve gardsbruket og gardsdrifta. Grøn omsorg, Inn på Tunet og gardsturisme blir ofte peika på som mulege tilleggsnæringar. Det er krevjande å utvikla nye næringsveier med tilfredsstillande økonomi. Med dei naturgitte fortrinna på Bokn er det kanskje innan turisme det er best utsikter for nye arbeidsplasser. Det er mange moment som gjer Bokn særigen og spesiell i distriktet, og mange av tilboda ligg lett tilgjengeleg. Dei fleste gardsbruka på Bokn ligg i tilknytning til sjøen og havet, og det er ein fordel som kan knytast opp mot naturbasert turisme, både for internasjonale og nasjonale kundar.

#### Delmål for landbruket

*Sørja for at landbruket kan oppretthaldast som ein av kommunen sine viktigaste næringar og forvaltar av kulturlandskapet.*

<b>Korleis oppnår me dette?</b>	<b>Dette kan me gjera</b>
Sikra forutsigbarheit og grunnlag for å starta nye verksemder på gardane	Hindra oppstykking og ned bygging av jordbruksarealer. Bruka "Landbruk Puss" aktivt i all planlegging og som grunnlag for ideskaping
Tilrettelegga for god forvaltning.	Sikra nok ressursar og fagleg kompetanse
Effektiv bruk av tilskotsordningar	Sørja for marknadsføring av statleg og kommunale tilskots-og finansieringsmulegheiter
Tilrettelegging for auka bruk av utmarksbeiter og skjøtsel av lynghei	Felles utmarksbeiteorganisering. Utarbeida plan for brenning av lyng

### 3.3 FOLKEHELSE



*Turgåarar på Boknafjell*

*Foto: Kyrre Lindanger*

Kommunen skal i arbeidet sitt med kommuneplanar etter plan- og bygningsloven fastsetta overordna mål og strategiar for folkehelsearbeidet som er egna til å møte dei utfordringar kommunen står ovafor (Folkehelseloven § 6).

- Kommunen er planmyndigheit og kan i utarbeiding av samfunnsdelen til kommuneplanen, syte for at folkehelseperspektivet blir forankra og sett i samanheng.
- Kommunen skal i arealplanlegginga syte for ei planlegging som støttar opp om folkehelsearbeidet, jf. [§3-1 f](#)).
- Plan- og bygningslova skal fremje folket si helse og motverke sosiale helseskilnader. Samfunns- og arealplanlegginga set vilkår for helsetilstanda i samfunnet. Det er viktig at kommunen har ei god samfunnsplanlegging, for å styrke folkehelsa og motverke risikofaktorar.
- Gjennom ei god arealplanlegging kan kommunen sikre folket eit godt bumiljø med lite forureining og god tilgang til grøntareal. Planlegginga må òg leggje til rette for fysisk aktivitet med sykkel- og gangvegar.

Førebygging av kriminalitet er òg ein viktig del av folkehelsearbeidet. Det er difor viktig at arealplanlegginga byggjer opp om fysiske rammer som skaper gode bumiljø.



Planlegging som legg til rette for tilhøyrse til bustad- og sentrumsområde er viktig på dette område, jf. § 3-1 f)

### Frå planprogrammet:

Med folkehelse meinast summen av alle de forhold som bidrar til å fremja eller hemma god helse i befolkninga. Dette omfattar mellom anna fylgjande forhold:

- Bustadforhold
- Sosial tilknytning
- Økonomisk tryggleik
- Ytre miljø
- Skule- og arbeidsmulegheit
- Levevanar
- Hjelp etter behov

### Folkehelsearbeidet

- med fokus på å sikre ei bærekraftig velferd også i åra som kjem...

#### Introduksjon

Folkehelse vert definert som den samla helsetilstanden i befolkninga og korleis denne fordeler seg mellom innbyggjarane. Faktorar som verkar inn er alt frå oppvekst – og levekårsforhold som bustad, utdanning, arbeid og inntekt, fysiske og sosiale miljø, fysisk aktivitet, ernæring, skader og ulukker, tobakksbruk og alkohol og anna rusmiddelbruk. *Helsa vert til der folk lever og bur.*

Utgiftene til uhelse aukar. På kort tid har ein fått eit aukande globalt fokus på gevinsten ved å fremje helse og førebygge sjukdom heller enn å reparere. Reparasjon er kostbart og bidrar ikkje til ei bærekraftig velferd. Vi lyt iverksetje tiltak, på både kort og lang sikt, for å fremje denne bærekrafta. *Då fyrst kan vi klare å nå måla om å jamne ut skilnadane i helse samt å gje innbyggjarane fleire gode leveår.*

(Jfr.: IS -1/2011 Rundskriv: Nasjonale mål og prioriterte områder for 2011)

#### Samhandlingsreforma

Samhandlingsreforma som nyleg vart innført, er ein retningsreform for å sikre kvaliteten i helsetenestene samt for å sikre ei bærekraftig samfunnsutvikling. Eit av måla med reforma er å fremje helse og førebygge sjukdom. Folkehelselova er, saman med helse og omsorgstenestelova sine førebyggjingsbestemmelsar, dei rettslege virkemidla for å nå målsettingane i samhandlingsreforma. Vi har alle eit felles samfunnsansvar for å bidra til god helse i heile befolkninga. Ein for alle, alle for ein. Kommunen si kanskje viktigaste oppgåve er difor, jfr. § 7 i folkehelselova, å gje informasjon, råd og veiledning om kva vi som enkeltindivid sjølv, men også som del av eit samfunn, kan gjere for å fremje helse og for å førebygge sjukdom. Bevisstgjerjing, på alle plan, vil vera eit sentralt begrep når det kjem til folkehelse, i åra som kjem.

#### Helse i alt - prinsippet

Medan kommunehelsetenestelova la oppgåvene knytt til helse direkte til helsetenestene i kommunen er ansvaret no løfta til *kommunen* som sådan. Prinsippet om å fremje folkehelse i alle sektorar, ”**helse i alt**”, gjeld for kommune, fylke og stat. Det betyr at helsehensyn skal integrerast i beslutningsprosessar som for eksempel i utøvinga av rollen som eigar av verksemd og eigeidom, utviklingsaktør, tenesteytar m.m. *Det er viktig å merke seg at bestemmelsane i det nye regelverket er tilpassa plan og bygningslova.* Årsaka til dette er openbar: Plan og bygningslova legg føringar for forhold nettopp der menneska lever og bur, eller sagt på ein annan måte: Plan og

byggningslova legg føringar som får innverknad på kva helse som vert skapt og på om det, som innbyggjar, vil vera mogleg å kunne ta sunne val for eiga helse.

### **Folkehelsearbeidet i Bokn; basert på kunnskap om lokale utfordringar**



*Barnetrim i gymsalen  
Foto: Svein Ove Alvestad*

Bokn kommune har over ein del år hatt høgt fokus på folkehelsearbeid. Det er likevel fyrst i dei seinare åra at nye samarbeidsformer (m.a. partnerskap for folkehelse, sjå under) og strukturar, er etablerte for på denne måten å intensivere innsatsen. Med det har ein i tillegg definert målsettingar om å sikre ei nødvendig langsiktig forankring både administrativt, politisk, men også forankring av ”helse i alt” – tanken, blant innbyggjarar generelt i Bokn.

I 2010 vart det signert ein partnerskapsavtale for folkehelse med Rogaland Fylkeskommune; ein gjensidig, nyttig og forpliktande avtale vart inngått.

I april 2011 vart det vedtatt å opprette eit folkehelseforum i Bokn. Folkehelseforumet skal fungere som rådgjevande organ når det kjem til utarbeiding av strategiar innanføre folkehelsearbeidet. Forumet var m.a. heilt sentralt i utarbeidinga av ”Handlingsplan for folkehelse 2011- 2012”. Folkehelseforumet er også sentralt i arbeidet med å skaffe kommunen oversikt over helsetilstand og påvirkningsfaktorar. I kraft av den nye folkehelselova er kommunen no pålagt å alltid kunne vise til ei oppdatert oversikt over helsetilstanden i kommunen samt kva faktorar som verkar inn på denne. Oversikta vil i sin tur danne grunnlaget for komande rulleringar av kommuneplanar med dertil tilhøyrande definisjonar av naudsynte tiltak for å møte dei lokale utfordringane.

I Bokn kommune sin gjeldande ”Handlingsplan for folkehelse ”2011- 2012” er fylgjande delmål vektlagde:

*Det skal bli lettare å ta ansvar for eiga helse  
Ein skal førebyggja meir og reparere mindre  
Det skal dannast breie alliansar for folkehelse*

Delmåla er henta frå Folkehelsemeldinga (”Resept for eit sunnare Norge”, St. Meld. Nr. 16).

”Handlingsplan for folkehelse 2011 – 2012”, som er ein temaplan under kommuneplanen, skal rullerast kvart år framover for på denne måten å sikre at ein til ei kvar tid ser til kunnskapen ein har skaffa seg. Handlingsplanen vil i det fylgjande verta delt inn i ein del som tek føre seg tiltak på kort sikt og ein del som viser til tiltak i eit breiare, lenger perspektiv. I kommuneplan for Bokn 2012 - 2022 vil vi difor framleis la dei 3 delmåla nemnde stå som nokre av dei måla ein arbeider for å nå. I tillegg legg ein til nye delmål basert på erfaringar ein allereie har gjort seg når det kjem til status p.t.

Delmåla i si heilheit kjem vi tilbake til nedanfor.



*Spreke damer- trim utanfor Boknatun*

*Foto: Anne Askeland*

### **Suksessfaktorar**

Ein av dei viktigaste suksessfaktorane for å lukkast i folkehelsearbeidet, er at ein har kunnskap nok om ”kor skoen trykkjer” og at den tverrsektorielle forankringa er tilstade. I tillegg er det avgjerande at alle har sams forståing av at *alle* tenestoområde har og skal ha like stor plass i folkehelsearbeidet. Dette fordrar i sin tur at dei ansvarlege innanfor dei ulike tenestoområda er villige til å late seg utfordre til å tenke ”helse i alt” og, dersom ein ikkje allereie er godt i gang med integreringa av ”helse i alt” – tanken på eit tverrsektorielt plan, å tenke nye tankar saman. Det vil for folkehelsearbeidet, som innanføre andre område, også vera av avgjerande betydning å sikre medverknad frå innbyggjarane.

Vilje til å sjå til innovative løysingar både når det gjeld samarbeidsformer og velferdsteknologi, vil og vera suksessfaktorar i folkehelsearbeidet.

Land som t.d. Danmark kan vise til innovative, kostnadsbesparande løysingar innanføre mange felt. Det handlar ikkje berre om kostnadar spart, men det handlar også om løysingar som gjev auka livskvalitet og vi har sett flotte døme på at det finst innovative løysingar som reduserer einsemd og som reduserer kjensla av å vera utrygg. Bokn kommune har, på tross av kommunens storleik, alt å vinna på å vera løysningsorientert og på å sjå til innovative løysingar både åleine, men og i samarbeid med nærliggjande kommunar, med Rogaland Fylkeskommune, med andre offentlege og private aktørar og sist, men ikkje minst: *Med frivillig sektor i Bokn.*

### **Utfordringar for satsingsområdet**

På systemnivå vil Bokn kommune stå overfor utfordringar knytt til det

1. å ha kunnskap nok om korleis helsetilstanden fordeler seg mellom innbyggjarane i kommunen og påvirkningsfaktorar
2. å ha kunnskap nok om kva tiltak som, både i et menneskeleg og i eit økonomisk perspektiv, vil ha effekt for å betre forholda (kost vs. nytte)
3. å setje av ressursar nok til å kunne sikre målretta arbeid for å auke kompetansen om helsefremjande faktorar hjå oss alle

4. å setje av ressursar nok (både menneskelege og økonomisk) til å kunne iverksetje dei gode tiltaka og for å sikre det menneskelege engasjementet

På gruppe/individnivå vil Bokn kommune stå overfor utfordringar knytt til

1. bevisstgjerjing rundt fysisk helse og sunne vanar generelt (universell utforming handlar og om kompetanseheving *til og for alle.* )
2. mental helse, særleg blant born og unge, men og blant eldre som lever i for stor grad av einsemd
3. inkluderande skule og arbeidsliv for å hindre fråfall for slik å redusere andelen uføre
4. barn og unge si involvering i saker som angår dei for på denne måten å sikre medverknad for å nå mål om trygge, forutsigbare, helsefremjande oppvekstvilkår
5. innbyggjarane sine generelle moglegheiter til å meistre eigne liv uavhengig av økonomi, sosial status, sjukdom og eventuelt funksjonstap
6. fysisk og psykisk påverknad av ny, regional infrastruktur basert på kommunens geografiske lokalisering (Rogfast)



*Skøyting på Boknebergsvatn  
Foto: Kyrre Lindanger*

### **Tiltaksplan**

Hovudmålsettinga for folkehelsearbeidet i Bokn kommune skal dei komande åra handle om **å intensivere fokuset på "helse i alt"**. Bokn kommune skal nå dette målet ved hjelp av

### **Delmål:**

1. ***å tilrettelegge for at det skal bli lettare å ta ansvar for eiga helse***
2. ***å tilrettelegge for at ein skal førebyggje meir og reparere mindre***
3. ***å tilrettelegge for at det vert danna breie alliansar for folkehelse***
4. ***å tilrettelegge for eit velfungerande tverrsektorielt samarbeid med fokus på helsefremjande faktorar, førebygging og reduksjon av sjukdom***

5. å tilrettelegge for at prioriteringane innanfor satsingsområdet er tufta på kunnskap og på kost/nytte (der det er teknisk mogleg) for på denne måten å sikre forutsigbare rammevilkår på både kort, men og på lang sikt
6. å tilrettelegge for bruk av innovative løysingar både på systemnivå (samarbeidsformer o.a), men like viktig når det kjem til ny velferdsteknologi

I tabellane nedanfor vil ein finna ei konkretisering av korleis ein kan koma i mål med arbeidet. I Handlingsplan for folkehelse, som skal rullerast kvart år, vil ein finna nok ei konkretisering; denne gong på tiltaksnivå. Konkretiseringa vil vera i tråd med den til ei kvar tid gjeldande oversikta over helsetilstanden i kommunen.



*Flaggborg  
Foto: Hans Faye*

#### **Delmål 1: Tilrettelegge for at det skal bli lettare å ta ansvar for eiga helse**

<b>Korleis oppnår vi dette?</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>● skaffe oversikt over helsetilstanden i kommunen (hjelp til selvhjelp på både system - og gruppe/individnivå)</li></ul>
	<ul style="list-style-type: none"><li>● iverksetje tiltak basert på kunnskapen om lokale utfordringar</li></ul>
	<ul style="list-style-type: none"><li>● iverksetje tiltak med målsetting om å skape bevisste innbyggjarar som ynskjer å ta sunne val for helsa si</li></ul>
	<ul style="list-style-type: none"><li>● sikre naudsynte samarbeid med relevante aktørar</li></ul>

#### **Delmål 2: Tilrettelegge for at ein skal førebygge meir og reparere mindre**

<b>Korleis oppnår vi dette?</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>● framskude prosessane ved å ta i bruk strukturelle virkemiddel lokalt</li></ul>
	<ul style="list-style-type: none"><li>● framskude prosessane ved aktivt å bidra for å ta i bruk strukturelle virkemiddel regionalt (jfr. Partnerskap for folkehelse Rogaland Fylkeskommune og Fylkesmannen i Rogaland)</li></ul>
	<ul style="list-style-type: none"><li>● synleggjere og dokumentere gevinstar ved å/auke kunnskap om å ta sunne val for helsa</li></ul>
	<ul style="list-style-type: none"><li>● utarbeide incentivplanar for helsefremjande livsstil (samarbeid ex. jfr. Partnerskap for folkehelse og med frivillig sektor og andre aktørar)</li></ul>
	<ul style="list-style-type: none"><li>● sikre trygge og sunne oppvekst – og buvilkår for innbyggjarane i heile kommunen</li></ul>

### **Delmål 3: Tilrettelegge for at det vert danna breie alliansar for folkehelse**

<b>Korleis oppnår vi dette?</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>● intensivere fokuset på samhandling, både horisontalt, men og vertikalt (tverrsektorielt i kommunen, med frivillig sektor, med fylkeskommune, med staten samt andre relevante offentlege og private aktørar)</li></ul>
	<ul style="list-style-type: none"><li>● vise vilje til å inngå i nye samarbeid med relevante aktørar, vise openheit som kommune</li></ul>
	<ul style="list-style-type: none"><li>● vere proaktive når det kjem til å innhente ny kunnskap frå andre sektorar/næringar og til å bruke innovative løysingar til beste for ei bærekraftig velferd</li></ul>
	<ul style="list-style-type: none"><li>● aktivt be om råd frå andre samarbeidspartnarar når det gjeld lokale utfordringar</li></ul>

### **Delmål 4: Tilrettelegge for eit velfungerande tverrsektorielt samarbeid med fokus på helsefremjande faktorar, førebygging og reduksjon av sjukdom**

<b>Korleis oppnår vi dette?</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>● sikre at folkehelseforumet vert brukt aktivt for på denne måten, om mogleg, å vere pådrivar for andre aktuelle tverrsektorielle fora</li></ul>
	<ul style="list-style-type: none"><li>● initiere forventningsavklaringsprosessar for på denne måten å sikre at alle har sams oppfatning av at alle sektorar har ei like viktig rolle i folkehelsearbeidet</li></ul>
	<ul style="list-style-type: none"><li>● sikre at kommunikasjonsflyten er i tråd med definerte, tverrsektorielle målsettingar for på denne måten å sikre at alle har same</li></ul>

	utgangspunkt i prosessane
	● sikre at systembygginga er tufta på tenlege arbeidsmåtar for dei involverte
	● oppfordre til og etterstrebe høg grad av medverknad

**Delmål 5: Tilrettelegge for at prioriteringane innanfor satsingsområdet er tufta på kunnskap og på kost/nytte (der det er teknisk mogleg) for på denne måten å sikre forutsigbare rammevilkår på både kort, men og på lang sikt**

<b>Korleis oppnår vi dette?</b>	● sikre oversikt over helsetilstand og påvirkningsfaktorar
	● sjå til forskning og til andre kommunar sitt folkehelsearbeid for på denne måten å lære om tiltak som har vist seg å ha effekt
	● bruke nasjonale, regionale og lokale data, både frå helserelaterte aktørar, men og frå andre sektorar, i sakspresentasjonane
	● sikre forutsigbar vidareformidling av kunnskap både internt, men like viktig: ut til politikarar og andre (sikrar auka trygghet i beslutningsprosessar)

**Delmål 6: Tilrettelegge for bruk av innovative løysingar både på systemnivå (samarbeidsformer o.a), men like viktig når det kjem til ny velferdsteknologi**

<b>Korleis oppnår vi dette?</b>	● arbeide for å auke forståinga av viktigheten om å bidra til samt vere open for, nytenking og innovasjon
	● ha mot til å ta i bruk innovative løysingar og å nysgjerrig evaluere desse
	● bidra til å fremje lokale og regionale innovasjonsprosjekt (ex. ved å definere aktuelle problemstillingar)

**Eit målrettafokus på delmåla ovanfor vil bidra til at vi evnar møte utfordringane Bogn, som samfunn, vil møte i åra som kjem.**



*Kapproing i Føresvik 17. mai  
Foto: Hans Faye*

### **3.4 UNIVERSELL UTFORMING OG TILGJENGE**

Regjeringa forventar at regional og kommunal planlegging bidrar til universell utforming av omgivnad og bygningar. Lokalisering av ulike funksjonar vert sett i samanheng slik at ferdsel og tilkomst blir enklast muleg, og utforming av områder og busetnad legg til rette for tilgjenge for alle brukargrupper (Nasjonale forventningar).

Kommunen skal etter plan- og bygningslovens § 1-1 første ledd, fremja bærekraftig utvikling til beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjonar. Vidare skal kommunen etter femte ledd i sørgja for å ivareta prinsippa for universell utforming i planlegginga og det enkelte byggetiltak. Universell utforming bør drøftast og nedfellast i kommuneplanen sin samfunnsdel som en gjennomgåande føring for vidare planarbeid og for sektorane si verksemd.

#### **Frå planprogrammet:**

*Bokn kommune er ein oversiktleg kommune med eit avgrensa tal funksjonar, fellesområde og bygg retta mot allmennheita. Samstundes har kommunen ein høgare ande barn og eldre enn gjennomsnittet – grupper som gjerne har høgare krav til tilrettelegging og intuitiv forståing enn yngre vaksne. Det burde derfor ligga til rette på Bokn for å kunna oppnå ein høg grad av framkomeleg heit og enkel bruk i samfunnet – både av bygg retta mot allmennheita, av felles uteområde, infrastruktur mV.*

#### **Delmål for universell utforming**

**Ved utforming av områder og busetting skal det så langt det er praktisk muleg tilretteleggast for tilgjenge for alle.**

<b>Korleis oppnår me dette?</b>	<b>Dette kan me gjera</b>
Sikra at offentlege bygg og bygningar	Sørgja for at forvaltninga har fokus og



som skal gi ålmenta tenester, har universelle løysingar	kunnskap om krav til universelle løysingar
Sørge for at eksisterande offentlege bygg og bygg for ålmenta, har tilfredsstillande universelle løysingar	Kartlegga eksisterande situasjon som grunnlag for en utbetningsplan
Sørge for at planar har krav til universelle løysingar.	Ha fokus på gode planbestemmelser.



*Når bygningar, infrastruktur og funksjonar er tilrettelagt på ein slik måte at dei kan nyttast av alle, gir det ein stor gevinst i form av auka trivsel, helse og likeverd i befolkninga.*

Foto: Hans Faye

### 3.5 BRUK OG VERN AV STRANDSONEN

**100-metersbeltet langs sjøen og langs vassdrag skal det tas særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser (§ 1-8 i plan- og bygningsloven).**

Strandsona er eit attraktivt område både til bustadføremål, næringsverksemd, fritidsbusetnad og friluftsliv. Sjølv om vi lenge har hatt eit byggjeforbod i 100 metersbeltet frå sjøen, er det stort press på vidare utbygging i delar av strandsona. Strandsona er viktig for mange typar friluftsliv: turar, bading, fiske, båtutfart og andre typar aktivitetar på, ved og i sjøen. Strandsona har òg viktige økologiske funksjonar med spesielle leveområde for plantar og dyr. Det er eit nasjonalt mål at strandsona skal bevarast som eit natur- og friluftsområde som er tilgjengeleg for alle i eit langsiktig, berekraftig perspektiv. Kommunane må sikre folk tilgang til strandsona frå land og frå sjø, ta vare på viktige leve- og oppvekstområde for plantar og dyr og ta omsyn til landskapet. Det er difor nødvendig med ein streng praksis i behandlinga av plansaker og dispensasjonar i 100-metersbeltet langs sjøen.



*Sjølv om Bokn framleis har mykje urørt strandsone, kan det vera rift om dei mest befolkningsnære og attraktive områda.*

*Foto: Hans Faye*

### **3.5.1 Status**

Bokn har ei samla kystlinje på ca. 194 km. Strandsona (100-metersbeltet) har eit areal på ca. 10,2 km<sup>2</sup>. Det er langs kysten størsteparten av bygginga i kommunen foregår – både til bustad-, fritids- og næringsføremål mm.. Samstundes som strandsona er attraktiv for utbygging er det også dei kystnære områda som har den beste landbruksjorda, som er mest ettertrakta til friluftsliv, og som har det mest verdifulle plante- og dyrelivet og dei viktigaste kulturminnene. Sjølv om Bokn framleis har mykje utmark, er det ikkje ubegrensa med attraktive arealer i strandsona.

For å få ein oversikt over areal og bruk i strandsona er det gjennomført ei kartlegging av areal- og planstatus i 100-metersbeltet i heile kommunen (metode skildra i vedlagt strandsonerapport). Målsetnad med kartlegginga er å få eit oversyn over dagens arealtilstand, grad av inngrep og tilgjengeleg strandsone. Analysane er basert på tilgjengelege digitale data.

Kartlegging av arealstatus gjev eit oversyn over nedbygd og tilgjengeleg strandsone. Tilgjengeleg strandsone for ålmenta er definert som område med fri ferdsel etter friluftslova, samt tilgjenge i høve til terreng/brattleik. I rapport om strandsonkartlegging, vedlagt, er det rekna ut at 75,6 % av strandsona i kommunen utan tekniske inngrep, dvs. inngrepsfri. Ved å kombinera tema bygg, veg, areal, anlegg, el.nett, innmark og freda kulturminne i strandsona er totalt 24,4 % av strandsona påverka av menneskeleg aktivitet. Rapporten fastslår også at om lag 67,5 % av strandsona er utan tekniske inngrep og med tilgjengeleg topografi. For meir informasjon om metode og bakgrunn for analysane, sjå vedlagt strandsonerapport.

Store deler av strandsona i nærområda til bustadområda Føresvik og Alvestadkroken er gjenbygd eller ligg i tilknytning til dyrka mark og er såleis ikkje tilgjengeleg for ålmenta. Problemstillinga om at dei mest attraktive og lettast tilgjengelege deler av strandsona blir privatisert og gjenbygd gjeld også for Bokn.



*Hognalandsbassenget*

*Foto: Vestfoto*

### **3.5.2 Statleg planretningsline for strandsona**

Planretningslinene tydeleggjer Nasjonal arealpolitikk i 100-metersbeltet langs sjøen innafor ramma av PBL. Målet er å ivareta allmenne interesser og unngå uheldig bygging langs sjøen. Stortinget har vedteke at det skal gjennomførast ei sterkare geografisk differensiering slik at byggjeforbodet vert praktisert strengast i sentrale område der presset på areala er stort. For Bokn sitt vedkomande har ein blitt plassert i “sone 3 – område med mindre press på areala”. For denne sona gjeld det at ein, “etter en konkret vurdering ut frå lokale forhold” (sitat frå kap. 7.2 i retningslinene), kan opna for noko utbygging i 100-metersbeltet. Det er likevel presisert i retningslinene at dette ikkje gjeld generelt for *fritidsbustader*. Fritidsbustader skal ikkje liggje i strandsona, og særleg ikkje i/ nær sentrumsområde/ tettbygde område.

For tiltak i 100m beltet langs sjøen i Bokn skal følgjande retningsliner leggest til grunn: (sitat frå retningslinene)

- *Utbygging bør så langt som muleg lokaliserast til områder som er bebygd frå før, slik at utbygginga skjer mest muleg konsentrert. Utbygging i urørte områder med spesielle friluftsiinteresser, natur- og landskapskvalitetar eller kulturminneinteresser skal unngåas. Det gjeld for eksempel utbygging i kyst- og fjordlandskap med spesielle kvalitetar.*
- *Spørsmålet om bygging skal vurderast i forhold til andre allmenne interesser. Det bør ikkje tillatast utbygging i områder som har spesiell verdi i forbindelse med friluftsliv og allmenn ferdsel, naturkvalitetar, naturmangfold, kulturminner, kulturmiljøer og landskap. Forholdet til andre interesser, som for eksempel landbruk, fiske, oppdrett og reindrift må også vurderast. Der det blir tillate bygging, bør omsynet til andre interesser ivaretakast best muleg.*

- *Alternative plasseringar bør vurderast og veljast dersom det er muleg. Det bør også vurderast om tiltaket kan trekkast vekk frå sjøen. Tiltak som blir tillat må tilpassast omgjevnaden best muleg.*
- *I områder kor alt tilgjengeleg utbyggingsareal ligg innafor 100-metersbeltet, og alternativ plassering av tiltak dermed ikkje er muleg, vil kommunen ha vidare adgang til å tillata tiltak for å ivareta omsynet til ei fornuftig samfunnsutvikling. Ved vurdering av om tiltak skal tillata skal det leggast vekt på om omsynet til tilgjenge for ålmenta kan ivaretakast ved at det eksempelvis blir sett av areal til kyststi, friluftsområde eller liknande.*
- *Behovet for næringsutvikling og arbeidsplasser, for eksempel satsing på reiseliv og turisme, skal tilleggas vekt i vurdering av tiltak i 100-metersbeltet. Desse omsyna må vegast opp mot omsynet til dei allmenne interesser som er oppgitt framføre.*
- *Vurderinga vil vera avhengig av kva slags type tiltak det gjeld. Det kan vera grunnlag for å tillate visse tiltak nær sjøen, som for eksempel brygger, naust, næringsiltak og sjøretta reiselivsannelegg.*
- *Mulegheita for fritidsfiske gjennom å tillata oppføring av naust og brygge skal også tilleggas vekt i vurderinga av tiltak i 100-metersbeltet. Desse omsyna må vegast opp mot omsynet til dei allmenne interesser som er oppgitt framføre, og mulegheit for felles brygger og naust bør også vurderast.*

*Retningslinene gjeld også for by- og tettstadsområder. I desse områda skal behovet for fortetting og byutvikling tilleggas vekt. Arealer til bustad-, sentrums- og næringsutvikling bør som eit utgangspunkt prioriterast framfor arealer til fritidsbustader.*

### **3.5.3 Funksjonell strandsone**

Funksjonell strandsone er i Fylkesplan Hordaland 2005-2008 definert som “Den sona som står i innbyrdes direkte samspel med sjøen både økologisk, topografisk og/eller bruksmessig. Kan vera smalare eller breiare enn 100-metersbeltet.

Planprogrammet definerte at ein skulle kartleggja strandsona i kommunen. Det er i planprosessen gjennomført kartlegging av strandsona i 5 delområde i kommunen. Desse er valt ut på bakgrunn av aktivitet og press på strandsona. Områda som er kartlagde er Loden/Jøsen, Straumen, frå Knarholmen til Føresvik, Fløysund til Kro og strandsona langs Øyrenfeltet på austre Bokn. Metodikken som er nytta i arbeidet utført av Akvator AS er utarbeidd i eit samarbeidsprosjekt i regi av Samarbeidsrådet for Sunnhordland, der alle 8 kommunar og regionale mynde i Hordaland har delteke. *beltet.*”

Metodikken for strandsonekartlegginga har vore presentert for fylkesmannen i Rogaland i fleire dialogmøter.


Ut frå definerte kriterium viser det seg at kartlagt funksjonell strandsone somme stader er meir enn 100m frå strandlina, medan den andre stader er mindre. Resultatet av kartlegginga har blitt nytta direkte i konsekvensvurderinga av framlegg til ny arealbruk. Grense for funksjonell strandsone har blitt nytta ved avgrensing av innspel

mot sjø, og ved definering av byggjegrænse mot sjø i utbygde/ planlagt utbygde område.

### 3.5.4 Byggjegrænse

Ny Plan- og bygningslov gjeldande frå 1.juli 2009 skjerpar byggjeforbodet i strandsona. I den nye lovføresegna (§1-8) går det fram at byggjeforbodet gjeld "så langt ikkje annan byggjegrænse er fastsett i kommuneplanens arealdel eller reguleringsplan". Utbygging i strandsona skal såleis som hovudregel vera i samsvar med overordna plan og ta omsyn til landskap, natur og friluftsliv. Føresegna gjer det klart at det i kommuneplanen sin arealdel må vera fastsett ei byggjegrænse i områder der det skal tillatast utbygging dersom byggjeforbodet i § 1–8 skal opphevast. Etter at overgangsperioden på fire år frå 1. juli 2009 er utgått, gjeld forbodet også driftsbygningar i primærnæringa, om ikkje anna vert fastsett i kommuneplan.

Område som er avsett til byggeområde i kommuneplanen, regulerte eller uregulerte, har ofte ikkje fastsett byggjegrænse mot sjø. I slike område kan ei kartlegging av strandsoneverdiane (funksjonell strandsona) vera viktig informasjon for å sikra ein miljørevisjon av planane. Det vil i enkelte område likevel vera naudsynt å setje ei anna byggjegrænse enn den funksjonelle strandsona, for slik å leggje til rette for at eksisterande eigedomar kan vidareutviklast innanfor fastsette rammer. Nye tiltak skal som hovudregel plasserast vekk frå sjø. Denne tilnærminga gjer det mogleg å leggja til rette for nye tiltak der dette etter nærare vurderingar ikkje forringar strandsoneverdiane i område, samstundes gir det kommunen muligheit til å avgrensa og sikra restar av friområde og viktige ferdselskorridorar i strandsona.




Byggjeforbodet i 100-metersbeltet er gjeldande innanfor eksisterande byggeområde, både regulerte og uregulerte, dersom ikkje anna byggjegrænse er avsett i plan.

100-metersbeltet er avgrensa med svart strek.




Steg 1  
Funksjonell strandsona er kartlagt og avgrensa med blå strek.

Kartlegging av funksjonell strandsona er ei kartlegging av område med strandsoneverdiar.



Steg 2  
Innanfor eksisterande byggeområde er ny byggjegrænse vurdert basert på planstatus og eksisterande bebygde eigedomar.

Ny byggjegrænse mot sjø er avgrensa med raud strek.



### Steg 3

I områder der det er vesentleg avvik mellom funksjonell strandsone og ny byggjegrense, kan det leggjast ei omsynssone med føringar for å ivareta strandsoneverdiene innanfor området.

## 4. ANDRE VIKTIGE TEMA I PLANEN

### 4.1 SAMFERDSEL

**Bokn er sentralt plassert i Rogaland med korte reiseavstandar både til Haugesund og Stavanger. Med kyststamvegen (E39) gjennom kommunane og viktige farleder til sjøs på fleire kantar, ligg Bokn svært sentralt til kommunikasjonsmessig.**



*”Vikingar” på ferd i Boknasundet*

*Foto: Hans Faye*

Samferdselsbildet i Bokn karakteriserast først og fremst av gjennomgangstrafikken frå Boknafjordsambandet som er Noregs mest trafikkerte ferjestrekning. ÅDT er ca. 4000 bilar. Trafikken er sterk aukande med stor ande tungtrafikk.

Rogfast er under planlegging og førebels anslag tyder på at prosjektet skal stå ferdig i 2020. Forventa års døgntrafikk når bompengene er nedbetalt, er anslått til 12000 bilar. T-forbindelsen mellom Karmøy, Tysvær og Haugesund, som skal åpna i 2013, vil også endre samferdselsbildet for Bokn.

Siden ferjeforbindelsen blei åpna har det vore fleire dødsulykker og mindre ulykker langs stamvegen. Med nåværende vegstandard kan ein forventa at ulykkesbildet vil forverra seg. Gang/sykkelvegnettet i Føresvik/ Alvestadområdet er mangelfullt.

Føresvikvegen mellom E39 og Føresvik sentrum er under regulering som 2 felts veg med fortau. Planen ventas vedtatt hausten 2012. Vegen har ein ÅDT på ca.800. Med sentralisering av bustadbygging til Føresvik slik kommuneplanen legg opp til, vil trafikken auka på strekninga.

Fylkesvegnettet i kommunen har låg standard som ein felts veg, dårleg kurvatur og manglande sikt i kurver.

Bussruter på strekninga Stavanger – Haugesund - Bergen går via Bokn og framstår som eit godt kollektivtilbod for reisande til og frå Bokn. I tillegg går det ei arbeidsrute/skulerute mellom Bokn og Haugesund.

Hurtigbåtforbindelsen mellom Bergen og Stavanger går innom Føresvik.

Reisetida til Haugesund lufthamn er ca. 1time og til Stavanger lufthamn-Sola ca. 1,5timer. T-forbindelsen og Rogfast vil medverke til å redusera reisetida til flyplassane.



*Trafikkø på E39 til Arsvågen*

*Foto: Hans Faye*

#### DELMÅL SAMFERDSEL:

#### **Bokn skal ha eit miljøvennleg og trafikksikkert transportsystem**

<b>Korleis oppnår me dette?</b>	<b>Dette kan me gjera</b>
Opprusting av E39 over Bokn	Arbeida ovafor Statens vegvesen for å få gjennomført trafikksikringstiltak i samsvar med strekningsanalysen for parsellen mellom Arsvågen og Mjåsund. Regulering og bygging av nytt vegkryss på Ognøy.
Redusera støy frå E39	Arbeida ovafor Statens vegvesen for å få

	utarbeidd reguleringsplanar for støytiltak og tilhøyrande gjennomføring
Opprusting av lokalvegnettet på Bokn	Arbeida vidare med reguleringsplanen for Føresvikvegen med tilhøyrande grunninnløyising og opparbeiding. Utarbeida plan for miljøgate i Føresvik sentrum. Oppgradere fylkesvegen mellom Trosnavåg og Føresvikvegen.
Utbygging av gang-og sykkelvegnettet	Bygga ut samanhengande gang/sykkelvegnett i samsvar med trafiksikkerhetsplanen

#### 4.2 BEREDSKAP OG SAMFUNNSIKKERHEIT

##### **Kommunane er frå 01.01.2010 pålagt generell beredskapsplikt med krav om heilskapleg og samordna beredskapsplanlegging i medhald av "Lov om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelses tiltak og sivilforsvaret"**

Samfunnssikkerheit og beredskap skal ha ein sentral plass i kommunen sine overordna planar. Jfr St.meld. nr. 17 – "Samfunnssikkerhet-veien til et mindre sårbart samfunn" Samfunnssikkerheit og beredskap skal virka saman og samordnast. Det er gjort endringar i Plan og bygningslova der kommunen har plikt til å følgja opp kravet om ROS-analysar i alle plansaker som eit tiltak for å førebygga risiko for tap av liv og helse, infrastruktur og materielle verdiar.

##### 4.2.1 Fellesmål for robuste lokalsamfunn:

Kjennskap til risikofaktorar for helse, miljø og verdiar og kjennskap til sterke og svake sider beredskaps messig er viktige faktorar. Med god kunnskap kan kommunen førebygga at uønska hendingar skjer og redusera skadeverknader. Ved all planlegging av infrastruktur, busetnad og viktige samfunnsfunksjonar skal tryggleik og beredskap vurderast.

##### 4.2.2 Kommunen som tenesteytar:

Kommunen har ansvar for tenester innan helse, skule og barnehage, kultur tekniske tenester og brann. Som grunnlag for driftsplanlegginga skal kommunen prioritera faktorar som har betydning for å bygga eit robust lokalsamfunn.

##### 4.2.3 Kommunen som arealforvaltar og pådrivar.

Kommuneplanen sin arealdel og reguleringsplanar utgjer rammene som kommunen og andre aktørar må ta omsyn til ved fysisk planlegging. ROS-analysar skal utarbeidast som del av reguleringsplanar og andre utbyggingsplanar. Risikobildet i kommunen kan bli påverka som følge av endra arealbruk.

Kommunen kan bidra til å auka robustheita gjennom samarbeid med frivillige organisasjonar og eksterne myndigheiter.

##### **Kommunen vil samarbeide med andre til felles beste i arbeidet med å gjera lokalsamfunnet tryggare**



### 4.3 SAMFUNNS SIKKERHEIT

#### Nasjonalt er det sett følgende mål for samfunnssikkerheit

- Effektiv førebygging av kriser og alvorleg svikt i samfunnskritiske funksjonar
- God organisering av samfunnet sitt beredskapsapparat
- Effektiv handtering av kriser

Samfunnssikkerheit er definert som evna samfunnet har til å oppretthalda viktige samfunnsfunksjonar og ivareta innbyggjarane sine liv, helse og grunnleggande behov for ulike former for påkjenning.

I arbeidet med samfunn sikkerheit og beredskap skal vurderast årsaksreduksjon og konsekvensreduksjon.

**Årsaksreduksjon** er førebyggjande tiltak for å redusera sjansen for uønska hendingar. Årsaksreducerande strategiar kan vera å sikra samfunnsfunksjonar gjennom arealplanar til tiltak om varsling.

**Konsekvensreduksjon** betyr å setja i verk tiltak i tilfelle hendingar skjer og at konsekvensen av hendingane blir så små som muleg.

Tiltak kan vera beredskapstiltak, materiell og øvingar eller tiltak for og styrka evna til og handtera ei hending.

#### 4.3.1 Risikokategorier

- **Naturrisiko-** skred, flom, høg vasstand, sterk vind, ekstremnedbør og skog/lyngbrann
- **Virksomhetsrisiko og beredskapsrisiko-** risikovirksomheiter, trafikkisikkerhet, skipsfart og brannvesen
- **Sårbare objekt-** friluftsområder- viktige områder for dyre og fugleliv, verneområder, vassdrag og kulturminner. Jfr ROS-analyse for Bokn.

#### 4.3.2 ROS-analyse for Bokn

- Kommunen har utarbeidd ROS analyse som grunnlag for kommunal beredskapsplan. Analysen blei lagt fram for kommunestyret den 1. mars 2011 og er godkjent av fylkesmannen i Rogaland som grunnlag for utarbeiding av beredskapsplan.  
Analysen viser at det innafor kommunegrensene kan oppstå mange forskjellige hendingar som kan få omfattande betydning for miljø, føra til tap av mange menneskeliv og tap av store verdiar, inkludert arbeidsplasser.  
Med utgangspunkt i ROS analysen vil kommunen sørgja for at det blir utarbeidd nødvendige beredskapsplanar med målsetting om å førebygga at hendingar skal skje og der det er beskrive korleis kommunen skal kunna handtere dei mest sannsynlege hendingar, ulykker og kriser.
- For å kunna ivareta kommunen sitt ansvar for samfunn sikkerheita, vil kommunen prioritera opplæring av alle som er tiltenkt oppgåver, gjennomføra interne øvingar og trenar på samhandling med eksterne redningsetatar
- Kommunen vil innføra beredskaps-og sikkerheitsarbeid som eige politikkområde.
- Spørsmål om samfunnssikkerheit skal stillast i samanheng med all planlegging og gjennomføring av tiltak.

Risikoforhold knyta til byggeområder skal kartleggast i tråd med rettleiaren "Samfunnssikkerhet i arealplanleggingen" frå DSB.

For å sikra dette må heile kommuneorganisasjonen ha kjennskap til bruk av ROS-analyser for kartlegging av risiko.

ROS-analysen for Bokn konkluderer med at kommunen blant anna må ha fokus på følgjande forhold:

- Straumtilførsel er sikra til sjukeheim, vassverk og kommuneadministrasjon med nødstraumsaggregat, men fleire andre offentlege bygg og pumpestasjonar er sårbare ved straumsvikt. Gjeld også daglegvareforretninga.
- IT og telekommunikasjon er ikkje tilfredsstillande sikra.
- Ulykker på land og sjø med mange skadde/omkomne er sannsynlig. Kommunen er neppe førebudd på å kunna handtera slike hendingar.
- Det er ikkje tilfredsstillande plan for alternativ vassstilførsel.
- Vassverksdrifta er sårbar som følge av at berre ein person har tilstrekkeleg kunnskapar som driftsoperatør.
- Brann og redningsberedskapen er tilfredsstillande for handtering av "vanlige" ulykker på veg og brann i bygningar, men det kan skje hendingar i Bokn av slikt omfang at ressursar og kunnskapar til redningsmannskapa ikkje er tilstrekkeleg til å meistra oppgåva.
- Verken sjukestova eller omsorgsbustader er sprinkla.
- Kommunen har smittevern plan, men manglar prosedyrar for øvingar.
- Kommunen er i liten grad utsett for flaum og ras, men Boknatun ligg utsett til for flom ved ekstremnedbør. Ekstremver i form av vind og springflo kan påføra skade på bygningar og infrastruktur.
- T-forbindelsen og Rogfast vil generera betydeleg meir trafikk på E39 gjennom Bokn. Risikoen for trafikkulykker vil auka.

Vidare arbeid for betre samfunnstryggleik:

- For kriseleiinga og informasjonsmedarbeidarar må det leggst opp til jamlege øvingar og alle som er tiltenkt roller må ha nødvendig kompetanse og vere kjende med beredskapsplanar og kriseplan.
- Det må kartleggast om det er ytterlegare infrastruktur som bør sikrast med nødstraum
- Det må utarbeidst ROS analyse for telekommunikasjon og IT og eventuelt iverksetjast tiltak utover dagens sikkerheitsnivå.
- Brannsikkerheita i sjukeheim og omsorgsbustader må sikrast betre. (sprinkling og kompetanseheving hos tilsette)
- Det må utarbeidast ny beredskapsplan for vassforsyning og det bør føreligga ein kvalitetsgaranti.
- Ein person til bør få opplæring som driftsoperatør.
- I løpet av januar 2012 vil Bokn brannvesen inngå i eit samarbeid med Tysvær brannvesen som vil overta brannsjefen sine ansvarsoppgåver. Brannvesenet vil bli tilført ny spisskompetanse som grunnlag for å kunna setja mannskapa i betre stand å løysa oppgåvene dei kan bli sett til.
- Gjennom planprosessane for Rogfast må det leggst betydeleg vekt på at Statens vegvesen gjennomfører trafikksikkerheitstiltak som gir ein akseptabel risiko på strekninga mellom Arsvågen og Mjåsund.

- Alle seksjonane må utarbeida beredskapsplanar for eigne ansvarsområder og innføra rutinar for øvingar og gjennomgang av planar. Arbeidet med samfunnssikkerheit må omtalast i årsmeldingane.

### 4.3.3 Overordna og generell ROS-analyse

Den overordna og generelle ROS-vurderinga er knytt til *Risiko og sårbarheits analyse for Bokn kommune* (2011). Føremålet med denne fasen er å vurdera om det har oppstått nye risikomoment og/eller om nye tiltak er naudsynte.

I den overordna analysen vil ein sjå på planen sin totalitet i høve til risiko for definerte fareområde/hendingar. ROS-analysen vil vurdera risiko knytt til den nye arealplanen og planen sin påverknad på samfunnet i Bokn, beredskap og sårbarheit. Vurderingar knytt til enkelt areal er inkludert i konsekvensutgreiing for areal (vedlegg til plan).

ROS-analysen for Bokn kommune sei at kommunen er på mange måtar eit sårbart samfunn. Kommunen ligg sentralt i høve til viktige farleier med stor skipstrafikk, gjennomgåande stamveg med høg andel transport av farleg gods, gassrøyr på tvers av kommunen, aukande flytrafikk og Europas største gassterminal som næraste nabo. Busetting på 3 øyar gjer infrastruktur som vatn, straum, vegar og bruer sårbart. Det er få alternative løysningar dersom det skjer brot på anlegg.

Planframlegget opnar for utbygging knytt til bustad, hytter og næring. Dette vil samla føra til auka folketal, både fastbuande og tilreisande. Samstundes som planframlegget opnar for fleire innbyggjarar i kommunen, vil også andre prosjekt som ROG-fast sambandet og T-forbindelsen mot Karmøy ha påverknad på folketalsutviklinga. ROS-analysen her tek berre for seg konsekvensane av planframlegget.

Eksisterande beredskapsplanar bør reviderast basert på ny arealdel til kommuneplanen. Til dømes kan auka befolkning føre til større behov knytt til helsetenester.

### Naturrisiko

I framtida kan ein ikkje lenger berre bygga på erfaring og statistikk når det gjeld kartlegging av risiko, det bør også takast omsyn til prognosane om endring i vêrsituasjonen. Klimaendringar vil ha effekt i forhold til sannsyn og årsak for ulike hendingar.

#### 4.3.3.1 Grunntilhøve (ras og skred)

Bokn kommune har ikkje kjennskap til enkeltområde som er meir utsett for forureina grunntilhøve enn andre. Nye areal av viss storleik vil ha krav om reguleringsplan og såleis også utarbeiding av ROS-analyse på detaljnivå.

Det er ikkje kjent at det har gått noko form for ras i Bokn. Det vart i samband med utbygging i Øyren byggefelt registert rasfarlege steinblokker. Eksisterande bustadfelt er sikra mot ras gjennom etablerte tiltak.

- ROS-analyse for enkelt område er sjekka mot skrednett.no sine aktsomheitskart, samt vurdert basert på lokalkunnskap. Areal er tilrådd negativt basert på skredfare.
- Det er kjent fare for rasfare for eit område som er lagt ut som bustadfelt i planframlegget (utviding av bustadfelt Øyrenfeltet, KU innspel nr. 12). Det er

sett krav til utarbeiding av detaljplan der rasfare må undersøkast og sikringstiltak gjennomførast om nødvendig.

#### 4.3.3.2 Sterk vind



#### *Stormfullt i Boknasundet*

*Foto: Hans Faye*

Fleire område i kommunen ligg eksponert i høve til ekstrem vind, og i følgje vindkart for Rogaland ligg kommunen i rød sone med vindhastigheit i 80m høgde på 8,6-9,5 m/s. Spesielt er vind frå sør og sørvest mest framtrudande, noko som også er vanleg for heile Vestlandet.

ROS-analyse Bokn konkluderer med at det må takast høgde for aukande stormfrekvens og at det må takast omsyn til vind i arealplanar med tanke på plassering av bustadar.

- Ved reguleringsplanar og enkelte byggesøknadar bør sårbarheit knytt til ekstrem vind avklarast, spesielt er dette aktuelt for tiltak i eller nær sjø. Elles er teknisk forskrift styrande for dimensjoner og tålevne.

#### 4.3.3.3 Ekstrem nedbør og flaum

Meir enn 50 mm nedbør i løpet av eit døgn vert rekna som ekstremnedbør, jf. ROS-analyse Bokn. Mykje nedbør over tid er ikkje vurdert til å vera eit problem i kommunen, men ekstremt mykje nedbør over kort tid kan føra til materielle skadar. Det er mindre vassdrag i kommunen der det kan utløyasast mindre jordskred som kan føra til tette bekkeløp, og det finst bygningar der vatn kan trenga inn i sokkeletasje/kjellar.

Boknatun ligg utsett til i høve til flaum i bekk som går i lukka røyr under bygget. Før evt. utbygging i nedslagsfeltet til bekken bør det gjennomførast nye kapasitetsberekningar.

- Potensialet for flaum og flaumskadar er eit faremoment som må avklarast i reguleringsplan eller ved byggesøknad der dette er aktuelt.

- Det er opna for bustadføremål vest for Føresvik sentrum og Boknatun. Kommunen må følgje opp og gjennomføre ny kapasitetsberekning på røyrnett under Boknatun.

#### 4.3.3.4 Høg vasstand

Høg vasstand oppstår som ein kombinasjon av høg springflo og høg stormflo. ROS-analyse Bokn syner til største kjende stormflo var ca. 1,25 m over normalvasstand. Eksisterande busetnad og tiltak ved sjø kan bli skada av høg vasstand, og særleg med kombinasjon sterk vind. Det er få bustadar som ligg i faresona i høve til høg vasstand, men det er mange naust, sjøhus og hytter som kan bli ramma. I ROS-analyse for Bokn er det skissert behov for kartlegging og vurdering av risikoforhold knytt til temaet for eksisterande og nybygging.

- Det er i føresegner sett krav til minimum byggehøgde over havnivå. For nybygg skal dei ikkje plasserast med lågare kotehøgde enn +2,5 golv kjellar/1.etg. For naust og andre mindre bygningar gjeld kote +2,0 golv 1 etg.
- Ved reguleringsplanar og enkelte byggesøknadar bør sårbarheit knytt til høg vasstand avklarast. Elles er teknisk forskrift styrande for dimensjoner og tåleevne.

#### 4.3.3.5 Radon

Det er gjennomført radon-målingar i Bokn i 2000/2001, der 12 % av husstandane deltok. Resultatet syner at 3 % av bustadane hadde radonverdiar over 200 Bq/m<sup>3</sup>. Årsmiddelverdien vart berekna til 54 Bq/m<sup>3</sup>, som er under landsgjennomsnittet. ROS-analyse for Bokn konkluderer med at kommunen har eit minimalt radonproblem. Ut frå kart over berggrunn er det grunn til å vera merksam på radon i område der ein finn alunskifer, uranrike granittar, i lausmassar og på morenegrunn.

- Teknisk forskrift set krav til at bygg er sikra mot radon. Dette ved at det er gjennomført radon-målingar som syner verdiar under tiltaksnivå eller at byggegrunn vert sikra mot radon inntrenging.

#### 4.3.3.6 Skog- og lyngbrann

Kommunen har eit begrensa omfang av skog. Dei største skogfelt ligg på austsida av Austre Bokn og mellom Knarholmen og Sandvika. Kommunen har ikkje eigen beredskap knyta til skogbrann.

- I planframlegget er det opna for byggetiltak innanfor deler av skogfelt (vindmøllepark på Austre Bokn og utviding av næringsområde på Knarholmen). Arealføremåla vil redusera storleiken av skogsområda.
- Fleire eksisterande og nye byggeområde ligg tett opp til større skog- og lyngområde. Ved reguleringsplanar og enkelte byggesøknadar må sikrast tilstrekkeleg sløkkevatn.

#### 4.3.3.7 Verksemdrisiko

##### Støy

Støyvarslingskart frå Statens vegvesen (2010) og støykartleggingar i samband med ROG-fast er nytta for å vurdere risiko for støyplager for eksisterande og nye byggeareal i kommuneplanen.

- Bustadområde ved Boknasundbrua som ikkje er utbygd er tilbakeført til LNF-område grunna utfordringar knytt til støy.

- Med unntak av to bustadareal ved Alvestadkroken (KU-innspel nr. 25 og 38) og utvida næringsområde på Knarholmen (KU-innspel nr. 39) er ingen nye areal plassert innanfor raud sone i støyvarslingskarta mot veg. Det er generell byggegrense mot veg som også vil medverka til at risiko for støyplager vert redusert.  
Ved reguleringsplanar må tilhøve til støy avklarast.
- Omfang av nye areal totalt vil venteleg ikkje medføra store endringar i støyvarslingskartet. Endringane i høve til støybildet vil i hovudsak vera knytt til ROG-fast sambandet.
- Det vert ikkje lagt til rette for ny busetnad eller anna støyfølsam arealbruk innafor støysona frå skytebanen ved Borgenvik.

PBL gjennom kommuneplanen og retningsline for handsaming av støy i arealplanlegging, T-1442, gir retningsliner for grenser for støy frå mellom anna næringsverksemdar. Samstundes set forureiningslova og Teknisk forskrift krav i høve til støynivå for ulike tiltak.

Det er fleire eksisterande næringsareal i Bokn kommune. Det er fleire næringsareal og bedrifter som kan ha støyande aktivitetar for nærmiljøet. Det er ikkje gjennomført kartlegging av støy frå næringsområde i kommunen.

- Det er lagt til rette for to nye næringsområde og ei utviding av eksisterande næringsområde i planframlegget. Det vert føresett at kvar enkelt bedrift følgjer retningslinje T-1442 og forureiningslova.

#### Transport av farleg gods og olje

Det vert transportert forholdsvis mykje farleg gods på stamvegen gjennom kommunen, samt at det går ein gassleidning på tvers gjennom kommunen.

Forvaltninga av regelverket kring transport av farleg gods er fordelt på mange mynder. Kommunen har ansvar for å oppretthalda ein beredskap som er tilpassa dei hendingane som kan skje innafor kommunegrensene.

ROS-analyse Bokn stadfester at det er potensiale for at ulukke med farleg gods kan få alvorlege konsekvensar, og at mange personar kan vera råka ved t.d. ulukke på gassferje, lekkasje frå tankbil på E39 og brot på EPII leidninga.

Bokn er del av eit interkommunalt olje- og beredskapsnettverk, IUA Nord Rogaland/Sunnhordland. Dette nettverket består av 15 kommunar.

- Den totale belastninga av nye forureinande verksemdar i planframlegget er vurdert til å vera låg. Nye industri/næringsområde er i hovudsak knytt til eksisterande bedrifter eller nye areal som ikkje ligg i nærleiken av sårbare naturområde (dvs. registrerte naturtypar eller viltområde).
- Det er ikkje opna for nye byggeområde i nærleik av gassleidning med unntak av vidareføring av vindmøllepark(KU-innspel nr. 16) og småbåthamn på Bokn. Avklaringar knytt til risiko må avklarast i samband med reguleringsplanarbeid.
- Det er opna for utbygging langs E39 (KU-innspel nr. 7, 25 og 39). Det må sikrast at ulukke på E39 ikkje får konsekvensar for dei nye byggeformåla. Byggegrense mot veg vil redusere sannsyn for at nye tiltak vert råka.

#### Brot på hovudkommunikasjonsnettet (Veganlegg/ bruer/ tunnelar /ferjekai)

Hovudårsak til brot på vegnettet er knytt til sterk vind. Stengingar vil normalt vera kortvarig og konsekvensane såleis relativt små. Tilhøva vil verta endra når ROG-fast sambandet vert etablert.

- Det er ikkje lagt til rette for nye areal som er spesielt sårbare for bortfall av hovudkommunikasjonsnettet, dvs. samfunnsviktige funksjonar.

#### Bortfall av straum og drikkevatn

Straumbrot på inntil fire timar vil ikkje få dramatiske konsekvensar for liv, helse eller miljø så lenge reservesystema fungerer godt. ROS-analyse Bokn syner til at det ikkje har vore straumbrot dei siste 10 åra som har hatt samfunnsmessige konsekvensar lokalt. Med oppgradering av hovudnettet til Bokn reknar ein med færre kortvarige straumbrot.

- Det er ikkje lagt til rette for nye areal som er spesielt sårbare for bortfall av straum eller telekommunikasjonar.
- Det er lagt til rette for utbygging i område utan tilknytning til offentleg vassverk. Disse må etablera private løysningar og i samband med dette sikre nødvendig back-up ved straumbrot.

Bokn vassverk er einaste offentlege vassverk i kommunen. Med unntak av husstandane på Dagsland, Grønnestad, Jøsen og Loten er heile befolkninga knyta til det offentlege tilbodet.

Det er knytt eigne internkontrollsystem for vassforsyningsdrifta og det er utarbeidd hovudplan og beredskapsplan for vassforsyninga.

- Det er ikkje lagt til rette for nye areal som er spesielt sårbare for bortfall av vassforsyning.
- Nedslagsfelta for vassforsyningsanlegga er sikra gjennom sikringszone “nedslagsfelt drikkevatn” og føremål “drikkevatn”.
- Det er ikkje lagt til rette for nye areal innanfor “nedslagsfelt drikkevatn”.

#### Trafikkulykke



### *Trafikkulykke på Boknasundbrua*

*Foto: Kyrre Lindanger*

Stamvegen, E39, går gjennom kommunen. Ulykkesstatistikken syner at det har vore 5 dødsulykke på stamvegen (E39) og ei dødsulykke på fylkesvegen sidan 1994.

Sannsynlighet for ulykker er relativt høg. I samband med ROG-fast sambandet er det utarbeidd ROS-analyse for strekninga Arsvågen-Mjåsund. Det er synt til mange svake punkt knytt til trafikksikkerheit. I denne analysen vil ikkje risiko og auka trafikk knytt til ROG-fast sambandet verta vurdert.

- Planen opnar for 15 nye område for bustadutbygging. I tillegg ligg eksisterande bustadføre mål som ikkje er utbygd. Auka trafikk og belastning på smale vegar vil kunne føra til auka risiko for trafikkulukke.
- Ved enkeltstående reguleringsplanarbeid eller byggesøknad skal veg- og kryssløysingar skisserast og planleggast.

### Uluke på sjø

Bruk av sjø og vatn både til transport (lasteskip, ferje og snøggått) og fritidsaktivitetar (fritidsbåtar) er høg i kommunen. Innanfor kommunen sine grenser er det mange viktige farleder som trafikkerast av passasjerskip, gasstankarar, gassferjer, lastebåtar, hurtigbåtar og tankbåtar. Potensialet for ulukker og forureining er stort. Kommunen har lokalitet for nødhamn.

I følgje ROS-analyse for Bokn har det ikkje skjedd store ulukker til sjøs eller akutt forureining.

- I framlegg til plan er det opna for ein del nye areal knytt til sjø og sjøaktivitetar, i hovudsak fritidsaktivitetar, men også til næring. Auka bruk av sjøareala må forventast å gi auka risiko for ulukke. Det vil vera naturleg krav til utarbeiding av detaljplan og ROS-analyse for alle nye småbåthamner, samt næringsområde som har sjøtilknytning. Risiko for ulukke til sjøs og i samband med hamna må vurderast i samband med detaljplan.

#### 4.3.4 Beredskap

##### **Frå 1.1.2010 er kommunen pålagt beredskapsplikt i medhald av "Lov om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelses tiltak og sivilforsvaret"**

##### **Målsetting:**

**Bokn kommune skal ha høg samfunnssikkerheit og beredskap og vera ein god kommune å arbeida, bu og opphalda seg i**

Beredskap er evna til å handtera og redusera skadevirkningar av uønska hendingar som kan føra til skade på eller tap av verdiar.

Bokn kommune har utarbeidd ein eigen overordna beredskapsplan, men den er ikkje revidert på grunnlag av kommunen sin ROS analyse.

I prosessen har det vore fokus på følgjande hovudtema:

Førebygging av kriser og alvorleg svikt i samfunnskritiske funksjonar

God organisering av samfunnet sitt beredskapsapparat

Effektiv handtering av kriser.

Gjennomføringa kan delast i følgjande faser:



### **Fase1 Kartlegging**

- Kartlegging av risikosituasjonen og forventningar

### **Fase2 Mål og organisering**

- Setja mål for tryggleik og beredskap
- Organisera arbeidet med tryggleik og beredskap

### **Fase 3 Gjennomføring**

- Utarbeida kriseplanar
- Styrka beredskapskompetanse
- Ivareta tryggleik og beredskap i planlegging, tenesteyting og saksbehandling.
- Sikra redningspersonell tilgang til nytt moderne redningsutstyr som gir rask og effektiv redning.

### **Fase 4 Evaluering og utvikling**

- Evaluera og utvikla tryggleiks- og beredskapsarbeidet med rutinar for ajourhold, beredskapsgjennomgang og tilsyn.



*Orkan styrke i vindkast på Boknasundbrua*

*Foto:TV2-Kyrre Lindanger*

### **Lovverket pålegg kommunane å ivareta tryggleik og beredskap innafølgjande områder:**

- Beredskapsmessige omsyn i samfunnsplanlegginga
- Helsemessig og sosial beredskap
- Beredskap mot akutt forureining
- Brann og eksplosjonsvern
- Drikkevassforsyning
- Utslepp av avløpsvatn
- Eventuell gassforsyning
- Informasjon

### **DELMÅL 1**

**Berdsapsplanen for administrasjonen og dei ulike seksjonane er oppdatert og kjent i organisasjonen.**

<b>Korleis oppnår me dette?</b>	<b>Dette kan me gjera</b>
Kriseleiinga er trent og administrasjonen har eit system for arbeid med beredskap internt, ovafor seksjonane	Øva kriseleiing 1 gong i året
Personell må prioritera arbeidet med beredskap og oppdatering av planverk	Ha tilfredsstillende beredskapsvakt for viktige fagområder

## **DELMÅL 2**

**Drikkevatnforsyninga må vera trygg og hygienisk tilfredsstillande og avløpsanlegg må fungera tilfredsstillande.**

<b>Korleis oppnår me dette?</b>	<b>Dette kan me gjera</b>
ROS-analyse for drikkevatt handtering og forsyning blir lagt til grunn for beredskapsarbeid	ROS-analyse er gjennomført. Ny beredskapsplan må utarbeidast. Beredskapsplan må øvast. Nødvendig driftskompetanse må vera sikra.
Ros-analyse for avløpssystemet blir lagt til grunn for beredskapsarbeid og oppfølging	



*Storm med orkan i kastene førte til stenging av Boknasundbrua. Køane strakk seg på det meste fleire kilometer på begge sidene av brua. Nokre var faste meste eit døgn.  
Foto: Kyrre Lindanger*

## **4.4 BARN OG UNGE. KULTURTILTAK**

### **4.4.1 Skule og barnehage**

Bokn kommune har ein sentralisert barnehage- og skulestruktur med ein barnehage og ein skule. Skulen og barnehagen ligg lokalisert nær kvarandre noko som legg til rette for eit tett samarbeid. Kommunen er og liten og oversikteleg slik at ein har gode muligheter til samarbeid mellom etatar.

I nærmiljøet skal det finnast arealer kor barn kan utfolda seg og skapa sitt eige leikemiljø (Rikspolitiske retningslinjer for å styrka barn og unge sine interesser i planlegginga).

Barn og unge i planlegginga:

«Barn og unge sitt oppvekstmiljø" omfattar barn sine fysiske, kulturelle, sosiale og psykososiale miljø og samanhengen mellom desse.

Med utgangspunkt i sin familietilknytning møter barn og unge eit oppvekstmiljø som kan inndelast i tre kategoriar:

1. Fysiske omgivnader - gater/vegar, bygningar, leike- og friarealer.
2. Sosialt nettverk - frivillige tiltak, foreiningsliv, jamnaldrande og naboar.
3. Offentlege service- og hjelpetiltak, barnehagar, skular, helse, kultur og fritid.

I løpet av planprosessen har barn og unge deltatt i form av "barnetråkk registrering". I mangel av ein barnerepresentant i kommunen har alle deltakarar i prosessen elles prøvd etter beste evne å ivareta barn og unge sine interesser i planen.



*Det runde bord i barnehagen. Framtidas planleggarar?*

*Foto: Bokn barnhage*

Å utvikla oppvekstmiljøet til barn er noko alle må bidra til. Miljøet der barn veks opp er avgjerande for ein trygg oppvekst, motorisk utvikling og god helse. God planlegging bidreg til å skape trygge oppvekstmiljø med gode møtestadar og areal som gir rom for leik. I kommunale planar og reguleringsplanar kan ein skape omgivnader som fremjar aktivitet, med allsidige leikemoglegheiter og gode barnehagar nær bustadområda. Kommunen skal planleggje trygge skulevegar, stiar og gangvegar til eigna uteareal der små og større barn kan utfalde seg i aktivitetar som passar deira alderstrinn – heile året.

Eit godt oppvekstmiljø handlar om:

- allsidige leikemoglegheiter,
- gode barnehagar,
- trygg skuleveg,
- tilgang til eigna uteareal med møteplassar,
- stadar der små og større barn kan utfalde seg med dei aktivitetane dei er opptekne av og som passer deira alderstrinn – heile året.

Utvikling av oppvekstmiljøet til barn er noko alle må bidra til. Korleis det er der barn veks opp er avgjerande for deira mogelegheiter for ein trygg oppvekst, motorisk utvikling og god helse. Å planleggje for eit samfunn med trygge oppvekstmiljø, gode møtestadar, moglegheiter for leik, og omgivnader som fremjar aktivitet, er noko av det viktigaste kommunen kan gjere.

Eit av hovudføremåla i plan- og bygningslova er å ivareta omsynet til barn og unge sine oppvekstvilkår. I utarbeiding og behandling av planar, er det i ny plan- og bygningslov eit krav at ein skal sikra aktiv medverknad frå barn og unge,

Det er utarbeidd eigne ”Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging”, som skal bidra til å ”synleggjøre og styrke barn og unges interesser i all planlegging og byggesaksbehandling” og ”gi et grunnlag for å vurdere saker der barn og unges interesser kommer i konflikt med andre hensyn/interesser”. Retningslinjene set kvalitetskrav til arealer og anlegg som blir brukt av barn og unge og at det skal vera tilstrekkeleg tilgang på slike område. Ved omdisponering av leikeområde, blir det stilt krav til fullverdige erstatningsarealer.

#### Utfordringar for satsingsområdet

1. Vidareutvikle kvaliteten på tilboda i satsingsområdet
2. Heilskap i tenestetilbodet
3. Samarbeid om førebyggjande arbeid
4. Tidleg innsats og reduksjon i tilmeldingar til PPT
5. Samarbeid med lokalsamfunnet
6. Lærande organisasjonar
7. Behov for ombygging og utviding av eksisterande bygningsmasse samt bygging av ny barnehage og fleirbrukshall
8. Styrke barn og unge sine interesser i all planlegging



*Spennande besøk i barnehagen*

*Foto:Hans Faye*

**Delmål**

1. Barn og unge får tilbud og opplæring tilpassa sine evner og anlegg, fagleg og sosial utvikling. Kreativitet og kultur, fysisk aktivitet og helse vert vektlagt.
2. Barn og unge får eit heilskapleg tilbod. Kommunen har planar som gjer at tilbodet i barnehage, skule og dei ulike stega på skulen heng saman.
3. Dei ulike etatane i kommunen har eit forpliktande samarbeid rundt førebyggjande arbeid. Det spesialpedagogisk tilbodet i barnehage og skule organiserast med fokus på system og kollektiv slik at ressursane i mindre grad bindast opp mot det einskilde barn. Samarbeidet mellom etatane er organisert i formelle fora
4. Tiltak rundt barn og unge blir sett inn tidleg og på ein måte som gir resultat og dermed reduserer tilmeldingar til PPT. Foreldre, barn og unge er gjennom brukarmedverknad viktige ressursar i arbeidet
5. Barnehage og skule sine årshjul viser kva for samarbeid ein har med bedrifter, folkehelsekoordinator og lag og organisasjonar om kulturtilbod, fysisk aktivitet og friluftsliv
6. Einingar som arbeider med barn og unge, er organisasjonar med kompetanse for læring og utvikling
7. Arbeid med nødvendige ombyggingar, utvidingar og nybygg i barnehage og skule er sett i gang
8. I all planlegging skal ein velje løysingar som styrker barn og unge sine interesser.



*Badeplassen i Ognahabn*

*Foto: Jardar Havikbotn*

**Delmål 1**

**Barn og unge får tilbud og opplæring tilpassa sine evner og anlegg, fagleg og sosial utvikling. Kreativitet og kultur, fysisk aktivitet og helse vert vektlagt.**

<b>Korleis oppnår vi dette?</b>	<b>Dette kan me gjera</b>
<ul style="list-style-type: none"> <li>➤ Barnehagane og skulane skaffar seg god kjennskap til barna/ elevane sine evner, anlegg og utvikling.</li> <li>➤ Tilpassa opplegg i både barnehage og skule.</li> <li>➤ Leggja til rette for kreativt utfolding og kulturelt mangfald.</li> <li>➤ Kulturskulen viktig støttespelar og samarbeidspartnar for grunnskulen.</li> <li>➤ Universell utforming.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Laga allsidige lærings situasjonar der ein vekslar mellom praktiske aktivitetar og teori.</li> <li>• Målretta kompetanseoppbygging.</li> <li>• Skulefritidsordninga har lokale satsingar på kultur og fysisk aktivitet i samarbeid med aktuelle instansar.</li> <li>• Vidareutvikla «Den kulturelle skulesekken» til også å omfatta barnehagen.</li> <li>• Utforma fysisk miljø som fremjar praktisk arbeid og kreative uttrykksformer.</li> <li>• Vidare satsing på fritidsklubbane ARTEP og PETRA.</li> <li>• Nye bygg og oppgradering av eksisterande bygg planleggjast med tanke på universell utforming.</li> </ul>

### Delmål 2

**Barn og unge får eit heilskapleg tilbod. Kommunen har planar som gjer at tilbodet i barnehage, skule og dei ulike stega på skulen heng saman.**

<b>Korleis oppnår vi dette?</b>	<b>Dette kan me gjera</b>
<ul style="list-style-type: none"> <li>➤ Utarbeide strategiplanar.</li> <li>➤ Utarbeide planar for overgangar.</li> <li>➤ Sams pedagogisk praksis.</li> <li>➤ Dei tilsette i barnehage og skule har mest muleg felles verdiplattform og syn på barn og unge si læring.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Utarbeide strategiplan for "Boknabarnhagen".</li> <li>• Utarbeide strategiplan for "Boknaskulen".</li> <li>• Utarbeide ein overgangsplan som tek for seg rutinar og ordningar for overgangane mellom barnehage og skule og dei ulike stega i grunnskulen.</li> <li>• Lage god samanheng mellom tilboda i barnehage og skule.</li> <li>• Barnehage og skule lagar visjonar der synet på barn og unge si utvikling og læring samsvarar.</li> </ul>

### Delmål 3

**Dei ulike etatane i kommunen har eit forpliktande samarbeid rundt førebyggjande arbeid. Det spesialpedagogisk tilbodet i barnehage og skule organiserast med fokus på system og kollektiv slik at ressursane i mindre grad bindast opp mot det ein skilde barn. Samarbeidet mellom etatane er organisert i formelle fora**

<b>Korleis oppnår vi dette?</b>	<b>Dette kan me gjera</b>
<ul style="list-style-type: none"> <li>➤ Fremja samarbeid mellom ulike einingar og etatar i kommunen.</li> <li>➤ Avklare reglar med omsyn til</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Opprette formelle tverretatlege fora som møtast jamleg.</li> <li>• Ha system som sikrar at sakar</li> </ul>

<p>teieplikt.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>➤ Undersøke kva for system andre samanliknbare kommunar har bygd opp rundt tverretatleg samarbeid.</li> <li>➤ Systematisk samordning av tiltak.</li> </ul>	<p>fylgjast opp.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Arrangere kurs om teieplikt.</li> <li>• Arrangere årvisse, obligatoriske kurs om teieplikt og etikk.</li> <li>• Reisa på studietur til kommunar for å sjå korleis dei har løyst utfordringane rundt tverretatleg samarbeid.</li> <li>• Utvikle ein modell for å gje tilbud til elevar med enkeltvedtak basert på gruppe og ikkje individuelt tildelte timar.</li> </ul>
---	---

#### Delmål 4

**Tiltak rundt barn og unge blir sett inn tidleg og på ein måte som gir resultat og dermed reduserer tilmeldingar til PPT. Foreldre, barn og unge er gjennom brukarmedverknad viktige ressursar i arbeidet**

Korleis oppnår vi dette?	Dette kan me gjera
<ul style="list-style-type: none"> <li>➤ Haugalandsløftet.</li> <li>➤ Systematisk kartlegging av barn og unge si utvikling.</li> <li>➤ Medveten og systematisk bruk av resultatata etter kartleggingar.</li> <li>➤ Barn og unge vert sett på som kompetente og ansvarsmedvetne deltakarar på område som gjeld deira liv og framtida deira.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Vurdere innføring av dataverktøy for registrering og oppfylging av kartleggingsresultat.</li> <li>• Utarbeide plan for kva for kartleggingar som skal gjennomførast i barnehagen.</li> <li>• Utarbeide plan for kva for kartleggingar som skal gjennomførast i skulen.</li> <li>• Dra nytte av det arbeidet som blir gjort i Haugalandsløftet.</li> <li>• Ta dei føresette aktivt med i arbeidet med IOP og opplegget rundt dei barna som har særskilte behov.</li> </ul>

#### Delmål 5

**Barnehage og skule sine årshjul viser kva for samarbeid ein har med bedrifter, folkehelsekoordinator og lag og organisasjonar om kulturtilbod, fysisk aktivitet og friluftsliv**

Korleis oppnår vi dette?	Dette kan me gjera
<ul style="list-style-type: none"> <li>➤ Fremja samarbeid med lag, organisasjonar og arbeidsliv</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Barnehagen og skulen samarbeider med arbeidslivet om yrkesrettlegg, entrepenørskap og elevverksemdar mellom anna gjennom Haugaland skule- og arbeidsliv.</li> <li>• Barnehagen og skulen samarbeider med folkehelsekoordinator, lag og organisasjonar om aktivitetar knytt til fysisk aktivitet, mental helse og utjamning av ulikskap i helse.</li> </ul>

### Delmål 6

#### Einingar som arbeider med barn og unge, er organisasjonar med kompetanse for læring og utvikling

Korleis oppnår vi dette?	Dette kan me gjera
<ul style="list-style-type: none"><li>➤ Leiarane har kompetanse om lærande organisasjonar og endringsarbeid og gjennomfører tiltak for alle tilsette.</li><li>➤ Dei tilsette har profesjonell haldning til innføring av retningsliner, planar og satsningsområde.</li><li>➤ Arbeida for auka midlar til kompetanseheving og utviklingstiltak.</li><li>➤ Dei tilsette vert sett i stand til å gjennomføra endrings- og utviklingstiltak.</li><li>➤ Bruka rett kompetanse på rett stad til rett tid.</li><li>➤ Utvikla strategiar for rekruttering og marknadsføring av Bokn kommune.</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Skule og barnehage har system for formell og uformell læring.</li><li>• Gjennomføre kompetansekartlegging og bruke dette aktivt og medvete i utviklinga av organisasjonen.</li><li>• Vere aktiv i samarbeidet med forskings- og høgskule miljø til dømes gjennom deltaking i forskingsprosjekt.</li><li>• Vera aktive på arenaer der det er aktuelt med rekruttering til stillingar.</li><li>• Gjennomføre vegleieing for nyutdanna/ nytilsette i barnehage og skule.</li><li>• Ha god oppfylgning av nytilsette.</li><li>• Tilsette må ha gode faglege kunnskapar og god kjennskap til organisasjonen dei arbeidar i.</li></ul>

### Delmål 7

#### Arbeid med nødvendige ombyggingar, utvidingar og nybygg i barnehage og skule er sett i gang

Korleis oppnår vi dette?	Dette kan me gjera
<ul style="list-style-type: none"><li>➤ Noverande barnehage er bygd ut og arbeidet med ny barnehage er sett i gang.</li><li>➤ Arbeidet med bygging av fleirbrukshall er sett i gang.</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Gje oppdrag til ein arkitekt som kommer med teikningar til forslag til utbygging av barnehagen.</li><li>• Sette ut prosjektering og utbygging av barnehagen på anbod.</li><li>• Avklare prosjektleieing for planlegging, prosjektering og bygging av fleirbrukshall og ny barnehage.</li><li>• Sette i gang naudsynte prosessar som gjer at planlegging av fleirbrukshall og ny barnehage kjem i gang.</li></ul>

### Delmål 8

#### I all planlegging skal ein velje løysingar som styrker barn og unge sine interesser.

Korleis oppnår vi dette?	Dette kan me gjera
<ul style="list-style-type: none"><li>➤ Skaffe kunnskap om barn og unge sin faktiske situasjon i kommunen.</li><li>➤ Sjå til at barn og unge har reell medverking i prosessar som får følgjer for deira interesser.</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Gjennomføre kartlegging med særleg fokus på folkehelseproblematikk.</li><li>• Sjå til at forvaltninga har gode prosedyrar for å leggje til rette for deltaking.</li></ul>



<ul style="list-style-type: none"><li>➤ Kartlegge barn og unge sine interesser i nærmiljøet.</li><li>➤ Sjå til at ungdom kan ta del i diskusjonar på politiske arenaer.</li><li>➤ Utarbeide eit plandokument som grunnlag for prioriteringar.</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Gjennomføre ny ”barnetråkkregistrering” for å skaffe oversyn over viktige areal som ikkje bør omdisponerast.</li><li>• Leggje til rette for at ungdom sine meiningar og synspunkt kjem fram i kommunestyret.</li><li>• Utarbeide ein barne- og ungdomsplan der barn og unge får vikte rollar i prosessen.</li><li>• Bidra i prosessen ved oppretting av ungdomsråd i Bokn.</li></ul>
---	--

#### 4.4.2 Frivillige organisasjonar

Frivillig sektor får i aukande grad ein meir framtrédande plass i alle statlige føringar og reguleringar; dette særleg når det kjem til det auka, nasjonale fokuset på folkehelse. Årsaka til dette er ganske enkelt at innsatsen frivillig sektor representerer, er av avgjerande betydning for velferda vi nyt godt av i Norge i dag.

Eit av mange eksempel på auka fokus på frivillig sektor er m.a. korleis ein i forskrift til folkehelselov peikar på viktigheta av å utarbeide ein helsetilstandsrapporten på ein slik måte at også frivillig sektor finn nytte i å lese den. Alle kommunar vart av 1. juli 2012 pålagde å ha oversikt over helsetilstanden i befolkninga i respektiv kommune og til å iverksette tiltak basert på det kartlagde utfordringbiletet.



*Triallstevne på Torland Rogalandsrunde nr.4. 65 kjørere  
Foto: Kyrre Lindanger*

Basert på nemnde utfordringsbilete kan også frivillig sektor, dersom ynskjeleg og tenleg, korrigere sin kurs for om mogleg å få auka aktivitet og auka engasjement også i sin sektor. I motsetnad til kommunen er det likevel ingen som kan påleggje frivillig sektor å iverksetje verken det eine eller det andre tiltak; innsatsen er jo, og skal vera, frivillig.

*Ein kan i kapittel 8 i folkehelseforkrifta lese fylgjande:*

*«Folkehelseloven forutsetter at oversikter skal være tilgjengelige for kommunens politiske og administrative ledelse, kommunale sektorer/tenesteområdet og aktuelle samarbeidspartnarar som for eksempel frivillig sektor. (...)*»

*Og vidare:*

*«Folkehelsearbeid er samfunnsutvikling, og av hensyn til lokaldemokrati og i tråd med prinsippet om offentlighet meiner departementet at det bør leggas til rette for at oversikten (over helsetilstand) skal gjerast tilgjengelig for befolkninga og for frivillig sektor, som er en viktig aktør i folkehelsearbeidet.»*

Bokn kommune har over fleire år tilrettelagt for medverknad m.a. gjennom prosjektet Kjekt på Bokn. Medverknad har likevel to sider; dette på lik line med folkehelsearbeidet som sådan. Kommunen skal, med dei lovpålegg som fylgjer, tilrettelegge for medverknad innanføre alle samfunnsfelt. Dette skapar god helse; helse vert nemleg til der folk lever og bur. Kommunen lyt difor tilrettelegge for å skape naturlege arenaer der ein kan utøve medverknad. I tillegg lyt kommunen tilrettelegge for at innbyggjarar får reell påverknad som ei fylgje av medverknadsprosessar.

På den andre sida er det viktig å vere seg sitt samfunnsansvar bevisst: Det påkviler oss alle eit ansvar i forhold til å kjenne til både kva rettigheter vi som samfunnsborgarar har, men også til kva plikter vi har. For å setje dette på spissen: Vi kan ikkje formelt straffast for å røyke oss i hel, men vi pliktar alle å fylgje tollreguleringane når det kjem til i å innføre sigarettar over landegrensene. Det er heller ingen som kan utøve sanksjonar mot oss skulle vi unnlate å engasjere oss i samfunnsutviklinga generelt. Men, som ei oppside til dette pliktar vi alle å utøve hjelp ved trafikkulukker, dette i henhold til § 12 i Vegtrafikklova.

Boknarane er aktive og ivrige når det kjem til å det å bidra i frivillig arbeid, men for Bokn, som for dei fleste andre stader, ser ein at det vert stadig meir utfordrande å rekruttere nye krefter inn i arbeidet. I tillegg signaliserer boknarane sjølve at ein kjenner på utfordringar når det kjem til «drift» av eit frivillig lag. Desse utfordringane er knytta til både det reint økonomiske, men og når det kjem til organisatoriske forhold.

Som skissert i avsnittet «Folkehelsearbeidet med fokus på å sikre ei bærekraftig velferd også i åra som kjem» er det eit ynskje og, via gode samarbeid, å nå fylgjande mål for den kommunale tilnærminga til frivillig **sektor og andre** relevante samarbeidsaktørar:

<p><b><i>Delmål 1: Tilrettelegge for at det skal bli lettare å ta ansvar for eiga helse</i></b></p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• iverksetje tiltak i samarbeid med breidda i frivillig sektor med målsetting om å skape bevisste innbyggjarar som ynskjer å ta sunne val for helsa si</li> </ul>
<p><b><i>Delmål 2: Tilrettelegge for at ein skal førebygge meir og reparere mindre</i></b></p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• synleggjere og dokumentere gevinstar ved å/auke kunnskap om å ta sunne val for helsa; herunder i samarbeid med m.a. frivillig sektor</li> </ul>
	<ul style="list-style-type: none"> <li>• utarbeide incentivplanar for helsefremjande livsstil (samarbeid ex. jfr. Partnerskap for folkehelse og med frivillig sektor og andre aktørar). Incentivplanar vert tilpassa den aktuelle aktør basert på både forvaltningsmessige, organisatoriske og økonomiske forhold</li> </ul>
<p><b><i>Delmål 3: Tilrettelegge for at det vert danna breie alliansar for folkehelse</i></b></p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• intensivere fokuset på samhandling, både horisontalt, men og vertikalt (tverrsektorielt i kommunen, med frivillig sektor, med fylkeskommune, med staten samt andre relevante offentlege og private aktørar</li> </ul>
	<ul style="list-style-type: none"> <li>• vise vilje til å inngå i nye samarbeid med relevante aktørar; herunder i stor grad frivillig sektor, vise openheit som kommune</li> </ul>
	<ul style="list-style-type: none"> <li>• vere proaktive når det kjem til å innhente ny kunnskap frå andre sektorar/næringar og til å bruke innovative samarbeidsmodellar til beste for ei bærekraftig velferd. M.a.: Kommunen må intensivere innsatsen for om mogleg å kartlegge enno betre «kor skoen trykkjer» både i frivillig sektor, men også innanføre privat verksemd o.l</li> </ul>
	<ul style="list-style-type: none"> <li>• invitere andre aktørar til å ta del i utfordringane og aktivt be om råd, m.a. tilrettelegge for meir formålstenlege arenaer for medverknad frå og samarbeid med, m.a. frivillig sektor</li> </ul>

#### 4.5 Helse, sosial og barnevern

Bokn kommune er ein liten øykommune, som har som målsetjing å vere ein god kommune å bu og vakse opp i. Tradisjonelt er kommunen prega av tette band blant innbyggjarane, med ein lav terskel i høve å visa omsorg for og ta vare på kvarandre. Kommunen som organisasjon er kjenneteikna av ein oversiktig heit, kort veg til beslutningstakarar og ein høg grad av fleksibilitet, som borgar for at tenestetilbodet

fort kan endrast i samsvar med endra behov hjå innbyggjarane. Tenestetilbodet er godt utvikla og tilpassa behov hjå innbyggjarane. Omgjevnadane består av slående vakker og urörd natur, med lett tilgang til rekreasjon og fritidsaktivitetar både til lands og til sjøs.



*St.Hans feiring ved nærmiljøanlegget i Alvestad  
Foto: Vest foto*

#### **4.5.1**Utfordringar

##### *1. Auke i talet på eldre og folk med kroniske sjukdomar*

Saman med resten av landet, vil og Bokn kommune merka endringar i demografiske høve, kor ein større del av befolkninga vil vere eldre.

Vidare er Bokn kommune ein kommune i vekst. Endring i demografiske høve og befolkningsvekst vil føra til at det vil verta fleire med kroniske sjukdomar og funksjonssvikt knytt til alderdom, demens, psykiske problem og rusproblem.

Utfordringar er auka behov for medisinsk oppfølging og omsorgstiltak. Det vil vere fleire som kan og har ønske om å bu i eigen heim lengst mogleg, og som vil krevja oppfølging i heimen. Pårørande vil ha behov for avlastning for å klara å stå i omsorgsoppgåver over tid. Berre auken i talet på personar over 80 år, vil medføre eit behov for bygging av fleire institusjonsplassar med heildøgnsomsorg, samstundes med eit auka behov for tilrettelagde bustadar (omsorgsbustadar). Med ein framskriving av folketalet i Bokn med til saman 1250 innbyggjarar i 2020, vil det samla behovet for nye "omsorgsplassar" (sjukeheimsplassar og omsorgsbustadar), vere rett i overkant av 10 "omsorgsplassar".

##### *2. Aukande åtferdsproblem blant barn og unge*

Åtferdsproblem i form av samarbeidsnekt, aggresjon, vold og rus hjå barn og unge har de seinare åra blitt eit aukande problem i samfunnet. I tillegg har det nå komme til andre avhengighetskapande åtferd som spill og databruk.

Om ein ikkje set inn tiltak for å minske desse problema vil det føra til uhelse og vanskar på skule og i arbeid i tillegg til de menneskelege lidningane. I motsetnad til biologiske funksjonshemmingar/helseproblem let dette seg førebyggja. Effektiv førebygging krev samanhengande tiltakskjeder og tiltak som kan visa til verknad. Dette krev samarbeid og god informasjonsflyt mellom barna, familieane, sektorane i kommunen og øvrige forvaltningsnivå.

### *3. Auke i talet på yngre personar med bistandsbehov*

Med auka innbyggjar tal i kommunen visar all statistikk at det vil bli ein auke i talet på yngre med ulike bistandsbehov, og med eit større spekter av helsemessige og sosiale problem, som kan vere svært ressurskrevjande. utfordringa er at dei skal ha ein stad å bu, ha arbeid og/eller aktivitet og eit individuelt tilpassa tenestetilbod for å redusera konsekvensane av si funksjonsnedsetjing. Talet på tilpassa bustadar og arbeids- og aktivitetstilbod for denne gruppa er svært vanskeleg å talfesta når det gjeld ein så liten kommune som Bokn. Basert på dagens tal og framskrivingar, kan ein anta at talet på nye personar i denne gruppa, vil vere 2-3 innan 2020.



*Utsikt frå Boknafjellet*

*Foto: Vestfoto*

### *4. Større helseskilnadar blant innbyggjarane*

Det er store skilnadar i helse mellom kjønn, sosiale lag, etniske grupper, og visse skilnadar er aukande. utfordringa til kommunen vert å påverka faktorar som direkte eller indirekte fremjar helse og trivsel, og førebyggjer sjukdom og skade hjå befolkninga.

### *5. Aukande vanskar med å rekruttera kvalifisert arbeidskraft*

Kommunen er kjenneteikna av å ha godt kvalifiserte fagfolk, noko som er resultat av ein bevisst satsing over fleire år. De siste åra har kommunen likevel merka ein gradvis reduksjon i antal søkarar til nøkkelstillingar og aukande gjennomsnittleg alder blant de tilsette. Nasjonale framskrivingar pekar på at dette er ein utvikling som vil forsterka seg i åra som kommer på grunn av at færre ungdommar velgjer å utdanne seg innanfor helse- og omsorgsfag. Ein følgje av dette er at kommunen må tenkja nytt

for å sikre tilgang på fagfolk, samt sørge for at kommunen har kompetanse i tenestene som samsvar med nye krav. Dette stiller krav til nytenking rundt korleis kommunen skal forvalte arbeidskrafta ein allereie har, og sikra tilstrekkeleg tilgang på kvalifisert arbeidskraft i åra som kommer.

#### 6. *Auka statlege krav og forventningar frå innbyggjarane til kommunen*

Statlege reformer og nye lovar skal møtast med auka tiltak i kommunen. Innbyggjarane har auka krav og forventningar til det kommunale tenestetilbodet. Gapet mellom ressursar og forventningar, og mellom behov og tilgang på kvalifisert arbeidskraft, utfordrar kommunen til utvikling og nyskaping. Utfordringa til kommunen er korleis ein gjennom auka samhandling, effektivisering og utviklingsarbeid, kan endra tenestetilbodet i samsvar med desse auka statlege krava og forventningane frå innbyggjarane. Bokn er liten og vil være avhengig av å løyse mange av oppgåvene gjennom interkommunale løysningar.

#### 4.5.2 Målsetjingar

Bokn kommune arbeidar for å leggja til rette for at innbyggjarane kan gjere gode val for eiga helse, og for at sosiale skilnadar i helse vert reduserte.

Helse- og omsorgstenester blir gitt på lågast effektive nivå, innan fagleg forsvarlege rammer.

Tenestene legg stor vekt på brukarmedverknad, samhandling og interkommunalt samarbeid der det ligg til rette for dette.

#### Delmål

1. Helse, sosial og barnevernstenestene er ein aktiv bidragsytar i kommunens folkehelse og planarbeid.
2. Folkehelse ligg til grunn for utviklinga av tenestetilbodet.
3. Seksjonen er pådrivar for å sikre barn og unge oppvekstvilkår som er trygge og fremmer uavhengighet, sjølvstende og evne til å meistre eiga liv.
4. Tenestene er utforma for å understøtte og styrkje innbyggjaranes mogelighet til å meistre eiga liv uavhengig av økonomi, sosial status, sjukdom og funksjonstap.
5. Brukarane opplever at tenestene heilskaplege, samordna og av høg kvalitet.
6. Tilsette inviterer brukarane til å medverka i utforminga av tenestene.
7. Seksjonen arbeider aktivt for å implementere og vidareutvikle samarbeids- og tenesteavtalane mellom de 19 kommunane på Haugalandet og Helse Fonna.
8. Seksjonen møter behova med forbeta kvalitet og effektivitet, og utviklar nye løysningar i samarbeid med brukarar, innbyggjarar, og partnarar.

#### DELMÅL 1

##### **Helse, sosial og barnevernstenestene er ein naturleg del av kommunens plan- og sakshandsamingsarbeid**

<b>Korleis oppnår vi dette?</b>	<b>Dette kan me gjera</b>
Sikre tilstrekkeleg kompetanse om plan- og sakshandsamingsarbeid blant de tilsette i tenestene.	Undervisning om viktigeita av helsekunnskap i vid betydning i det kommunale planarbeidet.
Tilsette i og brukarar av tenestene deltar aktivt i kommunens planarbeid.	Sikre at tilsette i og brukarar av tenestene er med i <u>fora</u> kor deira kompetanse og kunnskap om lokale forhold styrkjer grunnlaget for, innhaldet i og aukar

	<p>treffsikkerheita i tiltaka som nedfellast i planane. Medisinsk-fagleg rådgjevar vert tekne tidleg med i relevant utviklings- og planarbeid saman med folkehelsekoordinator.</p>
<p>Tilsette i helse, sosial og barnevernstenestene blir brukt i sakshandsamingsprosessar for å redusere risiko for vedtak som over tid kan redusere folkehelsa blant innbyggjarane.</p>	<p>Sakshandsaming på teknisk – byggesøknader m.m.</p>

## DELMÅL 2

### Folkehelse ligg til grunn for utviklinga av tenestetilbodet.

Korleis oppnår vi dette?	Dette kan me gjera
<p>Har oversikt over kva som til ein kvar tid fremmer og hemmar folkehelsa.</p>	<p>Regelmessig kartlegging av risikogrupper og problemområde. Tilsette i tenestene deltar i folkehelseforumet der det er fokus på å avdekke konsekvensar for og utvikling av folkehelsestilstanden i Bokn.</p>
<p>Ved å evaluere effekten på folkehelse med dagens tenestetilbod.</p>	<p>Gjennomgå evalueringsrapporten utarbeidet av FOU eininga i Helsetorgmodellen vedrørende helseteam for eldre. Vurdere om tiltaket skal vidareførast og i tilfelle i kva form. Bokn kommune har i ein periode hatt fast trim for eldre. Dette er et svært populært tilbod. Dette må evaluerast og vurderast om og i kva form det skal vidareførast. Det har over fleire år vært eit dagsenteret for eldre i Bokn kommune. Dette er ope ein gong pr. veke. Det må vurderast om dette er tilstrekkeleg og av god nok kvalitet til å møte behovet hjå innbyggjarane i framtida. Bokn kommune har også diverse aktivitetstilbodet til eldre og funksjonshemma – her må det vurderast om tilbodet er godt nok for å møte innbyggjaranes behov i framtida.</p>
<p>Samordne den helsefremmende og førebyggjande innsatsen i kommunen og i spesialisthelsetenesta for der igjennom oppnår synergieffektar.</p>	<p>Saman med folkehelsekoordinatoren utrede moglegeheitene for ein kombinert frisklivssentral. I følgje fylkesmannen i Rogaland bør ein slik sentralen ha tilbod om hjelp til endring og meistring av levevanar ved hjelp av helsesamtale, fysisk aktivitet, kosthaldsendring og røykeslutt. Det anbefalast at tilbodet etter kvart utvidast til andre område som risikofylt alkoholbruk, psykiske helseproblem og helsefremjande tiltak til barn og unge, samt knytast opp til spesialisthelsetenestas tilbod om lærings og meistringstilbod slik at det blir eit heilhetlig helsefremmende tilbod til innbyggjarane (jf. tenesteavtale 2 vedtatt i kommunestyret 19.06.12). Kommunen kan søke om statlige midlar for å etablere og utvikle frisklivssentral (frist 30.08.12).</p>

<p>Har eit aktivt miljøretta helsevern i kommunen. Et sunt miljø er ein føresetnad for god helse. Negative miljøpåverknadar vil kunne forsterke utviklinga av sjukdommar som kreft, arvelige sjukdommar, luftvegssjukdommar og allergiar. Miljøretta helsevern er ein sentral teneste for å utjevne sosial ulikskap i helse ved at alle skal sikras mot helseskadelig miljø.</p>	<p>Ansvar og myndigheit for fagområdet miljøretta helsevern er tillagt kommunen med heimel i folkehelseloven kapittel 3. Miljøretta helsevern er et tenestoområde som gir kommunen et heilskapleg ansvar for et trygt og helsefremmende miljø. Inntil 31.12.11 var det eit interkommunalt selskap som i varetok dette ansvaret på vegne av Bokn kommune. Etter årsskiftet er det kommunen sjølv som skal ivareta dette. Utfordringa er at det krever ein tverrfagleg samansett kompetanse – kompetanse som vi pr. i dag ikkje besittar i kommunen. Det må derfor utredas korleis kommunen skal ivareta dette ansvaret på forsvarlig måte i framtida.</p>
--	--

### DELMÅL 3

**Seksjonen er pådrivar for å sikre barn og unge oppvekstvilkår som er trygge og fremmer uavhengighet, selvstendighet og evne til å mestre eiga liv.**

<b>Korleis oppnår vi dette?</b>	<b>Dette kan me gjera</b>
<p>Opparbeide kunnskap om helseutfordringar knytte til familiar, barn og unge og korleis helsesvikt kan førebyggast gjennom helsefremmande og førebyggande tiltak</p>	<p>Bidra til at kommunen får oversikt over folkehelseutfordringane i kommunen i samarbeid med kommunens folkehelsekoordinator Med bakgrunn i oversikta i verk setje tiltak for å førebyggje fysisk, psykisk og sosial skade. Auka aktivitetstilbodet i barnas kvardag gjennom aktivitetar i fritidstilbod, barnehage og skule.</p>
<p>Auka fokus på det psykososiale arbeidet ovanfor barn og unge familiar på system og individnivå</p>	<p>Vidareutvikla dagens skulehelseteneste til elevar i å skule i samarbeid med skule og andre relevante samarbeidspartnarar Auke kompetansen hjå tilsette Fange åtferdsproblem tideleg</p>
<p>Tidleg og tverrfagleg innsats vektleggast i utforming av tenestetilbodet til barn og unge.</p>	<p>Vidareutvikla kommunens tverrfaglege team. Kompetanseheving Veiledning Haugalandsløftet</p>
<p>Styrke foreldre sin evne til å gi barn omsorg og trygge rammer for oppvekst.</p>	<p>Tilby familieveiledning til foreldre som opplever at de ikkje meistrar det å gi omsorg og trygge rammer for oppvekst. Etablere lav terskel tilbod til familiar, barn og unge med fokus på meistring og myndiggjering Vise vidare familiar til instansar med spesial kompetanse og ressursar til å hjelpe familiar med meir komplekse utfordringar. Bidra til eit saumlaust tenestetilbod mellom kommunen og andre forvaltningsnivå slik at familiane og deira barn opplever at dei blir tatt på alvor og reduserar totalbelastninga på familiane. Auke kompetansen om familie- og</p>



	nærmiljøtiltak og metodar for barn og unge – lære opp alle tilsette som jobbar med barn og unge i kommunen i PMTO.
Bidra til at barn og unge uavhengig av egen helse, funksjonsnivå eller familiær situasjon oppnår best mogeleg integrering og individuell utvikling.	Universell utforming og auka tilgjengelegheit Førebygge og redusere konsekvensane av fattigdom i familiar som er økonomisk vanskelegstilte. Individuelt tilpassa, koordinert, heilhetlig og samordna tenestetilbod. Legge tilrette for sosial inkludering og aktiv deltaking i samfunnet. Fange opp barn som pårørande til sjuke foreldre og sikre at de får et heilskaplege og samordna oppfølging frå kommunen. (Nasjonalt kompetansenettverk for barn som pårørande - barneansvarlige). Vidareutvikle kommunens tilbod om praktisk bistand, avlastning og støttekontakt slik at bistanden ytes slik at den enkelte kan ta i bruk egne ressursar og verkar helsefremmande. Styrkje innsatsen med habilitering og rehabilitering i kommunen og sikre samordning og koordinering med tilbodet som ytes av spesialisthelsetenesta.
Auke kompetansen om psykisk helse hjå barn og unge blant tilsette og innbyggjarar i kommunen.	Utdanne tilsette i psykososialt arbeid barn og unge

#### DELMÅL 4

**Tenestene er utforma for å understøtte og styrkje innbyggjaranes mogeligheit til å meistre eiga liv uavhengig av økonomi, sosial status, sjukdom og funksjonstap.**

<b>Korleis oppnår vi dette?</b>	<b>Dette kan me gjera</b>
Tenestene vektlegg helsefremjande aktivitet og førebyggjande tiltak	Styrkje kompetansen i helsefremjande og førebyggjande arbeid Bidra til at brukarane i størst mogeleg grad i vare tek eiga helse og livsmeistring Leggja til rette for at brukarane kan oppleve meningsfulle kvardagar på tross av sjukdom og funksjonssvikt
Tenestetilbodet byggjar på og utformas utifrå den einskildes behov	Involvere den einskilde brukar og deira pårørande i utforming av tenestene og sørgje for at tenestetilbodet er koordinerte og samordna.
Tenestene er utforma slik at brukaranes ressursar mobiliseras, hentast ut og verdsetjast.	Tiltak i heimen utformast slik at dei bidreg til at den enkelte oppretthelder/gjenvinnar sin evne til å utføre dagelege aktivitetar og bor i heimen med verdigheit.
Vidareutvikle og tilpasse eksisterande aktivitets-, avlastnings- og støttetiltak til brukaranes behov	Gjennomføra ein heilskapleg kartlegging i samarbeid med folkehelsekoordinatoren for å vurderer om tilbodet er tilstrekkeleg og korleis ein må utvikle det i åra som kjem.
I samarbeid med spesialisthelsetenesta	Styrkje kompetansen blant tilsette i tenesta i

<p>utvikle og i verk setja lærings- og meistringstilbod som fremjar meistring av eiga liv og helse.</p>	<p>korleis fremja læring og meistring hjå brukarane med ulike sjukdommar og funksjonshemmingar. Følgje opp tenesteavtale 2 mellom Bokn kommune og Helse Fonna – ”Samarbeid om ansvars og oppgåvefordeling i tilknytning til innlegging, utskriving, habilitering, rehabilitering og lærings- og meistringstilbod for å sikre heilskapelege og samanhengande helse og omsorgstenester til pasientar med behov for koordinerte tenester”. Se også punkt under delmål 2 om utvikling av frisklivssentral og punkt 7 om samarbeidsavtalen med Helse Fonna.</p>
<p>Gi tilbod om tilrettelagt aktivitet og arbeid til innbyggjarar som av ulike årsaker ikkje er i arbeid.</p>	<p>Evaluere sysselsetjingsprosjektet i verk satt våren 2012 og vurdere grunnlaget for å vidareføre dette i drift som eit verkemiddel for å få menneske ut i aktivitet og arbeid samt redusera behovet for sosial ytingar og lån.</p>
<p>Tenestene er utforma for å kunne ta vare på eldre innbyggjarar som lever lengre med fleire og meir komplekse sjukdommar på ein måte som fremmer livskvaliteten til de det gjeld.</p>	<p>Tilrettelegge omsorgsplassane for brukarar med behov for skjerming. Dele inn omsorgsplassane på sjukestova i meir avgrensa grupper slik at beburarar med behov for skjerming kan få dette. På lengre sikt må ein auke opp antall omsorgsplassar i kommunen I periodar med overkapasitet kan plassar leigast til omliggande kommunar.</p>
<p>Vidareutvikla og styrkja habiliterings- og rehabiliteringstilbodet i kommunen</p>	<p>Styrkje kompetansen i rehabiliterande arbeid Delta i fylkesmannen sitt spreingsprosjekt for å for å forbetre rehabilitering til eldre i sjukeheim. Evaluere kommunens tilbod om rehabilitering og i verk setje tiltak for å forbetre tilbodet dersom det er grunnlag for det.</p>

## DELMÅL 5

### Tenestene er fleksible, forutsigbare og tilbyr koordinerte heilskapelege tenester

<b>Korleis oppnår vi dette?</b>	<b>Dette kan me gjera</b>
<p>Organisere og utøva tenestene på ein effektiv og fagleg forsvarleg måte.</p>	<p>Etablere tverrfaglege fora som sikrar at tenestene til brukarane blir tilpassa brukarens heilskapelege behov. Oppretthalde og vidareutvikle den etablerte kulturen i tenestane for å tilpasse og tilrettelegge tenestene til den enkelte brukar.</p>
<p>Samarbeide aktivt med andre kommunale tenester, spesialisthelsetenesta, tannhelsetenesta og NAV.</p>	<p>Auke de tilsettes kompetanse om samhandling og om kva tilbod de ulike tenestene kan gi. Utrede og etablere koordinerande eining. Sikre at det er gode rutinar og praksis for samhandling på tvers av tenester, seksjonar og forvaltningsnivå. Etablere system og rutinar for individuell</p>

	plan i kommunen.
Utvikle og tilby gode og heilskaplege pasient- og brukarforløp.	Samarbeide med andre kommunar på Haugalandet, Helse Fonna og Høgskolen Stord/Haugesund om utveksling av gode og saumlause pasientforløp. Sette seg inn i og ta i bruk kunnskap og erfaringar i å etablere gode pasientforløp både nasjonalt og internasjonalt.

## DELMÅL 6

### Tilsette inviterer til brukarane til å medverke i utforminga av tenestene de mottok.

Korleis oppnår vi dette?	Dette kan me gjera
Tenestene byggjer på eit heilskapleg menneskesyn	Byggje opp fleirfagleg kompetanse som sikrar brukaranes fysiske, psykiske, åndelege og sosiale behov Styrkja det tverrfaglege samarbeidet
Tenestene er basert på medverknad, respekt og verdigheit	Fremme brukaranes rett til å ta sjølvstendige avgjeringar Involvera brukarane i utforminga og utøvinga av tenestetilbodet Styrkje den etiske kompetansen blant tilsette i omsorgstenesta
Tenestene er tilpassa brukaranes individuelle behov	Kjenne den enkeltes interesser og bakgrunn Bemanne med ein kompetanse som tar utgangspunkt i brukarens situasjon og behov
Tenestene viser respekt og omsorg for pårørande	Utvikle tiltak for å veilede og støtte pårørande Involvere pårørande gjennom tett samarbeid
Tenestetilbodet byggjar på og utformas utifrå den einskildes behov	Involvere den einskilde brukar og deira pårørande i utforming av tenestene og sørgje for at tenestetilbodet er koordinerte og samordna.

## DELMÅL 7

### Seksjonen arbeider aktivt for å implementere og vidareutvikle samarbeids- og tenesteavtalane mellom de 19 kommunane på Haugalandet og Helse Fonna.

Korleis oppnår vi dette?	Dette kan me gjera
Deltar i formelle arenaer for utarbeiding og evaluering av avtalar, for samarbeid og utveksling av fag- og erfaringskunnskap.	Ordførar, rådmann og seksjonssjef for helse, sosial og barnevern deltar i toppleiarforumet som avhaldas to gangar årlig. Seksjonssjef deltar i leder nettverk. Tenestene er representert av tilsette i faglege forum.
Deltar i evaluering og vidareutvikling av den overordna samarbeidsavtalen og de tilhørande tenesteavtalane.	Melder inn eventuelle avvik og forbettingsområder fortløpande. Deltar i organiserte arenaer for evalueringar og høringar.
Samarbeider med Helse Fonna i tilknytning til innlegging, utskrivning, habilitering, rehabilitering og lærings- og meistringstilbod for å sikra heilskaplege og samanhengande helse- og omsorgstenester til pasientar med behov for koordinerte tenester	

<p>Følgjer retningslinjene i tenesteavtale 3 for innlegging i sjukehus.</p>	
<p>Kommunen har innan 01.01.2016 eit tilbod om døgnopphald for helse- og omsorgstenester til pasientar med behov for øyeblikkeleg hjelp. Ein pasient treng øyeblikkeleg hjelp viss han er i ein tilstand eller situasjon der utgreiing eller behandling er heilt nødvendig. Tilstanden skal ikkje vere kritisk eller livstrugande, men pasienten har behov for utgreiing eller behandling utan unødvendig venting</p>	<p>Kommunen må beskrive sitt tilbod om døgnopphald for ø-hjelp etter § 3-5 tredje ledd. Kommunane står fritt til korleis dei vil organisere tilbodet om døgnopphald for øyeblikkeleg hjelp, men det vert stilt krav til særavtale med Helse Fonna HF om forpliktande og konkrete planar. Før særavtalar kan utarbeidast, må følgjande ulike forhold beskrevet i tenesteavtale 5 kartleggjast og analyserast. På bakgrunn av dette vurderast det om det er mest hensiktsmessig for kommunen å etablere tilbodet aleine eller saman med andre kommunar. Deretter utarbeidast det ein særavtale mellom kommunen(e) og helseføretak.</p>
<p>Tenesteavtale 5: Retningslinjer for samarbeid om utskrivingsklare pasientar som ein reknar med vil ha behov for kommunale tenester etter utskrivning frå institusjon</p>	
<p>Tenesteavtale 6: Retningslinjer for gjensidig kunnskapsoverføring og informasjonsutveksling og for faglege nettverk og hospitering</p>	
<p>Tenesteavtale 7: Samarbeid om forskning, utdanning, praksis og læretid</p>	<p>Det er etablert ein FOU eining i Helsetorgmodellen som koordinerar og evaluerar blant anna helse team modellen for eldre som Bokn kommune har deltatt i de siste 2 åra. Kommunen er ikkje medlem i denne pr. i dag, men har tilbod om å bli medlem i denne mot eit tilskott pr. innbyggjar. Det diskuterast kor vidt denne skal innlemast i samarbeidsavtalen mellom kommunane og Helse Fonna. Bokn har budsjettert med at ein har to lærlingar i helsefag kvart år. Pr i dag har vi kun ein lærling. Det arbeidast med å få sjukepleiar studentar i praksis igjen på Sjukestova. Kommunen er representert i Samarbeidsrådet for kommunane og HSH.</p>
<p>Tenesteavtale 8: Samarbeid om jordmortenester</p>	
<p>Tenesteavtale 9: Samarbeid om IKT-løysingar lokalt</p>	<p>Det må gjerast ein oppgradering av fagsystemene slik at ein kan samhandla elektronisk på tvers av interne og eksterne tenester og forvaltningsnivå via Norsk helsenett. Partane skal vere klar til elektronisk</p>

	meldingsutveksling innan 31.12.2013. Datoen kan reviderast dersom forhold som partane ikkje kan kontrollere gjer dette nødvendig
Tenesteavtale 10: Samarbeid om førebygging	å ha oversikt til ei kvar tid over helsetilstanden til befolkninga og dei positive og negative faktorane som verkar inn på denne å ha oversikt over tilgjengelege helsefremmande og førebyggjande tilbod og formidle dette til innbyggjarar og helseføretaket å ha ansvar for tidleg å identifisere grupper som står i fare for å utvikle helsemessige eller sosiale problem og setje i verk nødvendige tiltak å ha fokus på å redusere miljørelaterte risikofaktorar av alle slag i planarbeidet sitt, ikkje minst sosiale risikofaktorar
Tenesteavtale 11: Vedtekne beredskapsplanar og planar for den akuttmedisinske kjeda	

## DELMÅL 8

**Bokn kommune møter behova med forbetra kvalitet og effektivitet, og utviklar nye løysningar i samarbeid med, brukarar, innbyggjarar, og partnarar.**

<b>Korleis oppnår vi dette?</b>	<b>Dette kan me gjera</b>
Innovasjon, samhandling og nytenking lokalt og regionalt er sentralt i arbeidet med å utvikle framtidsretta og bærekraftige tenester.	Se mulighetene og møte utfordringane
Tenestene består av kompetente leiare og tilsette	Kontinuerlig utvikling av leiare og tilsettes kompetanse Bygge opp eit robust fagmiljø med tilstrekkeleg og kompetent personell og utvikle eit inkluderande arbeidsmiljø Fremme kunnskapsbasert praksis, forskning og utvikling i omsorgstenestene i kommunen i samarbeid med relevante fag- og kompetansmiljø
Kvalitetssikre og revidere tiltak og tenestetilbod opp mot evidensbasert kunnskap.	
Tenestene er lærande, innovativ og nyskapande	Skape kultur for utveksling og iverksetjing av nye idear og kreative løysingar. Arbeide systematisk med erfaringsdeling og ta i bruk ny fagkunnskap og teknologi Samarbeide med frivillig sektor og bidra til økt frivillig arbeid

#### 4.6 KULTURMINNER OG KULTURLANDSKAP



*Frå Straumen*

*Foto: Hans Faye*

Klipp frå Miljøkommune.no – Miljøverndepartementet sin rettleiar i kommunal planlegging og miljøforvaltning:

*«Regjeringen forventer at kommunene registrerer og verdisetter kulturminner og kulturmiljøer som har lokal verdi og innarbeider disse i planer etter plan- og bygningsloven» (Nasjonale forventninger).*

Stortingsmelding 16 (2004.-2005): *«Å sikre kulturminner og kulturmiljøer er en viktig miljøpolitisk utfordring på lokalt nivå. Som planleggings- og reguleringsmyndighet er kommunen uten sammenligning den største forvalteren av kulturhistoriske verdier. Plan- og bygningsloven er det viktigste verktøyet for å ta vare på mangfoldet av kulturminner og kulturmiljøer. Det skal legges til rette for at kommunen kan bruke kulturminnene i den lokale samfunnsutviklingen, blant annet gjennom utvikling av plan- og bygningsloven. Det er viktig at kommunene stimulerer til aktiv medvirkning fra kulturminneforvaltningen, foreninger, historielag og lokale eldsjeler.*

*Alle lokalsamfunn har kulturminner og kulturmiljøer som er verdifulle og kan gi grunnlag for opplevelse, kunnskap og verdiskaping. Kulturminner og kulturmiljøer er viktige stadbundne, ikkje-fornybare ressursar i lokalsamfunna.. Gjennom ansvaret for planlegging etter plan- og bygningsloven, er kommunane hovudaktørar i forvaltninga av kulturminner og kulturmiljøa. Kommunen har et fortrinn gjennom sin nærhet til lokale foreninger, som historielag, og ildsjeler, og bør benytte seg av den kompetansen og interessen som disse besitter.»*



*Frå Oksebåsen*

### **Klipp frå planprogrammet:**

Bokn er rikt på kulturminne som fortel om tidlegare tiders levesett, og særleg i sjønære område og langs skipsleia. Enkelte kulturminne er gjennom åra blitt redusert i omfang, men blant anna langs deler av Boknasundet utgjer kulturminnene framleis ein viktig del av landskapsbiletet. Dei fleste av desse ligg i landbruksområde som blir nytta til beiting.

- Det fins forholdsvis liten kunnskap om nyare tids kulturminne i kommunen, utover det som ligg i SEFRAK-registreringane. Det er derfor ynskjeleg med ei heving av dette feltet, for eksempel gjennom utarbeiding av ein kulturminneplan.

Kommunen sitt einaste bygningsmiljø som har kulturvern interesse er bustadene og sjøhusa som er lokalisert i Alvestadkroken.

Utover det fins enkeltstående bygningar som har kulturhistorisk interesse, men kommunen manglar oversikt.

### **4.6.1 Delmål for kulturminner og kulturlandskap:**

**Arbeide for at kulturminner og kulturmiljø som er verdifulle og kan gi grunnlag for opplevelse, kunnskap og verdiskaping.**

<b>Korleis oppnår me det?</b>	<b>Dette kan me gjera</b>
Bruke PBL som verktøy for å ta vare på mangfaldet av kulturminner og kulturmiljø	Samle kunnskap om nye tids kulturminne som grunnlag for planlegginga. Utarbeide kulturminneplan
Legge til rette for at kommunen kan bruke kulturminna i den lokale samfunnsutviklinga	Sørgje for medverking frå kulturminneforvaltningen, lokalt historielag, «eldsjeler»
Tilrettelegge for at befolkninga kan ferdes i kulturlandskapet og kulturmiljø	Tilrettelegge kulturminnestier med informasjonstavler.



*Klepp festningsanlegg*

*Foto: Vestfoto*

#### 4.7 KLIMA OG MILJØUTFORDRINGAR

Klipp frå Miljøkommune.no

- I samsvar med plan- og bygningslova § 3-1 *Oppgåver og omsyn i planlegging etter lova*, skal det, jf. bokstav g) ”tas klimaomsyn gjennom løysningar for energiforsyning og transport”.
- Med heimel i plan- og bygningslova § 6-2 *Statlege planretningsliner*, er det fastsett ei statleg planretningsline (september 2009), som slår fast at kommunane bør setja seg ambisiøse mål for å redusera utslepp og bruka energi meir effektivt og miljøvenleg. Kommunen skal i kommuneplanen, eller i ein eigen kommuneplandel, innarbeida tiltak og verkemiddel som følgjer opp måla. Det er viktig med eit handlingsprogram som tydeleg fordelar ansvaret for å følgja opp klima- og energiplanane. Revisjon av klima- og energiplanane blir vurdert minst kvart fjerde år i arbeidet med regionale og kommunale planstrategiar. Fylkeskommunen skal leggja retningslina til grunn for regional planlegging innafor eige ansvars- og påverknadsfelt.
- Forventningar til kommunane på klima- og energiområdet blir òg behandla i eit eige kapittel i *Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging*, med heimel i plan- og bygningslova § 6-1 (av juni 2011).
- Etter plan- og bygningslova § 11-9 *Generelle bestemmelser til kommuneplanens arealdel* kan kommunen ”gi bestemmelse om tilrettelegging for forsyning av vannbåren varme til ny bebyggelse” (nr. 3), og etter plan- og bygningslova § 12-7 *Bestemmelse i reguleringsplan* kan den gi føresegner om ”krav om tilrettelegging for forsyning av vannbåren varme til ny bebyggelse” (nr. 8), jf. § 27-5 for begge føresegnene.



#### 4.7.1 Fylkesdelplan for klima

Fylkesdelplanen blei vedtatt i februar 2010

Fylkesdelplanen har fylgjande hovudmål:

- Rogaland skal produsera 4 TWH ny fornybar energi innan 2020.
- Rogaland skal redusera sitt energiforbruk med 20 % i forhold til 2005, korrigert i for befolkningsauken.
- Rogaland skal innan 2020 redusera sine utslepp av klimagassar med 750 000 tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar – når storindustrien vert halden utanfor.

#### 4.7.2 Klimautfordringar for Bokn



*Gassferge i kamp med bølgekraft*

*Foto:Ørjan Pedersen*

Kommune må vera førebudd på klimaendringane i form av oftare ekstremver som vind, nedbør og stormflo.

Klimautsleppa frå Bokn pregast først og fremst av ”eksterne aktørar” som gjennomgangstrafikk på E39, ferjetrafikken og annan skipstrafikk.

Kommunen må likevel i all si planlegging ha som mål å velga løysingar som begrensar utslipp av klimagassar.

Eksempelvis har kommunen høg andel inn og utpendling av arbeidstakarar som bidrar med sine utslepp. Fleire bør bu og arbeida innafor kommunegrensene.

Bokn har eit typisk kystklima, med høgare middeltemperatur og færre graddøgn enn landsgjennomsnittet. Graddøgn er eit uttrykk for det generelle oppvarmingsbehovet for eit bygg gitt frå naturen si side.

Stad	Middeltemperatur grader celsius	Nedbør mm
Bokn	7,5	1435
Bergen (Florida)	6,7	2033
Oslo	5,7	763

*Kjelde: meteorologisk institutt*

#### **4.7.2.1 Stasjonær energibruk:**

Totalt utgjorde stasjonær energibruk 16,2 GWh i 2008

Primærnæringen sto for 11 %, industri og bergverk for 9 %, tenesteyting for 27 % og hushald for 53 %

#### **4.7.2.2 Mobile kjelder for energibruk:**

Totalt utgjorde dette forbruket 54,6 GWh i 2008

Vegtrafikken stod for 34 % av energibruken, skipsfarten 59% og anna mobilt forbruk var 7%

Forbruket innan skipsfarten genererast hovudsakeleg av ferjetrafikken mellom Arsvågen og Mortavika.

Ekstern trafikk på E39 generer hovudsakeleg forbruket på veg.

#### **4.7.2.3 Eneforbruk fordelt på energibærarar i 2008**

Bensin, diesel og fyringsolje stod for 43 %,elkraft for 19 %,gass for 33 %,ved og treavfall for 3 % og tungolje for 2 %

Gassforbruket har samanheng med gassfergene som trafikkerer sambandet Arsvågen – Mortavika.

#### **4.7.2.4 Forbruk av el-kraft.**

Forbruket av El-kraft var 14GWh i 2008 Forbruket er svakt stigande, men fordelinga mellom dei ulike forbruksgruppene har halde seg relativt konstant.

#### **4.7.2.5 Framtidig energibehov:**

Sannsynlegvis vil energibehovet til transport auka når ROGFAST opnar for trafikk i 2020. Fram mot 2035 vil årstdøgntrafikken auka frå dagens nivå på ca.4000 personbileiningar til 10-12000 bilar.

Energiforbruket for gass vil auka fram til opninga av Rogfastsambandet som følgje av at det er sett inn ferge nr.3 i ferjesambandet.

I løpet av en 30års periode kan det bli bygd mellom 150og 200 nye bustader og 100 hytter.

Energibehovet vil auka i offentlege bygg som skule, barnehage og idrettshall.

Forbruket innan jordbruk vil ikkje endra seg vesentleg. Innan industri og tenesteyting er utviklinga mest usikker.

Som følgje av nye transportårer som T-forbindelsen og Rogfast er det sannsynleg at forbruket også vil auka innafor desse sektorane.

#### **4.7.2.6 Potensial for energiproduksjon i Bokn:**

##### **Vasskraft:**

Det fins i dag ingen småskala kraftverk i Bokn og det er heller ikkje vassdrag som gir grunnlag for å bygga ut vasskraft.

##### **Gass:**

EPII-leidninga som fører gass frå Kårstø til Emden i Tyskland går tvers gjennom kommunen.

Teoretisk kan leidninga påkoplast for energiproduksjon, men dette betingar eventuelt at anlegget skal betjena store utbyggingar. Løysinga er ikkje realistisk i dag og ein kjenner ikkje til at det heller kan bli aktuelt i framtida.

### Bioenergi

Utover privat forbruk av ved og litt pellets nyttast ikkje bioenergi i Bokn. Lokalt er det ikkje tilgjengeleg råstoff for å auka produksjonen, men råstoff er tilgjengeleg i regionen.

### Solvarme

Det blir berre i liten grad nytta solvarme i Bokn. Ein antar dette er begrensa til nokre få fritidsbustader.

Solvarme kan utnyttast betre, og det er berekna at solfangaranlegg kan produsera ca. 400kwh/m<sup>2</sup>

### Vind

I følgje vindkart som bygger på NVE sine berekningar av vindstyrke ved 80 m.o.h. har kommunen stort potensiale for vindkraft. Fleire områder i kommunen kan vera egna, men i følgje fylkesdelplanen for vindkraft er det ingen områder som er egna ut frå andre vurderingskriterier. (estetikk og landskapsomsyn)

### Bølgjekraft

Det er sannsynligvis potensiale for utnytting av bølgeenergi, men det er neppe realistisk å tenkja gjennomføring av slike anlegg i overskueleg framtid.

### Grunnvarme og geotermisk energi.

Det er ikkje kartlagt om det er særskilt potensiale for denne type energi, men ein antar det kan hentast opp varme gjennom borehol.

### Sjøen som varmekjelde.

Bokn har mildt klima og nærleik til sjø som gir godt utgangspunkt for bruk av sjøen som kjelde via varmpumper.

### Avfallsenergi.

Avfallet frå Bokn blir sendt til energigjennvinning i forbrenningsanlegg som ligg i andre regionar.

## 4.7.3 Status for klimautslipp

### Utslepp av klimagassar:

SFT sin klimakalkulator er nytta som kjelde for tabellen:

Co<sub>2</sub> ekvivalentar Tal i tonn

	1991	1995	2000	2008	2025
Stasjonær forbrenning	315	470	327	358	425
Prosessutslepp	4778	4819	4961	4968	5000
Mobile kjelder	6334	5973	5595	14931	35000
Totale utslepp	<b>11427</b>	<b>11262</b>	<b>10883</b>	<b>20257</b>	<b>40000</b>

**Stasjonær forbrenning** i Bokn omfattar hovudsakeleg utslepp frå direktefyrte omnar som fyr kjelar og småomnar der olje eller ved blir brukt til oppvarming av bygningar.

**Prosessutslepp** er utslepp som ikkje kjem frå forbrenning. I Bokn omfattar dette hovudsakleg biologiske prosessar, utslepp frå husdyr, utslepp frå gjødsel og vegslitasje

**Mobile kjelder** omfattar utslepp frå all forbrenning knyta til transportmiddel og motorredskaper

Som det går fram av tabellen er det særleg utsleppa frå mobile kjelder som har auka. Dette blir forklart med nesten tredobling av vegtrafikken etter år 2000.

Tala for år 2025 bygger på ei framskriving av utslepp av klimagassar dersom ingen tiltak blir sett i verk for å redusera utsleppa.

Som tabellen viser kan det påreknast meir enn fordobling av utsleppa frå mobile kjelder.

#### 4.7.4 Kommunale verkemidler og mulegheiter for påverknad.

Det er rekna ut at kommunane påverkar direkte eller indirekte 20-50 % av klimautsleppa i Norge.

Det er ikkje berekna korleis dette forholdet er i Bokn, men sannsynleg påverkar kommunen mindre enn 20% av utsleppa lokalt.. Jfr dei høge utsleppa frå mobile kjelder.

I følgje SFT sine analyser er det innafør følgjande tiltaksområder kommunane best kan redusera klimautslepp og energiforbruk:

- Nybygg gjev 25 % mindre energibehov
- Enøk- og energieffektivisering
- Energistyring og kontroll
- Samordna godstransport på veg
- Tiltak for redusert bilbruk
- Redusert drivstoff-forbruk ved privatbilkjøring
- Betre organisering av personreise
- Fleire syklande og gåande
- Tiltak for betre kollektivtrafikk
- Varmepumper og utnytting av spillvarme
- Overgang frå petroleumsprodukt til bioenergi og solvarme
- Kompakt byutvikling

#### Verkemidler innafør hovudgruppene av utsleppskjelder:

##### Stasjonær forbrenning:

Kommunen kan først og fremst sørgja for overgang til klimavennleg oppvarming og ENØK-tiltak i egne bygningar.

Kommunen må vera pådrivar i nye utbyggingssaker slik at det blir lagt til rette for klimavennleg oppvarming og passa på at nybygg over 500m<sup>2</sup> får dekka minst 60% av oppvarmingsbehovet med alternativ til direktejevande elektrisitet, olje og gass.

Flis og solenergi må alltid vurderast som energikjelder ved større nybygg.

#### **Prosessutslipp:**

Utsleppskrava til industrien blir i hovudsak styrt av Statleg regelverk.

Kommunen har ikkje verkemidler utover politisk påverknad.

Utslipp frå husdyr og gjødsel er også en del av prosessutslippet i Bokn, men i praksis er det små tiltak som kan iverksettes for å redusere disse utslippene.

#### **Mobile kjelder:**

Utsleppa frå gjennomgangstrafikken på E39 og frå skipstrafikken kan kommunen påverka i liten grad.

Det er først og fremst gjennom arealplanlegginga kommunen kan tilrettelegga for redusert utslipp frå trafikk på lokalvegnettet.

Minst muleg transportbehov mellom bustader og forretningar, skule og andre offentlege bygg og korte arbeidsreiser vil redusera utslappa. Godt utbygd gang/sykkelvegnett er viktige anlegg for tilrettelegging for mindre bilbruk.

Kollektivtilbodet i Bokn utgjer bussforbindelsen langs E39

Det må planleggast gode gang/sykkelvegforbindelser til bussholdeplassane og parkeringsplasser i nærleiken.

Det er berekna at ein arbeidstakar som pendlar 90km 190 dagar i året med bil, representerer eit årleg utslipp på ca. 2500kg CO<sub>2</sub>/år.

I 2007 var det ca.125 arbeidstakarar i Bokn som pendla til andre kommunar, mens ca.90 personar pendla til Bokn.

Alle pendlar neppe 90km dagleg, men legg me det likevel til grunn, representerer inn og utpendling til Bokn eit CO<sub>2</sub> utslipp på 537tonn - som er betydeleg høgare enn samla stasjonært utslipp.

Sett i denne samanheng er det viktig å tilrettelegga for etablering av lokale arbeidsplasser gjennom arealplanlegginga og andre offentlege verkemidlet.

### **4.7.5 DELMÅL KLIMA OG ENERGI**

**Bokn kommune sin klima og energiplan skal følgjast opp gjennom overordna planar. Handlingsplan for oppfølging skal utarbeidast årleg.**

**Tiltak og verkemiddel skal vera styrande for kommunen sin politikk.**

<b>KORLEIS OPPNÅR ME DETTE?</b>	<b>DETTE KAN ME GJERA</b>
Setja fokus på klimatiltak og klimatilpassing	Utarbeida handlingsplan for oppfølging av klima og energiplanen Ta miljøomsyn ved innkjøp Legga til grunn føre var prinsippet og kunnskap om lokale forhold ved tilpassing til klimaendringane. Ta omsyn til auka nedbørmengder og auka havnivå ved all planlegging.
Nytte rett energi til rett bruk	Bruka fornybar energi til oppvarming når det er muleg For nye utbyggingsprosjekt skal det utgreiast minst eitt alternativ til

	oppvarming med elektrisk kraft
Redusera transportbehov og bilbruk	Legga til rette for at fleire kan bu og arbeida i Bokn Legga til rette for gang og sykkelveggar mellom bustadområder, skule og friluftsområder og knutepunkt for kollektivtrafikk.

#### 4.8 NATURVERN, MILJØ, ESTETIKK OG TRIVSEL

**Utforming av fysisk miljø og estetisk kvalitet på uteromma er viktig for trivsel og velvære og samfunnsplanlegginga vil vera ein viktig prosess for å forma gode omgjevnader. Trivsel og god livskvalitet er grunnleggande for optimisme, utvikling og nyskaping. Korleis verkar det fysiske miljøet inn på trivsel, velvære og samhandling? Reine og vakre omgjevnader og kulturell aktivitet er trivselskapande.**

##### 4.8.1 Naturmangfald

Kommunen har gjennomført registrering av biologisk mangfald i form av naturtyper og planter. Det er imidlertid ikkje registrert dyre- og fugleliv, og heller ikkje biologisk mangfald knytta til vassdrag og sjø.

Omsynet til biologisk mangfald i planlegginga er så langt opplevd å ha hatt forholdsvis låg prioritet. Politisk har ein også vore ”engsteleg” for at kjennskap til biologisk mangfald kan hindra ei ynskt utbygging.



*Markblomster på Loden*

*Foto: Hans Faye*

Omsyntaking til regionale friluftsområde og kjende og viktige førekomstar av biologisk mangfald må vurderast gjennom bruk av planføremål og andre føringar i

kommuneplanen. I løpet av planperioden skal vidareførast registreringa av biologisk mangfald, med fokus på vassdrag og fugle- og dyreliv.

Utbyggingstempoet i Bokn har tilsynelatande ikkje utgjort særleg trussel for friluftslivet eller rekreasjonsmulegheiter, men det er fleire eksemplar på at mindre friområder nær bustadfelt er gått tapt.

Etter kvart som kommunen sannsynlegvis blir utsett for større utbyggingspress, er det spesielt viktig at naturkvalitetane blir sikra der folk bur. Tradisjonelt har sjøen vore ein viktig friluftarena i Bokn, men etter kvart søkjer fleire ut i turterrenget, men framkommeligheita er begrensa på grunn av atgroing. Det er ei utfordring å gjera større deler av landskapet tilgjengeleg for folk flest.

#### 4.8.2 Estetikk

Kommunen har ikkje spesielle estetikk problemer i forhold til busetnad eller anlegg, men kaiområdet i Føresvik, som del av sentrumsbusetnaden, framstår for dei fleste som lite estetisk. Det blir arbeidd med vegplanar og andre tiltak for å få området meir tiltalende.

Fortetting i eksisterande bustadområder er ei utfordring som også har nådd Bokn.

**Det kan ofte vera ei krevjande øving å få nye utbyggingsprosjekt tilpassa eksisterande bygningsmiljø.**

##### 4.8.2.1 DELMÅL ESTETIKK

**Kommunen sine innbyggjarar og besøkjande skal oppleve god estetikk i alle deler av kommunen i forhold til landskap, vegetasjon og bygningsmiljø.**

KORLEIS OPPNÅR ME DETTE?	DETTE KAN ME GJERA
Bruka identitetsskapande element langs E39 og "inngangsportane frå sjøen"	Rasteplassane, innkjøringane og innseglingane til kaiar og hamner blir gjort identitetsskapande
Setja krav til estetisk utforming.	Aktivisera kommunen si ordning om byggeskikkpris. Oppgradera Føresvik kai og hamneområde. Legga vekt på estetikk i plansaker og utarbeida estetiske retningslinjer for hjelp ved byggesaksbehandling.

### 4.8.3 Trivsel



*En god latter under markedsdag i Føresvik. Leif Vatnaland og Einar Gulbrandsen (t.h.)*

*Foto: Hans Faye*

Trivsel for befolkninga er avhengig av svært mange faktorar. Kommunen og frivillige organisasjonar sine mange og gode tilbod om tenester, aktivitet og kultur er viktige byggesteinar for trivsel i bygda.

Tilboda i dag dekker mange interesser, men det er lite kunnskap om utfordringane til dei som ikkje deltar.

Bokn har så langt ikkje hatt sterk tilflytting, og forholda har vore relativt oversiktlege. Raskare tilflytting vil gi større utfordringar med å integrera nye innbyggjarar og kanskje skaffa kunnskap om andre fleire trivselsfremjande. Problemstillinga er viktig også i et folkehelseperspektiv.

### 4.8.4 DELMÅL NATURVERN-REKREASJON-BIOLOGISK MANGFALD-TRIVSEL

**Kommunen vil leggja vekt på god arealforvaltning og sørgja for gode rekreasjonsmulegheiter på land og sjø.**

**Viktige naturområder og biologisk mangfald skal takast vare på og vernast om.**





*Pusleblom. Arten er trua og den står difor på Norsk Raudliste. Pusleblomen har leveområde i Bokn.*

*Eksempelbilde. Foto: Kristin Vigander*

<b>KORLEIS OPPNÅR ME DETTE?</b>	<b>DETTE KAN ME GJERA</b>
Begrensa arealbruken og unngå nedbygging av dyrka mark. Unngå store landskapsinngrep	Utnytta eksisterande fortettingspotensiale der estetikk og tilpassing til eksisterande bygningsmiljø skal tilleggast stor vekt. Krevja høgare utnyttingsgrad i nye utbyggingsområder. Unngå å leggja ut utbyggingsområder som kan trua landbruksinteresser. Stilla strenge krav til landskapstilpassing i planar og enkeltprosjekt.
Ivareta størst muleg samanhengande areal for natur og friluftsliv.	Konsentrera utbygging nær områder som er utbygd.
Ivareta biologisk mangfald	Kartlegga biologisk mangfald og vilt utover dagens kunnskap. Ta vare på vassdraga og gjera dei tilgjengelege for folk flest. Ivareta dei viktigaste kystlyngheiområda.



*Badeliv ved Porsholmane  
Foto: Kyrre Lindanger*

#### 4.9 ØKONOMI

Det henvises til den årlige rullerende økonomiplanen

### 5 AREALDEL

**Arealdelen skal visa sammenhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og samla arealbruk. Det skal sikrast arealer til bustad og næringsføremål, offentlege føremål og samferdselsanlegg. Sikring av arealer til landbruk, natur og friluftsføremål skal betraktast i eit langsiktig perspektiv. Bruk og vern av sjø og vassdrag skal vurderast.**



*Boknasundbrua med Alvestadkroken  
Foto: Vestfoto*

## 5.1 STATUS

Kommunen sitt samla areal er ca.47km<sup>2</sup>, av dette er ca.750 daa nedbygd.

Nokre holmar er verna etter Naturvernloven.

Bustadbygginga dei siste åra har stort sett skjedd sør for Alvestadkroken og på Øyrenfeltet på Austre Bokn.

Kommunen har ført ein liberal strandsonopolitikk utan å vera særleg aktiv for å søkja å unngå nedbygging av strandsona. Hovudtyngda av all nybygging har skjedd i strandsona (i 100m sona til sjø) Det gjeld både til bustadføremål, fritidsbustader og næring. Store deler av strandsona i nærleiken av busetnaden i Føresvik og Alvestadkroken er attbygd i form av private føremål. Det har vore ein overordna strategi å skjerma dyrka mark/landbruksinteresser og samstundes utnytta eksisterande infrastruktur.

Kommunen har hatt målsetting om at det skulle skje ei knoppskyting av bustadbygging i alle deler av kommunen, men det har vore liten interesse blant grunneigarane for å byggemodna små private felt.

## 5.2 UTFORDRINGAR

Hittil har det vore forholdsvis lite press på areala i Bokn, men nesten alle utbyggingssaker er saker prega av konflikt i forhold til strandsonevern, landbruksinteresser eller kulturminneinteresser.

Tradisjonelt har arealbruksinteressene i Bokn vore knytta til strandsona, og slik vil det nok også vera i framtida. Problemet er at dei fleste konfliktområda ligg i strandsonebeltet. Følgjeleg vil det også bli ei krevjande øving i framtida å finna eigna areal til utbyggingsføremål med lågt konfliktnivå.

Viktige landbruksinteresser ligger tett opp til Føresvik sentrum. Dette har påverka for ekspansjonsmoglegheita av sentrumsfunksjonar og sentrumsnære bustadområde. Kommunen ønsker å sette av tilstrekkeleg areal i Føresvik for å plassere skule, barnehage, fleirbrukshall og svømmehall. Det har vore ein lengre prosess for å komme fram til arealet som no er lagt inn i arealplankartet, o\_T1. Prosessen har mellom anna gått på lokalisering i høve til interessekonfliktar og behov. I forhold til landbruksinteressene i området er det sett på at dette arealet vil verta ei "utbyggingsgrense" mot jordbruksareala i retning Alvestad.

Nye vegforbindelsar (T-forbindelsen) til Haugesund og Karmøy, og etter kvart ROG-fast mot Stavanger, kan føra til eit betydeleg større utbyggingspress i Bokn både i forhold til bustader og fritidsbustader.

Den største utfordringa vil sannsynligvis vera å kartlegga strandsoneinteressene. Dersom interessa aukar for tilrettelegging av arealer til fritidsbustader, blir det viktig å sørgja for at hytter ikkje blir bygd i områder som kan vera attraktive til bustadføremål.



*Minner frå tidlegare busetting ved Boknasundet  
Foto: Vestfoto*

Konfliktfrie arealer innafor gang/sykkelavstand til skulen vil etter kvart bli ”mangelvare”. I Bokn må ein også belaga seg på å begrensa arealbruk og bygga tettare enn kva som hittil har vore vanleg. Fortetting i eksisterande bustadområder er etter kvart blitt vanleg problemstilling. Det er eit visst fortettingspotensiale i Alvestadkroken, men støy frå E39 legg betydeleg begrensing på arealbruken. Først når Statens vegvesen har planar for gjennomføring av støytiltak er det muleg å peika på fortettingsmulegheitene.

Kommunen har ei betydeleg utpendling av arbeidstakarar til andre kommunar. Ideelt sett bør langt fleire ha arbeidsplassen sin lokalt. I regional næringsplan og kommunen sin eigen næringsplan blir det påpeika at Bokn har potensiale for etablering av maritime næringar. Fylkeskommunen og fylkesmannen er imidlertid kritiske til at kommunen skal leggja ut nye næringsareal og viser til næringsarealer og arbeidsplassane i nabokommunar. Dette er i strid med overordna målsetting om mindre bilkjøring og at fleire skal kunna sykla/gå til arbeidsplassen.

E39 gjennom kommunen utgjer ei betydeleg utfordring når det gjeld støy og trafikksikkerheit. Ein strekningsanalyse som er gjort av Statens vegvesen for parsellen mellom Arsvågen og Mjåsund i Tysvær, avdekkjer betydelege trafikksikkerheitsmessige mangler og støyproblem. Problema vil forsterka seg når Rogfast opnar. Planlagde kryss på Austre Bokn, ved Knarholmen og på Are er viktige trafikksikkerheitsmessige tiltak som skal gjennomførast som del av Rogfast utbygginga.

Målsetting

**Kommuneplanen sin arealdel skal vera det overordna plandokument for all arealbruk i kommunen. Planen skal visa samanhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk og vise føremål og omsynssoner for bruk og vern av areal.**

### 5.2.1 Delmål

1. Kommunen skal fastsetja utviklingsretning for Føresvik sentrum og definera strategiske grenser for ulike utbyggingsføremål. Kommunen skal søkja å unngå unødig ”arealspredning”, men ønskjer likevel å stimulera til livskraftige grender der folk ønskjer å bu.
2. Kommunen vil utvide næringsareala sørover frå Knarholmen for å styrka mulegheitene for etablering av lokale arbeidsplasser
3. Kommunen ønskjer ikkje å stimulera til fortetting i Alvestadkroken som følgje av støyproblematikken knytta til E39
4. Kjerneområda for landbruk skal definerast og kartfestast i arealdelen med omsynssone.
5. Funksjonell strandsone skal alltid definerast som grunnlag for fastsetting av byggegrenser til sjø og skal innarbeidast i kommuneplanen for alle utbyggingsområder i 100m sona.
6. Folk i alle aldrar skal sikrast lett tilgang til areal for leik og fysisk aktivitet. Større deler av kommunen skal gjerast tilgjengeleg via turstiar.
7. I all arealplanlegging skal kommunen søkja å unngå konflikt med kulturverninteresser og biologisk mangfald. Freda kulturvernminner skal visast som omsynssoner/Rune-R.

#### Delmål 1

**Kommunen skal fastsetja utviklingsretning for Føresvik sentrum og definera strategiske grenser for ulike utbyggingsføremål. Kommunen skal søkja å unngå unødig “arealspreiing”, men ønskjer likevel å stimulera til livskraftige grender der folk ønskjer å bu.**

<b>Korleis oppnår me dette?</b>	<b>Dette kan me gjera</b>
Framtidig utbygging (bustad, offentleg føremål og forretning) skal i hovudsak skje i området rundt Føresvik. Klarere mulegheit for oppføring av enkelthus utanfor Føresvik og Alvestadkroken.	Setja av bustadarealer vest og nord for busetnaden i Føresvik. Klarlegga framtidig utbyggingsgrense mot landbruksareala sør for Føresvik. Setja av områder for oppføring av inntil 5 bustader i grendene.

#### Delmål 2

**Kommunen vil utvide næringsareala sørover frå Knarholmen for å styrka mulegheitene for etablering av lokale arbeidsplasser.**

<b>Korleis oppnår me det?</b>	<b>Dette kan me gjera</b>
Setja av tilstrekkeleg med arealer som viser utviklingspotensiale på land og sjø i eit langsiktig perspektiv.	Setja av inntil 200daa næringsareal i retning mot Sponavika med adgang til ny hamn sør for eksisterande molo til Knarholmen.

#### Delmål 3

### **Kommunen ønskjer ikkje å stimulera til fortetting i Alvestadkroken som følgje av støyproblematikken knytta til E39**

<b>Korleis oppnår me det?</b>	<b>Dette kan me gjera</b>
Ikkje visa nye utbyggingsarealer og heller ikkje tillata nye enkeltbustader som ligg innafor raud støysone basert på Statens vegvesen sine prognoser for framtidig Rogfast trafikk.	Ta ut byggeområder som er vist i gjeldande kommuneplan. Visa raud støysone som omsynssone og innføra planbestemmelse om støyutgreiingskrav i eventuelle dispensasjonssaker.

#### **Delmål 4**

#### **Kjerneområda for landbruk skal definerast og kartfestast i arealdelen med omsynssone.**

Områder som er lokalt viktige, godt eigna til matproduksjon og har verdfulle kulturlandskap og landskapstypar er areal som kjem under kategorien "kjerneområde landbruk". Ved å oppretta ei slik omsynssone med prioriterte landbruksområder på Bokn, vil det kunna bidra til å hindra ei auka nedbygging og oppstyking av jordbruksareal, eller ei forverring av eksisterande kulturlandskap. Kjerneområda vil bidra til forutsigbarheit og kunna gi mulegheiter for å starta med, eller utvikla nye landbruksbaserte næringar.

Hensikta med å sikra kjerneområder er å:

- Skapa forutsigbarheit
- sikra matproduksjonen
- sikra framtidig forvaltning av kulturlandskap
- sikra næringsutvikling, busetting og arbeidsplasser.

Følgjande kjerneområder for landbruk er lagt inn som omsynssoner i samarbeid med landbrukssjefen.

Store deler av områda i Våga og vidare vestsida av Austre Bokn mot Kro  
På Vestre Bokn er det område Føresvik-Alvestad-Boknaberg,  
Deler av Vatnaland-Sunnaland-Grønnestad,  
Del av Lauplandsområdet, og Loden.

I tillegg er Ognøy foreslått som kjerneområde landbruk.

Bakgrunnen for vurderinga av kjerneområda er landbruksområda sin produksjonsverdi, storleik og grad av samanhengande struktur, driftsmessige forhold og verdi som grøntområde/landskapselement.

#### **Delmål 5**

#### **Funksjonell strandsone skal alltid definerast som grunnlag for festsetting av byggegrenser til sjø og skal innarbeidast i kommuneplanen for alle utbyggingsområder i 100m sonen.**

Kartlegging av funksjonell strandsone er ein metode til å kartlegga strandsoneverdiane og kunna definera ei grense som i prinsippet skal kunna erstatta 100m grensa som forbodsgrense. Jfr Plan og bygningslovens §1-8

Status for Bokn er at 17% av areala i 100m sonen er påverka av ulike byggeføremål. I landssammanheng er gjennomsnittet 24%. I områder med eksisterande og forslag til ny bebygging, skal funksjonell strandsone visast på kartet som omsynssone og 100m

grensen oppgis som generell forbodsgrense. Der eldre reguleringsplanar skal gjelda eller i områder der det er vist føremålsgrense utan byggegrense, skal det markerast byggegrense mot sjø i arealdelen.

#### **Delmål 6**

**Folk i alle aldrar og med ulike funksjonshemmingar skal sikrast lett tilgang til areal for leik og fysisk aktivitet. Større deler av kommunen skal gjerast tilgjengeleg via turstiar.**

Gjennom kommunen si satsing på folkehelsearbeidet er ein alt kome godt i gang med å tilrettelegga turstiar og gjera enkelte fjelltoppar attraktive å ”bestiga”, men det står att betydeleg arbeid for å sikra tilgang til nye områder.

<b>Korleis oppnår me dette?</b>	<b>Dette kan me gjera</b>
Sørgja for gode gang og sykkelveggar nær der folk bur. Sikra lett tilkomst til turområder i nærmiljøet. Sørgja for samanhengande turstiar i friluftsområda langs sjø, i hei og til fjells.	Kartlegga dei viktigaste areala til leik og friluftsføremål Hindr at areala blir nedbygde eller kvalitetsmessig forringa. Gjennomføra ny barnetråkkregistrering Sørgja for at viktige trasear blir lagt inn i arealplanen og at gjennomføring blir fylgd opp gjennom handlingsplanar

Kommunen har i dag oppmerka turstiar til Vardafjell på Austre Bokn og til Boknahove på Vestre Bokn.

Det er turveg til Boknafjellet og frå Føresvik til Bokneberg.

I nærområdet bør det først og fremst byggast ut turstiar frå Boknafjellet som kan knyttast saman med eksisterande stiar og veggar.

Kommunen har mange kulturminner. Det bør satsast på å kartlegga mulegheiter for etablering av såkalte kulturstiar med informasjon om historie.

Med si lange kystlinje bør kommunen også tilrettelegga for ein kyststi.

#### **Delmål 7**

**I all arealplanlegging skal kommunen søkja å unngå konflikt med kulturverninteresser og biologisk mangfald. Freda kulturvernminner og viktige områder for biologisk mangfald skal visast som omsynssoner/Rune-R.**

Kommunen manglar ein plan for kulturmiljø og bygningsvern, men det som er kjent vil bli lagt inn med omsynssone i plankartet/Rune-R.

I tillegg vil alle automatisk freda kulturminner bli lagt inn med omsynssoner/Rune-R. Med større utbyggingspress er det viktig at kommunen får kartlagt viktige kulturmiljø og enkeltobjekter for å unngå at uerstattelege verdiar går tapt.

Kommunen har registrert biologisk mangfald i form av naturtyper. Utvalte A og B områder vil bli vist som omsynssoner.

Biologisk mangfald i sjø og vassdrag er ikkje registrert, og kartlegging av vilt treng oppdatering.

Alle nye reguleringsplanar må derfor følgjast av ei vurdering i forhold til naturmangfaldsloven

I løpet av planperioden bør kommunen først og fremst skaffa seg oversikt over viltinteressene inkludert fuglelivet i sjøområda. (viltkartlegging).



*Bokn har viktige kystlyngheiområder. Døme på hvordan lyngheiene gror igjen  
Foto: Jardar Havikbotn.*

### **5.3 BUSTADAR**

Kommunen legg til grunn ein befolkningsauke på ca. 200 personar i neste 10års periode. Med utgangspunkt i en antatt bu tettheit på 1,5 personar pr. bustad legg ein til grunn at det må byggast 135 bustader/leilegheiter. Planforslaget gir rom for ca. 440 bustader.





*Del av Alvestadkroken med Boknasundbrua og Boknafjell i bakgrunnen  
Foto: Vestfoto*

Det er betydeleg usikkerheit knytta til tidspunkt for realisering av mange av felta. Dette gjeld spesielt for områda med spreidd busetnad der det berre er bygd eit hus de siste fire åra, men det er også usikkerheit knytta til gjennomføringa av private felt.

Teoretisk treng ein berre nytt bustadareal til ca. 70 bustader dersom areala i gjeldande kommuneplan vert bygd ut, men sannsynlegvis vil berre nokre få av desse områda byggemodnast. Sidan det er stor usikkerhet knytta til kva for områder som vil bli byggemodna, og kor bustadsøkjarar gjerne vil bu, vil kommunen at det skal vera stor fleksibilitet i val av byggeområder. Kommunen ønskjer framleis å vera positiv til spreidd bustadbygging.

Innafor bustadområda som er ført vidare frå gjeldande kommuneplan, er det ansett å vera plass til ca. 74 bustadar. Det er overført 7 område for spreidd busetnad med tilsaman ca. 25 bustader, men det er kun byggemodna for oppføring av ca. 7 bustader i "spredde felt". I ordinære felt er det byggemodna/under byggemodning for 54 bustader. Fire nye områder for spreidd busetnad er tatt inn i planen. Potensialet her vil vera ca. 18 bustader. Nye bustadfelt er ellers lokalisert til Føresvik og aust for Boknabergsvatn.

Bustadfelta ved Straumen og nord for Boknasundbrua i gjeldande plan er tatt ut. Feltet ved Straumen er foreslått endra til byggeområde for fritidsbustader, og feltet ved Boknasundbrua er tatt ut av omsyn til støyproblematikk.

Området for spreidd busetnad i gjeldande plan ved nordre Arsvatn blir foreslått tatt ut av planen av omsyn til støy. Området ligg delvis i raud og gul støysone i forhold til E39. Jfr. støyvarslingskart frå Statens vegvesen.

Området for spreidd bustad i gjeldande plan ved Vågavegen, Akسدal, er foreslått endra til bustadfelt med reguleringskrav. Grunngevinga er at området er utvida til å omfatte fleire enn 5 bustader. Del av plan 198402 som ligg aust for Vågavegen foreslås oppheva og endra frå landbruk til bustadføremål.

Området som utgjør B6, B9, B10 og B13 vil bli bygd ut etappevis. Sjølv om området neppe blir utbygd i 10års perioden, meiner kommunen at det er vesentleg å vise utbyggingspotensialet av omsyn til investeringar i infrastruktur. Tilsvarande gjeld for område B17.

Den vert lagt til grunn at områder for spreidd busetnad som ikkje er byggemodna ved neste planrevisjon vert teke ut av planen.

Tabell over alle utbyggingsområder er vist under retningslinjer til planen

#### 5.4 FRITIDSBUSETNAD

Gjennomsnittleg er det blitt bygd 2-3 hytter/år i Bokn.

Det blei avsett eit større hytteområde nord for Observant i gjeldande plan (F2), men eigar har ikkje på begynt planlegginga. Kommunen legg til grunn at området blir tatt ut av planen dersom det ikkje har starta ein prosess ved neste planrevisjon.



*Hytteområde på Laupland*

*Foto: Hans Faye*

I Planprogrammet er det ei målsetting om å avsette 2 områder med mulegheit for bygging av 20-30 hytter. Føremålet er og prøva og styrka reiselivsnæringa gjennom hyttebygging. Ingen av innspela som blei vurdert til og vera plan messig akseptable var store nok til og romma 20-30 hytter. I området rundt Hågensen/Hognalandsvatn var det imidlertid fleire innspel som samla sett kan utgjera eit felles utbyggingsområde for nærare 30 hytter. I tillegg har ein foreslått å ta inn 4 mindre områder som til saman kan gi plass til 40 hytter. Ved å ha fleire alternative områder disponibelt for plan og utbygging er det større mulegheit for å nå målet om 40-60 nye hytter i løpet av planperioden.

## 5.5 NÆRINGSVERKSEMD

Næringsområda ved Føresvik gjeld eksisterande næringsområde til Bokn Plast og Highcomp. Føresvik sør, NV1, er forslag til utviding for Highcomp. Bokn Plast og Highcomp er hjørnesteinsbedrifter i Bokn. Bedrifta ligger delvis inneklemt. Einaste utvidingsmoglegheit er sørover i strandsona. Det har tidlegare vore vurdert å flytte bedrifta til annan lokalitet på Bokn, men det er ikkje funne egna tomt. Bedrifta er avhengig av å ligge til sjø og ha disponibel kai for utskiping av kolli.

NV4, gjeld kommunen sitt industriområde ved Knarholmen. Deler av området er utbygd, men bedrifter er under etablering. Kommunen har behov for nye næringsareal. Kommunen har difor valt å vise området sør for Knarholmen og øst for E39 som framtidig utviklingsareal for næringsstomter. Arealet er på ca. 340 da og er betydelig større enn det som trengs i planperioden. Ein har også målsetjing om at det her kan byggast ny hamn med molo frå Sponavika. Forslaget er oppfølging av kommunen og regionen sin næringsplan.

Det er lagt til grunn at ROGFAST vert realisert og at det nye vegsambandet mot Stavanger og Jæren vil føre til etterspørsel etter næringsareal i Bokn. Sidan det vil krevje store grunnlagsinvesteringar for å byggemodne nytt areal er det viktig å vise utviklingspotensialet som ligger i området. Bokn har hatt ein politikk om at kommunen primært skal vere ein bustadkommune der arbeidstakarar pendlar til andre kommunar. Kommunen vil no ha ein målsetting om at flest muleg skal ha mulegheit for arbeid i eigen kommune.

LNF-spreidd næringsområda i Jøsenvågen og på Are er næringsområde som er knytt til eksisterande baser for lokale fiskarar.

Området på Are er primært satt av til massedeponi for steinmasser frå Rog-fast tunnelen. Området nord for molo til Solholmen er godkjent som utfyllingsområde i kommunedelplanen for ROGFAST. Kommune planen legg til rette for utfylling og næringsformål sør for moloen til Solholmen. Det er vurdert at dette vil gi ein betre etterbruk enn utfylling nord for moloen, ved at det arealet er egna som skjema hamneområde. Totalt vil ein kunna sitja att med eit areal på ca. 47 da som kan nyttast til maritim næringsverksemd og i tillegg hamneområda kring. Kommunen ønskjer likevel primært at steinmassane frå ROGFAST skal brukast til utvikling av næringsarealet som er foreslått sør for Knarholmen, fordi ein anser bruk av steinmassane her, blant anna til bygging av molo, til å vere ei betre samfunnsmessig nytte av steinressursane.

## 5.6 SENTRUMSFØREMÅL

Det er ikkje sett av areal til sentrumsføremål

## 5.7 FORRETNINGAR

Einaste forretningsområde som er sett av er Coop Bokn sin eigendom i Føresvik.

## 5.8 OFFENTLEG ELLER PRIVAT TENESTEYTING

Dette gjeld områder til offentleg administrasjon, skule, barnehage, eldreomsorg, kyrkjer, idrettshall og symjehall. Det er ikkje sett av nye areal utover områda som er overført frå «gamal plan».

Etter avtale med fylkesmannen i Rogaland legg ein til grunn at kommunen skal kunne fremja reguleringsplan direkte for areal til offentlig føremål i Føresvik.

### 5.9 FRITIDS-OG TURISTFØREMÅL

Campingplasser og næring knytt til turisme har dette føremålet. Deler av gardsbruk med anlegg for turistføremål er lagt under spreidd næringsverksemd.

Det er ikkje sett av områder for utleigehytter, men det er opna opp for at det kan fremjast reguleringsplan for turisme på nordre Vågaholmen.

### 5.10 RÅSTOFFUTVINNING

Det er ikkje sett av nye områder for råstoffutvinning. Steinbrotet på Austre Bokn i Kro er einaste område i Bokn kor det er drift. Konsesjonen gjekk ut i løpet av 2011. Området er regulert, men det har vore avvik mellom faktisk drift og driftsvilkåra i planen. Driftsforma er imidlertid godkjend av Bergvesenet.

I planvilkåra er det lagt til grunn at området skal tilbakeførast som beite.

Det er uklart om eigar vil søkja om forlenga konsesjon. Området er derfor foreslått behaldt i planen.



*Steinbrudd i Kro*

*Foto: Hans Faye*

### 5.11 IDRETTSANLEGG

Område	Stad	Nytt	Overføring	Da	Kommentar
ID1	Føresvik		x	6,2	Friområde. Etablert Uregulert

I tillegg til dette arealet er det tre andre idrettsanlegg, men som ikkje er synt i plankart med føremål:

- Føresvik idrettsanlegg med fotballbane og løpebanar. Regulert i plan.
- Bokn skyttarlag sitt anlegg som er einaste skytebanen i kommunen.

Området er regulert og anlegget er under utbygging etter fleire år med midlertidig drift som treningsanlegg for skyteprøve til storviltjakt.

- Trenings og konkurransebane for trialkjøring.
- Rideanlegg/leirskule som er bygd opp på eit småbruk.

### 5.12 ANDRE TYPER NÆRARE ANGITT BEBYGGING OG ANLEGG.

Naustbebygging er vist under dette føremålet.

Naustområde er plassert under hovudarealføremålet *Bebyggelse og anlegg* er synt med feltnamn N (SOSI kode 1500).

I tilknytning til naustområda er det lagt inn formål småbåtanlegg som opnar for mindre bryggearrangement framfor naustområda. Tabell over naustområder er vist under retningslinje i planbestemmelsene.

I tillegg til naust og småbåtanlegg finn ein formål knytt til vindmøllepark, høgdebasseng, molo og radio- og tv stasjon som underførmål til *Andre typer nærare angitt bebygging og anlegg*.



*Ny naustbebyggelse ved Hålandssjøen*

*Foto: Hans Faye*

### 5.13 GRAV OG URNELUND

Det er ikkje forslag om utviding av gravlunden

### 5.14 SAMFERDSEL OG TEKNISK INFRASTRUKTUR

Føremålet omfattar vegar, gang/sykkelveger og farleder

Traseer for farleder til sjøs er overført frå gjeldande plan. Det er ikkje foreslått arealdisponeringar på sjøen som berører farleder. Fortau/gangvegar er teikna inn som nye føremål i planen.

Føresvikvegen mellom E39 og Føresvik kai er under regulering til 2 felts veg med gang/sykkelveg. Planen vil følgja eksisterande fylkesvegtrase, men på nåverande tidspunkt er det uklart om det blir omlegging av traseen i Føresvik sentrum.

Rogfast er under planlegging. Førebels er det bestemt at det skal utarbeidast reguleringsplanar for nye vegkryss på Are og hovedkryssa til Austre Bokn og Vestre Bokn (Knarholmkrysset).

### 5.15 HAMN

Føremålet gjeld hamneområder på land og er brukt på eksisterande hamneområde i Alvestadkroken (H2) og planlagt hamneområde på Austre Bokn (H1). Områda i sjø i tilknytning til hamnene inngår i arealformål for sjø-ferdsel. Avgrensing i sjø må skje i reguleringsplan.



*Arsvågen ferjeleie  
Foto: Vestfoto*

### 5.16 GRØNNSTRUKTUR

Områder som er i offentlig eige eller er regulert til friområde i gjeldande plan er tatt inn i planen. Friområda er synt med forkorting FO i plankartet.

På Nordre Vågaholmen er det lagt inn eit turdrag mellom turismeformål og friluftsområde.

Friluftsområder som inngår i fylkesdelplanen (FINK) og lokalt viktige friluftsområder er vist med omsynssoner. Omsynssone dekkjer område H530\_1-17. Alle omsynssonene omfattar regionale/lokale friluftsområde. I tillegg omfattar omsynssone H530\_1, 6 og 13 areal som er statleg sikra friluftsområde.

### **5.17 LNFR-AREAL FOR NØDVENDIG TILTAK FOR LANDBRUK OG GARDSTILKNYTTE NÆRINGSVERKSEMD BASERT PÅ GARDEN SITT RESSURSGRUNNLAG**

Alle områder på land som ikkje er disponert til andre arealføremål er vist som LNFR-område. Dette er landbruksområder av ulik karakter. Deler av LNFR-områda omfattast i tillegg av omsynssoner.

### **5.18 FERDSEL**

Føremålet er brukt om sjøareal utanfor byggeområder naust, brygger og kaiar. I områder med reguleringskrav blir lagt til grunn at grensene for ferdsel blir fastsett i plan. Utanfor uregulerte områder

### **5.19 FARLEDER**

Viktige farleder er overført frå gjeldande plan. Hovudledene går i Karmsundet, Boknasundet, Ognasundet og Frekasundet. I tillegg kjem farleden til Kårstøterminalen og farleden for ferjesambandet mellom Arsvågen og Mortavika. Sunnlandsstraumen er farled for småbåtar.



*Boknasundet er en viktig farled  
Foto: Hans Faye*

### **5.20 SMÅBÅTHAMN**

Småbåthamner som er regulert eller utbygd er tatt inn i planen i tillegg til nye forslag. I tillegg til nye småbåthamner er det ein del regulerte småbåthamner i kommunen; Føresvik, Hålandssjøen, Lauplandsvågen, Tåganen og Arsvågen nord. Desse fem småbåthamnene har kapasitet til om lag 140 båtplassar.



*Småbåthavna ved Hålandssjøen*

*Foto: Hans Faye*

### **5.21 FISKE**

Føremålet er brukt på kaste og låsettingsplasser, gyteområder og trålfelt. Områda er lokalisert i samråd med Fiskeridirektoratet og lokalt fiskarlag. Lokaliteta er vidareført frå gjeldande plan.

### **5.22 AKVAKULTUR**

Områder for akvakultur er overført frå gjeldande plan med unntak av lokalitetar som er erstatta med utviding på andre anlegg.

Det har vore drøftingar under vegg i planprosessen med Kystverket og fiskeristyresmaktene om muligheter for lokalisering av fleire oppdrettsanlegg, men omsynet til farleder, trålsone og ankringsplasser avgrensar mulegheitene.

Lokalitetane kor det ikkje er drift pr. i dag ligg ver utsett og kan ikkje nyttast med dagens teknologi og utstyr.





*Oppdrettsanlegg ved Laupland  
Foto Hans Faye*

Anlegga i sjø ligg ved Lauplandsholmen og Tollaksholmen. Settefiskanlegga ligg som landanlegg ved Trosnavåg og Hognaland.

Anlegget ved Trosnavåg nyttar Gunnarstadvatn, Ulvånå og Kobbervatn som vasskjelder. Hognalandsvatn er forsyningskjelde for anlegget på Hognaland.

### **5.23 DRIKKEVATN**

Føremålet er brukt for råvasskjeldene til Bokn vassverk og private vassforsyningsanlegg. Bokn vassverk nyttar Torlandsvatn som kjelde. Jøsenvatn er kjelde for bustad og fritidsbebygging på Jøsen og i Straumen. Hagavatn er kjelde for privat anlegg på Grønnestad.

Kommunen arbeider med å utvida råvatnkapasiteten til Torlandsvatn. Berekingar viser at vasskjelda har maksimal kapasitet for ein 30års periode dersom folketilveksten blir 400-500 personar.

Dersom folketalsutviklinga i Bokn skulle fordobla seg i løpet av 40år (som det har gjort på Rennesøy) vil vasskjelda ikkje lenger ha kapasitet.

Det må då tilførast vatn frå anna råvasskjelde.

For å ta høgd for ei slik utvikling er det derfor foreslått at Hagavatn vert sikra som reservevasskjelde.

### **5.24 INNSPEL, PROSESS OG AREALPLANKART**

#### **5.24.1 Handsaming av innspel**

Til planprosessen har det kome inn 48 innspel som vedkjem endra arealbruk.

Dei innspela som no er tekne med i framlegg til kommuneplan for Bokn, har vore gjennom fleire “vurderingsrundar” både administrativt og i møte med politisk utval. Alle innspel er konsekvensvurdert for å synleggjera prosess og bakgrunn for tilråding.

I første runde har ein gått gjennom innspela og vurdert dei opp mot det vedtekne *planprogrammet* for planprosessen. Alle innspel er digitalisert og lagt inn i kartbase, slik at alle innspel er kartfesta. Alle areal er kryss-skjekka opp mot kjente databasar som naturtypar, kulturminne, vakre landskap i Rogaland med meir. Gjennom prosessvedtak vart dei innspela med størst konfliktpotensiale avslått eller tilrådd ei justering.

Alle innspel er vorte grundig utgreidd i høve til konsekvens og lokalisering. Det vert her vist til eigen rapport i vedlegg. Det er også utført ROS-analyse på alle innspel. Prosessvedtak har avgjort kva som er vektlagt i tilråding og om innspela er tekne inn i revidert planframlegg til kommuneplan.



*Hognalandsbassenget med Karmsundet i bakgrunn.*

*Foto: Vestfoto*

#### **5.24.2 PlanGIS**

Akvator AS har utvikla PlanGIS som ei nettbasert kartløyising for presentasjon av analysar, rapportar og planarbeid. Bokn kommune har bestilt denne tenesta til offentleg ettersyn av kommuneplanen. PlanGIS er eit verktøy der all relevant informasjon knytt til kommuneplanprosessen er systematisert og gjort tilgjengeleg for ålmenta og høyringsinstansar. PlanGIS koplkar arealendringar i plankartet/innspel med tilhøyrande konsekvensutgreiing, med all kartfesta temainformasjon, som t.d. biologisk mangfald og kulturminne. Brukarar av PlanGIS kan dermed interaktivt hente ut relevant informasjon og samanstillje ulike temakart. Erfaringar frå høyringsrundar i samband med kommuneplanarbeid i Tysnes og Fitjar syner at PlanGIS har ein låg brukarterskel der publikum og regionale planmynde raskt og enkelt kan finne informasjon om ønska geografisk område og tema. PlanGIS for Bokn

er tilgjengeleg på stasjonære og mobile plattformer som datamaskin, smarttelefonar og lese Brett.

### 5.24.3 Konsekvensutgreiing

I medhald av ny forskrift for konsekvensutgreiingar, vert det stilt krav om at verknadane av planforslaget skal skildrast og vurderast.

Det er gjennomført konsekvensutgreiingar for dei delane av planframlegget som fastset rammer for framtidig utvikling, og som inneber endringar i arealdelen i høve til gjeldande kommuneplan. Nasjonale, regionale og lokale målsetnadar og retningslinjer handsama der dette er høveleg i konsekvensutgreiinga. I samband med detaljplanlegging vil slike tilhøve verta gjenstand for ny og grundigare vurdering.

Dei ulike tema skal så langt råd er utgreiast med grunnlag i tilgjengeleg informasjon frå offentlege databasar og rapportar, lag og organisasjonar, samt egne synfaringar. Kommunen har hatt opne møte i samband med oppstart av planen, samt dialog med grunneigarar/tiltakshavarar i løpet av prosessen. Ulike problemstillingar og planmetodikk er diskutert i samråd med statleg mynde.

Basert på vedteke planprogram er konsekvensar for ulike deltema analysert og vurdert. Det er trekt fram positive og negative element for dei ulike deltema. Ut frå ei samla vurdering av mellom anna funksjon, kvalitet, kvantitet, viktighet og omfang er konsekvensen av tiltaket analysert.

Følgjande deltema er vurdert:

- **Biologisk mangfald**
- **Landskap**
- **Kulturminne**
- **Friluftsliv**
- **Landbruk**
- **Strandsone**
- **Fiske**
- **Infrastruktur**
- **Plan samfunn**
- **Barn og unge**
- **Samlokalisering**



*Kvernhuset på 1000års plassen*

*Foto: Vestfoto*

For kvart tema er det vurdert moglege avbøtande tiltak eller retningslinjer/føringar for å redusere dei negative konsekvensane. I den vidare planlegginga av området er det mogleg å kompensera for ein rekkje av dei negative konsekvensane gjennom ulike tiltak.

Innspelsområdet/arealet utgjer område som vert direkte påverka ved gjennomføring av det planlagde tiltaket, medan influensområdet også gjeld tilstøytande område der innspelet kan tenkast å ha effekt. Innspelsområdet omfattar sjølve arealet for innspelet, medan influensområdet omfattar ei sone ut frå sjølve innspelsområdet.

Det er nytta ein 5-delt skala for å angi konsekvens;  
Stor negativ – negativ – ingen – positiv – stor positiv (-2 til +2).

#### 5.24.4 ROS-analyse



### *Utbrent trailer på ferjeleiet i Arsvågen*

*Foto: Hans Faye*

I samband med rullering av kommuneplanar er det i plan- og bygningslova eit krav om å gjennomføra ein risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse), for ny arealbruk. Det er ei kommunal oppgåve å syta for at risiko- og sårbarheitsanalysar vert gjennomført. ROS-analysen er utført i samsvar med ”Veileder for kommunal risiko- og sårbarheitsanalyser“ utgitt av Direktoratet for sivilt beredskap (2010).

Planlegginga skal, i følgje Pbl § 3-1; ”*Fremme samfunnssikkerhet ved å førebygge risiko for tap av liv, skade på helse, miljø og viktig infrastruktur, materielle verdier mv.*”

Ved tilrettelegging av nye arealføremål i kommuneplanen sin arealdel, skal desse vurderast med omsyn til det konkrete tiltaket og tiltaket sin lokalisering. Summen av nye tiltak kan til saman utgjere større risiko for kommunen sitt overordna risikobilde, slik at vurderingar også må gjerast for totaliteten av planframlegget. ROS-analysen vert difor gjennomført på to ulike nivå. For begge nivåa er det nytta sjekklister for å fange opp flest moglege hendingar og situasjonar.

1. Alle moment vert vurdert og kommentert knytt til totaliteten av planen. Som utgangspunkt og grunnlag for den generelle ROS-analysen er *Risiko og sårbarheitsanalyse for Bokn kommune (2011)* nytta.
2. ROS-analysen for nye areal er inkludert i konsekvensvurderinga for dei enkelte areala. Det er gjennomført eit grundig forarbeid med utgangspunkt i ei sjekklister. I sjølve ROS-analysen vert berre hendingar/situasjonar med reell fare nemnt, medan hendingar/situasjonar som ikkje har relevans ikkje vert kommentert. Forarbeidet ligg som grunnlag for denne vurderinga.

<b>Uttrykk:</b>	<b>Forklaring</b>
<b>ROS-analyse:</b>	Ein systematisk framgangsmåte for å skildre og/eller kvantifisere uønska hendingar. ROS-analysen vert utført ved kartlegging av uønska hendingar og årsaker til desse hendingane. I analysen vert sårbarhet kopla mot risiko.
<b>Risikovurdering:</b>	Ei vurdering av sannsyn for og konsekvens av ei uønska hending. Risiko = Sannsyn x konsekvens

<b>Sannsyn:</b>	Vurdering av frekvens/sjansane for og kor ofte ei hending vil førekomma.
<b>Konsekvens:</b>	Mogleg verknad/resultat av ei hending.

Ut frå ei vurdering i høve til sannsyn og konsekvens vil analysen syne om det ligg føre akseptable eller uakseptable konsekvensar av det nye føremålet med omsyn til liv og helse, miljø og økonomiske tilhøve, samt samfunnsviktige funksjonar. Det vil vere viktig å finne moglege tiltak for å redusere risiko og sårbarhet for område med uakseptabel risiko. Slike tiltak kan vere både førebyggjande og skadereduserande.

Akseptkriterium for risiko gir uttrykk for det risikonivået (farenivået), som ein vedtek er akseptabelt i ein gitt periode. Akseptkriteria utgjør ein referanse ved vurdering av val av løysningar og trong for risikoreduserande tiltak (jf. risikomatrise nedafor). Metode og akseptkriterium er utarbeidd i samband med planrevisjonen, og men må vedtakast i eiga sak av Bokn kommunestyre. Risiko som ei hending representerer er definert gjennom sannsyn og konsekvens. I matrisa nedanfor vil dei ulike hendingane plasserast.

	Ufarleg	En viss fare	Farleg	Kritisk	Katastrofalt
Svært sannsynlig					
Sannsynlig					
Noko sannsynlig					
Lite sannsynlig					

	Uakseptabel risiko. Tiltak må settast i verk for å redusere risikoen.
	Risiko bør vurderast med omsyn til tiltak som reduserer risiko.
	Akseptabel risiko.

Sannsyn	Frekvens
Lite sannsynleg	Sjeldnare enn ei hending per 50 år
Noko sannsynleg	I gjennomsnitt ei hending per 10-50 år
Sannsynleg	I gjennomsnitt ei hending per 1-10 år
Svært sannsynleg	Meir enn ei hending per år

Konsekvens	Liv og helse	Materielle verdiar/ økonomi	Ytre miljø
A. Ufarleg/ubetydeleg	Ingen eller små personskadar.	Ingen eller ubetydeleg økonomisk kostnad, inntil ..... kr.	Ingen eller ubetydeleg miljøskadar
B. Ein viss fare	Få og små personskadar som treng medisinsk handsaming	Kortvarig skade eller tap av samfunnsverdiar, opptil ..... kr.	Lokale miljøskadar, kort restitusjonstid
C. Alvorleg/farleg	Inntil 10 alvorlege person- skadar eller mange små personskadar. Sjukefråvær	Skade eller tap av verdiar av noe varigheit, opptil ..... kr	Regionale miljøskadar, < 1 års restitusjon

D. Kritisk	Inntil 25 alvorleg skadde personar eller eitt dødsfall	Skade eller tap av verdi av lengre varigheit, opptil ..... kr	Alvorlege regionale miljøskadar, >1 års restitusjon
E. Katastrofal	Ein eller fleire døde	Varig skade eller tap av samfunnsverdi, meir enn .....kr	Svært alvorlege regionale miljøskadar, irreversibel skade

### 5.24.5 Plankart

I samband med rullering av kommuneplanen sin arealdel etter ny plan- og bygningslov (PBL) må det gjennomførast eit omfattande og krevjande arbeid med produksjon av plankart. Det er krav om at plankartet skal føreliggje i SOSI-format etter gjeldande standard til 1. gongs handsaming. Produksjon av plankart etter denne standarden er ekstra ressurskrevjande denne første rulleringa etter ny Plan- og bygningslov grunna fleire tilhøve som t.d. omriss av gjeldande reguleringsplanar skal vise i kommuneplankartet som omsynssone og gjeldande kommuneplankart er ikkje digitalisert i samsvar med gjeldande SOSI-standard.

Kartgrunnlag som er nytta ved revisjon av plankartet er FKB- og N20 kartdata, samt matrikkelkart.

Som grunnlag for formålsavgrensing mellom landareal med føremål byggeområde og havflate er det nytta FKB-vann (kystkontur) som kartgrunnlag. Som formålsavgrensing mellom landareal med føremål LNF og havflate er det nytta N20-vann. Dette gjeld og mellom LNF og ferskvatn.

For samferdselslinjer i plankartet er det gjort ei tilpassing til N20-Samferdselsdata (vegsenterlinje).

Uttreksdato for kartgrunnlag:

Matrikkelkart 30.04.2012

FKB 28.10.2012

N20 28.10.2012

#### Intensjonar/val som ligg til grunn for plankartet:

Det er føresett at både plankart og føresegner er jamstilte, juridisk bindande dokument.

- I løpet av prosessen med utarbeiding av kommuneplankartet har ein gjort ei opprydding i høve til ny plan- og bygningslov (arealføremål), eigedomstilhøve og eksisterande arealbruk. I høve til mindre justeringar i plankartet, som til dømes på eksisterande tiltak som er godkjent med vedtak, er det ikkje gjennomført eiga konsekvensutgreiing.
- Det er valt å nytte fylgjande prinsipp i høve arealstatus som noverande og eksisterande areal: Alle areal i eksisterande kommuneplan og areal som er regulert er synt med status noverande, og alle nye arealflater med status framtidig. Alle *nye areal* inkluderer såleis nye flater utan byggetiltak men også nye flater med eksisterande tiltak. Dette inneber at fleire areal enn dei som er konsekvensutgreidd er synt med framtidig arealstatus.

- Regulerte område er synt med omsynssone der gjeldande reguleringsplan framleis skal gjelde (H910). Under desse omsynssonene har ein to val på korleis plankartet skal framstillast. Ein kan leggje inn berre omriss av reguleringsplan med kvit (ikkje føremål) farge under, eller ein kan leggje føremål inn under omsynssona som samsvarer med hovudføremålet i det gjeldande reguleringsplankartet. Førstnemnde er nytta i føreliggjande kommuneplanarbeid for Bokn.
- Mindre ferskvatn er ikkje synt i plankartet med føremål friluftsområde i sjø og vassdrag, pga. omfang og lesbarheit av plankartet. Vasskjelder for oppdrettsanlegg er synt som Drikkevatn (SOSI-kode 6500) med påskrift VAK.
- Friluftsområde/Friområde  
Bokn kommune har valt å vidareføre soner knytt til *LNF-område der friluftsliv dominerer* i gjeldande plan som omsynssone for friluftsliv (H530). Det er i tillegg lagt omsynssone på areal som er registrert som statleg sikra friluftsområde.
- Naturmangfald  
Bokn kommune har kartlagt naturtypar for heile kommunen. Av omsyn til at plankartet skal vere lesbart, og at ein ynskjer å unngå “dobbelteking” er berre eit utval av alle registrerte område med naturmangfald synt i plankartet gjennom omsynssone, bevaring naturmiljø (H560). Kommunen har vidareført sone for *LNF-område der naturvern dominerer* som ligg i gjeldande plan. Avgrensingane er justert i høve til naturtypar i naturbase.no der det har vore avvik. Samstundes er alle naturtypane registrert som kystlynghei teke inn i plankartet som omsynssone.



*Humle på blomst*  
*Foto: Vestfoto*

- Småbåtanlegg i sjø



Sjøarealet utanfor alle naustområder er lagt ut som småbåtanlegg i sjø (SOSIkode 1500 – “andre typer bebyggelse og anlegg”). Småbåtanlegga er generelt lag om lag 8 meter ut frå naustformålet.

- Arealformål i sjø:  
Gyteområde og fiskeplassar- aktive frå Fiskeridirektoratet sine kart basar er vist i plankartet med føremål fiske (SOSIkode 6300) og påskrift i plankartet. Føremåla er revidert i samsvar med Fiskeridirektoratet sine data.
- Kaste- og låsettingsområde er vidareført frå eksisterande plankart og vist i plankart med føremål fiske og påskrift KL.
- Laksesete som i gjeldande plan er synt med fiske-symbol er vidare ført med påskrift i plankartet LS.
- Kulturminne  
Av totalt 225 lokalitetar på Askeladden manglar 20 koordinatfesting. Av dei 205 koordinatfesta kulturminna er 156 automatisk freda kulturminne (vernestatus AUT), 1 lokalitet listeført (Bokn kyrkjestad), og 48 lokalitetar har uavklart vernestatus.  
Alle dei koordinatfesta kulturminna er synt med rune-R i basiskartet som høyrer til plankartet, Bokn kyrkjestad er gitt omsynssone etter paragraf c (H570). Kulturminna i plankartet er henta frå nettsida Askeladden dato 27.06.2012.
- Gasstrase  
Senterlinje for gasstrase er justert i høve til gjeldande kommuneplan. Data er motteke frå Statoil i 2011. Det vert arbeidd med nye innmålingar av trassen, og i den samanheng er det motteke ny innmålingsdata for tre mindre delstrekke frå Geomatikk AS i juni 2012. Senterlinje for gasstrase er tilpassa dei nye innmålingane for dei tre delstrekka.

## 6 FØRESEGNER OG RETNINGLINJER

Se eget dokument



*Fra Vågavågen  
Foto: Vestfoto*

### **Grunnlagsdokumenter**

- Formannskapetets behandling av arealinnspill- 15.05.2012
- Formannskapetets behandling av kommuneplan- 05.06.2012
- Formannskapetets vedtak om utlegging av plan til offentlig ettersyn- 18.09.2012
- Konsekvensuttreiingar og ROS-analyser av planinnspel
- ROS analyse for Bokn kommune
- Næringsplan
- Klima og energiplan
- Folkehelseplan
- Omsynssonekart
- Strandsonerapport